



Årsmelding Noregs Mållag 2018–2020





Form: Kjartan Helleve
Foto framside: Magne Aasbrenn

Årsmelding for Noregs Mållag 2018–2020 med arbeidsprogram for 2018–2022

Innhald

- 4** Leiar
- 6** Føreord
- 8** Organiseringa av Noreg
- 16** Sivilsamfunnet
- 20** Opplæring
- 32** Kultur
- 38** Organisasjonen
- 50** Økonomi
- 56** Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde
- 58** Norsk Målungdom
- 60** Nærskylde
- 66** Vedlegg og statistikk:
 - 66 Nynorsk skulemål*
 - 68 Skulemålsrøystingar 2008–2019*
 - 69 Lag og medlemstal*
 - 75 Reiseverksemda*
 - 80 Reiseverksemda Nynorskstafetten*
 - 84 Pressemeldingar og debattinnlegg*
 - 87 Revisjonsmeldingar*



Leiar

For 101. gong skal Noregs Mållag ha landsmøte i 2020, og det skjer i tider da landet møter ei stor helse-utfordring. Medan vi legg siste hand på denne årsmeldinga, veit vi ikkje kva innverknad korona-pandemien vil ha på landsmøtet vi har planlagt. I alle fall skal Rogaland heidrast av målrørsla i år. Dette er året Rogaland Mållag er hundre år, og politiske vindar tyder på at nynorsken er i ferd med å få sin rette posisjon i fylket i sørvest. Det er vedtatt gode politiske planar som seier i klartekst at det i framtida ikkje skal vere vanskelegare å vere nynorskbrukarar enn bokmålsbrukar i Rogaland fylkeskommune. Det inneber blant anna at medarbeidarar skal bli oppmoda til å bruke meir nynorsk, og at skulane skal leite etter motiverande tiltak for å stimulere til at fleire elevar vel nynorsk som hovudmål.

I 2018 tok forfattaren Tore Renberg eit grundig oppgjør med dei nynorsk-negative haldningane i heimbyen Stavanger:

– Me er ikkje fødde med nynorskirritasjon. Dette handlar, slik eg ser det, om kultur; det handlar om nedarva forakt, det handlar om fordommar, sa han i opningsføredraget før Kapittelfestivalen.

Ser vi landet over eitt i ei oppsummering av dei to åra som har gått sidan førre landsmøte i Noregs Mållag, så er det klare teikn til at forakta mot nynorsk er på vikande front over heile Noreg. Etter at det redaksjonelle nynorskforbødet i dei store riksavisene Aftenposten og VG blei oppheva, piplar det stadig oftare fram nynorskstoff frå Oslo-redaksjonane, sjølv om tilsiget framleis har meir karakter av vårbekk enn flaumstor elv. Elvebruset er tydelegare i NRK, der leiinga etter 50 år har greidd å nå Stortings-kravet om 25 % nynorsk.

At haldningane til nynorsken er meir positive, ser ein også i resultata av den store prosessen med fylkes- og kommune-samanslåingar. Vestland og Møre og

Romsdal står fast som nynorskfylke, og Noreg har ikkje lenger eit einaste fylke med bokmålsvedtak. I Møre og Romsdal forsvann også den siste bokmålskommunen, Eide. Samanslåtte nye Ålesund, med 65 000 innbyggjarar, har etter politisk vedtak i desember 2019 blitt landets største nynorskkommune. I Hordaland har den tidlegare språknøytrale kommunen Odda gått saman med to mindre nynorskkommunar og blitt til nynorskkommunen nye Ullensvang med 11 000 innbyggjarar. Går vi til rein teljing av hovud per 1. januar 2020, så gjekk 9 318 nordmenn frå å bu i ein nynorskkommune til å bu i ein nøytral kommune, medan 64 272 gjekk frå å bu i ein nøytral kommune til å bu i ein nynorskkommune.

Og med det same vi hygger oss med positive tal, så må vi jo kjenne indre og ytre jubel over at i 2019 sette Noregs Mållag rekord med det høgaste medlemstalet på 30 år med 13 581 medlemmer!

Så er det slik at sjølv om eit landsmøte innbyd til oppsummering av tal og statistikk, så er det ikkje alt som blir fanga opp slik. Om Ålesund er blitt nynorskby, er det dessverre langt ifrå sikkert at det gjer at fleire i den gamle bykjernen byrjar å skrive nynorsk. Kanskje er det heller slik at strukturendringa vatnar ut nynorsken i nabokommunane som før var heil-nynorske? På same måte på fylkesplan: kanskje det at Sogn og Fjordane ikkje lenger eksisterer som eige «nynorsk-reservat», heller svekker nynorsken totalt i Vestland fylke enn å styrke han?

Uansett så er situasjonen på vippen på desse stadene – og i landet som heilskap. Vektskålene ligg opne for påtrykk både frå støttespelarar og motstandarar av nynorsken. Dermed lever vi i ei politisk utfordrande tid – ei tid da innsats frå medlemmene i Noregs Mållag kan gjere store utslag.

Politisk utfordrande er denne landsmøtevåren ikkje minst fordi nye, store grunnsteinar i den nasjonale språkpolitikken er i ferd med å bli lagde på plass i desse dagane. Ei ny språklov skal etter planen vedtakast før sommaren, og ein ny læreplan skal innførast i praksis i skuleverket frå hausten av.

Kanskje ei viktigare språklov enn sjølve språklova er opplæringslova som skal til handsaming det nærmaste året; der må rørsla brette opp erma for å gi levelege kår for nynorskelevane i grunnskulen, med språkdelt ungdomsskule og lik rett til digitale læremiddel på bokmål og nynorsk.

Vi ønskjer kvarandre eit godt og byggande 2020 – i det vi veit blir eit utfordrande år både språkpolitisk og når det gjeld utviklinga elles i Noreg.

Magne Aasbrenn

Magne Aasbrenn
Leiar i Noregs Mållag



Styret etter landsmøtet i Vinje i 2018: Frå venstre: Magne Aasbrenn (leiar), Marianne Granheim Trøyflat (1. varamedlem), Mariann Schjeide, Fredrik Hope (NMU), Peder Lofnes Hauge, Inger Johanne Sæterbakk og Jens Kihl (nestleiar). Helene Urdland Karlsen var ikkje til stades då biletet blei tatt. (Foto: Hege Lothe)

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for perioden 2018–2020 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 2. mars 2018 til 12. mars 2020. Dei siste vekene fram til landsmøtet vil bli oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidsbolc.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skriavarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulykker eller skadetilfelle i perioden. Sjukefråværet har vore 114 dagsverk i 2018 og 96 dagsverk i 2019, noko som utgjer 7 og 6 prosent. Ein god del av fråværet skriv seg frå langtidssjukmelding, og utan langtidssjukefråværet er sjukefråværet på 2,5 og 3,4 %. Arbeidsmiljøet blir rekna som godt, og Noregs Mållag følgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2018 gjekk 378 000 kroner i overskot og i 2019 blei det 70 000 i underskot. Den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for dei første to åra av den fireårige arbeidsprogramperioden 2018–2020. Teksten følgjer strukturen i arbeidsprogrammet så godt det lèt seg gjere. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid

som er gjort eller som det er tatt initiativ til frå styret og skriavarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer og også tilskippingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tar likevel ikkje mål av seg til å yte rettferd til det store arbeidet som blir lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danne grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar. Språkrådet har tidlegare publisert språkstatus på ulike felt, og Nynorsk kultursentrum gav sist gong ut det omfattande faktoversynet Språkfakta hausten 2015. Årsmeldinga til Noregs Mållag dekkjer i hovudsak målreisinga og det arbeidet som blir lagt ned for å styrkje nynorsken sin plass. Saman gir desse ulike rapportane eit utfyllande oversyn over stoda for nynorsk.

OSLO, 13. MARS 2020

Magne Aasbrenn (leiar) | Peder Lofnes Hauge (nestleiar) | Inger Johanne Sæterbakk
Mariann Schjeide | Marianne Granheim Trøyflat | Anders Riise
Gunnhild Skjold (NMU) | Birgitta Lim Ersland (1. varamedlem)

Arbeidsprogram 2018–2022:

Nynorsk for alle

I 2018–2022 har Noregs Mållag desse fem hovudprioriteringane:

1. Den digitale skulekvardagen skal vera nynorsk.

Noregs Mållag skal gjennom kampanjearbeid og politisk påverknad syta for at nynorskelevane møter språket sitt gjennom heile skulekvardagen, anten opplæringa skjer på skjerm, tavle eller i bok.

2. Nynorsken skal tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.

Det norske samfunnet går for tida gjennom store strukturreformer. Det er viktig at ingen slike reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane. Tvert om bør slike reformer vera eit høve til å innføra tydelegare regelverk og betre rettar.

3. Barn og unge i nynorskområde skal møta nynorsk frå barnehagen og i heile utdanningsløpet.

For mange barnehageungar og elevar møter vaksne som kan nynorsk for dårleg. Nynorskopplæringa i lærarutdanningane for barnehage, grunnskule og vidaregåande skule må difor styrkjast. Her trengst det fleire endringar i det sentrale regelverket, men òg kurs, inspirasjonsdagar og andre lokale tiltak.

4. Noreg skal få ei satsing på språkleg jamstilt teknologi.

Det nynorske språksamfunnet er i ferd med å verta gjennomdigitalisert. I utvikling og bruk av digitalisering må det sikrast på alle aktuelle område at nynorsken får sin rettkomne plass.

5. Noregs Mållag skal verta ein sterkare politisk organisasjon.

Noregs Mållag skal byggja ein sterkare organisasjon som stør nynorsken der han finst, og samstundes ryddar nye vegar for nynorsken. I denne perioden skal Noregs Mållag skipa opp att sovande lokallag, skipa fleire lokallag og driva med leiarskulering, særleg med sikte på meir politisk arbeid i lokallaga.

Organiseringa av Noreg

Staten Noreg har i dag ikkje eit eige formulert ynske om å ta særskilt vare på nynorsk, berre å jamstilla det med bokmål. Staten har ei anna haldning til nynorsk enn til samisk. Det er ålment godteke både i det norske og det samiske samfunnet at samisk språk har ein eigenverdi. Det finst difor lover og forskrifter som skal sikra framtida for samisk, og det vert løyvt pengar og oppretta institusjonar med tanke på utviklinga av samisk språk. Å ta vare på, sikra og utvikla nynorsken er derimot i stor grad ei oppgåve for språkpolitiske aktørar. Staten ser på seg sjølv som «nøytral» i språkspørsmålet. Offisiell norsk språkpolitikk fremjar difor sjeldan nynorsk ut over målsetnaden om jamstilling. Målrørsla må krevja positiv diskriminering i favør av nynorsk.

Nynorsk er røysta inn i skulekrinsane som utgjer det me kan kalla «nynorskområdet». Han har altså folkeleg oppslutnad og legitimitet her. Likevel er dette nynorskområdet tufta på juridisk og politisk skøyre ordningar. Med såkalla simpelt fleirtal kan kommunar eller fylke frå éin dag til ein annan gå frå å verta administrerte på nynorsk til å verta nøytrale, altså ikkje ha noko krav om målbruk.

Det er for tida store endringar i struktureringa av Noreg. Her ser me ei sentralisering inn mot storbyane og ei indre regionalisering, både gjennom regionreforma og kommunereforma. Dette får konsekvensar for nynorsken og nynorskbrukaren, men slike store endringar må ikkje skje på tvers av det folkelege kravet om nynorsk.

Staten

Staten har ansvar for å ta vare på og halda oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova.

Mållova sikrar eit visst omfang av nynorskbruk frå staten og at det er folket, i staden for byråkratane, som avgjer kva språk staten skal ytra seg på. Slik sikrar mål-

lova at den store skriftspråkprodusenten staten, og alle hans greiner, også produserer nynorsk.

Mållova er laga i ei tid då Noreg såg annleis ut enn i dag, før digitaliseringa av offentleg informasjon. Med internett og stor tilgang på offentleg informasjon trengst ei modernisering av mållova som sikrar at denne informasjonen finst på både nynorsk og bokmål.

Privatisering og utsetjing av offentlege tenester i eigne selskap gjer at færre av dei store institusjonane må bruka nynorsk. Noregs Mållag har inga meining om sjølve eigarskapsmodellen, men ein etat kan ikkje slutta å skriva nynorsk berre fordi han vert gjort om til eit aksjeselskap. Det same gjeld offentlege verksemdar som vert delprivatiserte. Det er meldt at kulturministeren vil ha ei språklov i Noreg. Noregs Mållag skal arbeida for at denne fremjar nynorsk og at dagens mållov vert styrkt, heller enn svekt.

- *Alle statlege verksemdar og aksjeselskap skal følgja mållova. Selskap der staten eig meir enn 50,5 av lutane skal vera underlagde mållova og ei framtidig språklov. Mållova skal ikkje kunna utholast gjennom at staten endrar eigarskapsmodellen.*
- *Kravet til veksling mellom bokmål og nynorsk i uttetterta informasjon må spegla den nye digitale røynda.*
- *Mållova må vera plattformnøytral.*
- *Å bryta mållova skal føra til sanksjonar. Dette kan vera dagbøter til etaten som står bak lovbrøtet.*
- *Noregs Mållag krev at alle statsorgan skal ha eigne tilsette som har til ansvar å syta for at reglane om målbruk i offentlege teneste, vert følgde.*

Ei språklov som skal erstatte den gjeldande mållova har vore varsla i årevis. Noregs Mållag har såleis konsentrert arbeidet sitt i denne toårsperioden om å arbeide for at den nye språklova skal bli så bra som råd. I tida fram mot at lovutkastet blei lagt fram, sende vi innspel der vi la vekt på at føremålsparagrafen presiserer

at lova særleg skal styrkje nynorsk, at lova bør vere sektorovergripande og seie noko om språkrettane til elevar, studentar og andre, at det bør fastsetjast ei utgreiingsplikt før alle vedtak som får konsekvensar for nynorsk(bruk), at verkeområdet bør utvidast, at kravet om minst 25 % nynorsk i sentrale statsetatar bør endrast til eit krav om nokolunde jamn veksling mellom nynorsk og bokmål, at språklova må vere plattformnøytral, at statsorgan skal ha skriftfeste rutinar for språkvekslinga, at det framleis skal rapporterast om stoda til Stortinget kvart fjerde år, at det må vere tydeleg kven som har tilsyn med lova, at det må innførast sanksjonar og at det på ulike måtar må stillast større krav til at kommunane tar språkleg ansvar.

Då lovteksten låg føre, leverte Noregs Mållag høyringssvar til det utsende framlegget og arbeidde samstundes for at fleire lokallag, kommunar og fylke skulle levere gode høyringssvar. I innspelet vårt og i alle seinare møte med politikarar og andre, har vi lagt særleg vekt på tre emne.

1 Det er framlegg om at fylkeskommunane skal ha dei same reglane for språkbruk som regionale statorgan. Noregs Mållag tykkjer det er ein svært god idé, men ser at framlegget har nokre veikskapar. Vi var særleg opp-tatte av at krava til å ta omsyn til eit nynorsk mindretal i ein ikkje-nynorsk fylkeskommune må strammast opp.

2 Departementet føreslår at den no gjeldande tenesteplikta for alle statstilsette til å meistre både nynorsk og bokmål blir erstatta av ei plikt for statsorganet til å ha tilstrekkeleg språkkompetanse til å kunne etterleve språkreglane. På sikt vil ei slik endring kunne skape utfordringar for sidemålet i skulen, fordi motstandarane vil hevde at ein då har mindre bruk for nynorsk enn før.

3 Lovframlegget er lagt fram utan sanksjonar, og det er ein stor veikskap når det kjem til handhevinga. Mållaget har i ei årrekkje sagt at sanksjonar må til, og kom no med konkrete framlegg til korleis dette kunne innførast på ein smidig og «snill» måte. Om det endar med at lova går gjennom utan sanksjonar, har vi spelt inn at språkmeldinga som ei erstatning då i det minste må problematisere etterlevinga av lova og varsle om at sanksjonar vil bli vurderte seinare, dersom lova ikkje blir følgd.

Etter at høyringsfristen gjekk ut, har lova vore tema for fleire møte med sentrale politikarar og i møte med Løvebakken mållag.

- Noreg treng ei ny språklov som er laga for å få til reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål. For å få til det må språklova fremja nynorsk.

I 2019 har vi også spelt inn synspunkt til språkmeldinga som skal følgje lovproposisjonen og leggjast fram våren 2020. Der la vi i tillegg til sakene om offentleg målbruk i det grunnleggjande mest vekt på at staten må ha ein politikk for språksikring, mellom anna slik at staten skal arbeide for å auke talet på nynorskbrukarar. Det vil vere avgjerande for vurderinga av alle konkrete språkspørsmål om det blir slik at staten si oppgave berre blir å kompensere for mindretalsulempene, eller om staten i framtida skal ha til mål å styrkje nynorsk som det minst brukte språket.

I tillegg la vi vekt på situasjonen i skulen og dei sentrale grepa som må komme på plass der når det gjeld språkdelt ungdomsskule og digitale læremiddel. Vi peika dessutan på at parallellklasseordninga i dag i hovudsak undergrev nynorsk på ein del skular i randsonene, og bad om at det skal vere ein prinsipiell rett å gå i nynorskklasse i nynorskkommunane, og at det alltid bør vere tilbod om nynorsk parallellklasse i dei store byane.

Vi har også tatt opp problema på lærarutdanningane og i akademia og utfordringane innanfor språkteknologi. I stortingshøyring har vi meldt ifrå at nynorsk hadde vore eit tilbod på langt fleire område dersom staten hadde brukt innkjøpsmakta si og hatt språkversjonering som krav i anbudsutlysingane.

- Stortinget må grunnlovsfesta ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål.

Vi har byrja på dette arbeidet både gjennom nokre uformelle sonderingsmøte og gjennom å føreslå det i innspelet vårt til språkmeldinga som er på veg. Arbeidet held fram i neste periode.

Fylka og regionane

Språket i fylkeskommunane og i fylkeskommunale føretak er ikkje regulert av mållova. Språkbruken følgjer av politiske vedtak. Dei regionale statsføretaka som helseføretak, tingrettar og liknande ligg under mållova.

Noreg er i ferd med å få ein ny fylkesstruktur. Noregs Mållag sentralt skal saman med dei aktuelle fylkesmållaga arbeida mot at nynorskbrukarane møter mindre av språket sitt etter samanslåingane – dei bør heller møta meir. Det er særleg viktig å syta for at den vidaregåande opplæringa i desse fylka gjev eit minst like godt tilbod til nynorskelevane i framtida som i dag. I framtida er det meininga at fleire statlege regioninndelingar skal følgja grensene til dei nye regionane. Krav til målbruk kan då endra seg fordi det språklege fleirtalet i regionen kan vera annleis enn i dei noverande fylka.

- *Nynorskbrukarane må tena på omorganiseringa av kommunar, fylke og stat.*

Frå 2019 til 2020 gjekk 9 318 nordmenn frå å bu i ein nynorskkommune til å bu i ein nøytral kommune, medan 64 272 gjekk frå å bu i ein nøytral kommune til å bu i ein nynorskkommune.

- *Dei fylka som i dag har store nynorske mindretal, må forplikta seg i språkbruksplanar på korleis dei stør opp om nynorskbrukarane i regionen eller fylket.*

I svært mange av dei nye fylka endrar samansetninga mellom nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar seg. I Agder, Viken, Telemark og Vestfold, Vestland og Innlandet blir språkstoda endra av regionreforma. Noregs Mållag har arbeidd inn mot sentrale politikarar i alle desse regionane (pluss Rogaland) for å få på plass gode vedtak.

OPPSUMMERT:

Viken: Etter at vi hadde snakka med fleire sentrale politikarar i Viken og klart å løfte nynorskspørsmålet i den nye gigant-regionen, vedtok SV, Ap og Sp i si felles politiske plattform som dei skal styre etter, at dei skal: «Utarbeida ein språkbruksplan som tar vare på dei språklege rettighetene til innbyggjarar, og som gjennomfører ein politikk for å sikra gode bruksvilkår for både nynorsk og bokmål». Det er meldt at denne saka skal kome i løpet av våren 2020.

Telemark og Vestfold: Her var språksaka oppe i fylkestinget 19. november 2019. Vestfold og Telemark vedtok å bli eit språknøytralt fylke (Vestfold var bokmålsfylke), og dei vedtok å lage ein språkbruksplan: «Fylkestinget ber prosjektleiar utarbeide framlegg til språkbruksplan for språkmangfold og klar tale i Vestfold og Telemark fylkeskommune. Planen utarbeidast i tråd med norske språklover som bl.a legg opp til minimum 25 % nynorsk. Planen leggest fram for fylkestinget». Administrasjonen har no tatt til å arbeide med planen og har bede Noregs Mållag om innspel.

Agder: I mai 2018 spelte vi saman med fylkesleiarane inn framlegg til tiltaksnotat for å hegne om nynorsken i Agder til alle partia. Vi køyrde òg ein lesarbrevaksjon saman med fylkeslagsleiarane. I januar 2019 spelte vi inn formuleringar til fylkespartia for at dei skulle få språk og språkbruksplan med i partiprogramma til valet. Tre parti enda opp med gode nynorskpunkt, og eit fjerde parti på Agder publiserte partiprogrammet

berre på nynorsk. Styringsfleirtalet i Agder etter valet er ikkje tufta på partia vi fekk gjennomslag hjå, så i Agder trengst ein tydeleg innsats for å få ein fylkeskommunal språkbruksplan på plass.

Vestland: Den store kampen om administrasjonsmålet i det nye fylket var over i 2016. 17. desember 2019 gjorde det nye fylkestinget endeleg vedtak om målforma til det nye fylket. Vestland er no det sterkaste nynorskfylket i Noreg, og det har og må ta ein sterk posisjon framover for å halde oppe nynorsken.

Innlandet: Noregs Mållag har sendt framlegg til korleis ein språkbruksplan for Innlandet kan sjå ut til sentrale politikarar og politiske parti. Vinteren 2019 la me vinterseminaret til Lillehammer for å setje fokus på språksaka i Innlandet. Her hadde me mellom anna ein debatt med sentrale politikarar i det komande nye fylket. No er det lova at det kjem ei sak i fylkestinget om korleis Innlandet skal bruke både nynorsk og bokmål, og korleis dei skal jobbe med klarspråk og kommunikasjon.

Rogaland: I desember 2018 gjorde fylkestinget i Rogaland, etter innspel frå NM, vedtak om språklege retningslinjer for den fylkeskommunale administrasjonen. Her slår dei mellom anna fast at fylkeskommunen skal bruke minst 25 prosent nynorsk på sine nettsider, dei skal kurse medarbeidarar i nynorsk og arbeide for å hindre språkskifte frå nynorsk til bokmål i den vgs skulen.

- *Nynorskfylka og regionane må styrkja marknadsmakta si gjennom å systematisera nynorskkrav i alle innkjøp, både i opplæringssektoren og utanfor.*

14. mai 2019 var Noregs Mållag på høyring i næringskomiteen på Stortinget til stortingsmeldinga «Smartere innkjøp - effektive og profesjonelle offentlige anskaffelser» for å få gjennomslag for at anbuds politikken bør nyttast for å utøve språkpolitikk. Det gjeld både omsynet til nynorsk og for norsk andsynes engelsk. Diverre fekk me berre Sp, Ap og SV i komiteen med på å stille krav om språkleg tilgang og kvalitet i regelverket for offentlege innkjøp, i tråd med forslaget frå Språkrådets framtidsutval.

Noregs Mållag har og undersøkt kva praksis Difi har i sine malar for anbudsinnkjøp og korleis og med kven dei no deler informasjonen om innbyggjarane sine språkval.

Rogaland fylkeskommune har gjort vedtak om at nynorskelevane skal ha same tilgjenge på digitale læremiddel og kontorstøtteprogram på nynorsk som bokmåselevane.



Magne Aasbrenn og Gro Morken Endresen frå Noregs Mållag møtte dåverande kulturminister Trine Skei Grande i august 2018. Då var ny språklov, språkteknologi og nynorsk kulturtilbod for barn og unge viktige stikkord for møtet. (Foto: Kulturdepartementet)

Kommunane

Nynorsk kommunane er svært viktige for å halda det nynorske skriftspråket oppe og å hegna om det. Kommunane er store skriftspråkprodusentar og utgjer ei viktig motvekt til det dominerande bokmålet. Slik bidreg nynorsk kommunane til at nynorskbrukarane ser språket sitt brukt og til at nynorsk er eit levande bruksspråk. Nynorsk kommunane hegnar om nynorsken, området og dei andre nynorskinstitusjonane innanfor grensene og gjer nynorskbruk enklare for alle.

Trass i at situasjonen er veldig annleis i kjerneområda enn i resten av landet, er dei nynorske institusjonane og nynorskområdet forbausande stabile. Likevel aukar det individuelle presset på nynorskbrukaren i utkantane av området. Det får konsekvensar for statusen til nynorsk og for kor mykje nynorsk nynorskbrukarane vert eksponerte for.

I dag er nynorsken sikra plass og status i kommunane gjennom fleirtalsvedtak om kva språk staten skal venda seg til kommunane på og administrasjonsmålet (kva språk kommunane skal administrerast på). Vedtaka gjeld til nye vert gjorde, med enkelt fleirtal. Det gjer den institusjonelle basen for nynorsk skøy. Sjølv om det er få slike vedtaksendringar, vil det seia at nynorsken i somme område er utsett. Til samanlikning er det samiske språket sikra i fleire internasjonale konve-

sjonar og i Grunnlova. Det er difor langt meir omfemnande og vanskeleg å svekkja rettsgrunnlaget for samisk enn for nynorsk.

Den kommunale sjølvrådetretten står svært sterkt i Noreg, og kommunane rår seg sjølv i språkspørsmål som ikkje er omfatta av opplæringslova. I paragraf 5 i mållova står det at kommunane kan gjera vedtak om kva språk staten skal venda seg til dei på. Utan slikt vedtak vert dei rekna som språknøytrale. At dei fleste kommunar òg held seg med eit vedtak om administrasjonsmål, må meir reknast som eit utslag av sedvane.

- *Kommunane må ta større ansvar for nynorsk gjennom positive vedtak om nynorsk tenestemål, og gjennom språkbruksplanar som forpliktar dei som nynorsk kommune og gjer det vanskelegare å svekkja statusen til nynorsk i kommunane.*

Som nemnt ovanfor gjekk rundt 9 000 innbyggjarar over frå å bu i ein nynorsk kommune til å bu i ein nøytral kommune (Midsund, Nesset, Finnøy, Forsand). Samtidig gjekk nesten drygt 64 000 innbyggjarar frå å bu i ein nøytral kommune til å bu i ein nynorsk kommune (Ålesund, Odda, Sauherad). Heile 136 500 bur ikkje lenger i ein bokmålskommune, men i ein nøytral kommune (Eide, Stavanger).



Dåverande kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner heldt hovudtala på landsmøtet i Vinje. Magne Aasbrenn var langt frå nøgd med innsatsen for å skaffe fram digitale læremiddel på nynorsk. (Foto: NM)

Ingen kommune i Møre og Romsdal har bokmål som målvedtak lenger, og det finst ikkje lenger fylke som har bokmål som målvedtak. Fylka Vestland og Møre og Romsdal har nynorsk målvedtak.

I perioden har det vore to røystringar om kommunespråket i ikkje-samanslåtte kommunar. I Hemsedal kommune valde kommunen hausten 2018 med eit fleirtal på éi røyst å gå over til nøytralt administrasjonsmål, men heldt på nynorsk målvedtak. Noregs Mållag var tett på den politiske prosessen og jobba hardt for å få til eit fleirtal for framleis nynorsk, saman med Hemsedal mållag. I målbruksplanen for kommunen for 2019–2022 står det blant anna at dei viktigaste kommunale planane og styringsdokumenta skal vere på nynorsk, og at strukturen og oppbygginga på kommunen si nettside skal vere på nynorsk. Kommunen arbeider også med dialektfremjande tiltak.

Hitra kommune i Trøndelag gjekk frå å vere nøytral til bokmålskommune i november 2019.

Noregs Mållag har i denne perioden særleg arbeid for at dei nye kommunane skal lage seg kommunale språkbruksplanar. Særleg der gamle kommunar med ulike målvedtak slår seg saman, er det viktig å få på plass retningslinjer for nynorskbruk som sikrar nynorsken ein posisjon. Dette er eit arbeid som held fram og der ikkje alle nye kommunar er i mål med sine vedtak. Nett no ser stoda slik ut:

Midt-Telemark vedtok språkbruksplan i februar 2019. Noregs Mållag har arbeidd tett med Bø mållag for å få på plass ein slik plan og sende eige innspel i høyrings-

runden til planen. I den vedtekne planen blir det slått fast at Midt-Telemark kommune skal vere ein tospråkleg kommune, og at det tyder at administrasjonen skal bruke om lag like mykje av begge språka. I tillegg gjer kommunen nynorsk målvedtak.

Ål vedtok målbruksplan i mars 2019. Kommunen skal framleis vere ein nynorskkommune, og all ekstern kommunikasjon, inkludert sosiale media, skal vere på nynorsk. Det same gjeld programvare og skilting på kommunale bygg.

Nye Sandnes skal vere nøytral. Tidlegare var Sandnes nøytral og Forsand nynorskkommune. Noregs Mållag har hatt møte med dei ansvarlege for læremiddel i Sandnes-skulen for å finne ei løysing på problem med skriveprogrammet Chromebook som ikkje har nynorsk ordliste. Arbeid med å få gjennom ein språkbruksplan står att.

Nye Stavanger kommune er ei av dei samanslåingane Noregs Mållag har vore uroa for. Her blei nynorskkommunen Finnøy og språknøytrale Rennesøy slegne saman med Stavanger kommune, som før samanslåinga hadde bokmål som målvedtak. Noregs Mållag har arbeidd for at det skal komme på plass ein god språkbruksplan for den nye kommunen, og i førre landsmøteperiode arbeidd vi tett for at Finnøy kommune skulle vedta å stille gode språkkrav til den nye kommunen. Det lykkast vi med. Rennesøy Mållag er òg ny-kveikt. Då Nye Stavanger kommune i februar 2019 vedtok at Nye Stavanger kommune skal vere språknøytral etter mållova, vedtok dei òg tiltak for å styrkje nynorsk og nærare å utgreie klare reglar for språkbruken.

Nye Ullensvang Her blei dei to mindre nynorskkommunane Jondal og Ullensvang slått saman med Odda, som var nøytral. Den samanslåtte kommunen Nye Ullensvang med over 11 000 innbyggjarar har gjort nynorsk målvedtak.

Nye Ålesund kommune har vore ei av dei samanslåingane som har uroa Noregs Mållag mest og som vi har arbeidd mykje med. Heilt frå planane om ein ny storkommune mellom nynorskkommunane Haram, Ørskog, Skodje og Sandøy og bokmålskommunen Ålesund var klare, har Noregs Mållag sentralt saman med lokallag og Sunnmøre Mållag arbeidd for at den nye storkommunen skal bli ein nynorskkommune. Ein delsgjer kom då fellesnemnda for dei fem kommunane vedtok å bli ein nynorskkommune. Før valet hausten 2019 blussa likevel debatten oppatt, og semja frå fellesnemnda byrja rakne. I desember 2019 skulle saka endeleg opp i det nye kommunestyret i nye Ålesund kommune. Noregs Mållag sentralt saman med lokallag

og sentrale politikarar arbeidde intenst for at ikkje heile målvedtaket skulle rakne i nye Ålesund. Det enda med eit vedtak om framleis nynorsk med nokre oppmju-kingar. Saka skal utgreiast, og komite for kultur og medborgarskap skal lage ein plan våren 2020.

Nye Molde kommune vedtok i november 2019 at den nye kommunen (i samanslåing med Midsund og Nes-set) skal ha språknøytralt målvedtak, at kommunen skal leggje på «likeverdighet» mellom bokmål og nynorsk og at begge målformene skal vere i bruk i kommunen. Molde kommune skal revidere rettleiaren sin for godt språk i 2020 i tråd med dette vedtaket. Noregs Mållag og Romsdal mållag hadde i oktober 2019 møte med kommuneleiinga og har sendt innspel til både administrasjon og politisk leiing om språket i nye Molde kommune. Nynorskstafetten blei lagt til Molde hausten 2019 for å kunne påverke kommunen i denne saka.

Hustadvika kommune er resultatet av samanslåinga mellom Fræna (nøytral) og Eide (bokmål). Hustadvika skal vere nøytral. Kommunen skal utarbeide ein språkplan våren 2020 og vil gjerne ha innspel frå Hustadvika Mållag. Nynorskstafetten hausten 2019 var innom kommunen med nett dette for auge og møtte både politisk og administrativ leiing for å diskutere saka. Under møte med politisk leiing blei det lova at den nye kommunen skal utarbeide ein språkbruksplan.

Aukra. Romsdal mållag har lenge arbeidd saman med Noregs Mållag sentralt for ein målbruksplan i nye Aukra kommune. Hausten 2019 var leiinga i Noregs Mållag og Aukra mållag i møte med kommuneleiinga i Aukra om dette.

Sunndal. Sunndal Mållag har i fleire år saman med Noregs Mållag tatt opp ein språkbruksplan for kommunen, mellom anna på fleire seminar der politisk leiing i kommunen har slutta seg til framlegg om å lage ein slik plan. Kommuneadministrasjonen har så langt ikkje følgt opp saka.

Tysvær. Tysvær Mållag har saman med skrifvarstova arbeidd med å få ein eigen språkbruksplan for kommunen. Laget er komme langt og arbeider tett opp mot folkevalde og administrasjonen i kommunen. I Tysvær har dette arbeidet vore del av eit større arbeid med å sikre nynorsken i kjølvatnet av skulemålroystingar der nynorsken vann for få år sidan.

Karmøy. Karmøy dialekt- og mållag skipa ope møte med politikarane før kommunevalet 2019. Noregs Mållag var representert på møtet, og saman med laget utfordra vi politikarane om eigen språkbruksplan for kommunen. Mest alle politikarane slutta opp om at kommunen treng ein slik plan.

Ved kommunesamanslåinga frå 1. januar 2020 var regelen slik at samanslåtte kommunar blei rekna som språknøytrale dersom dei ikkje gjorde nytt målvedtak. Noregs Mållag følgde opp samanslåtte nynorskkommunar slik at dei fekk gjort nye nynorskvedtak.

- *Staten må kunna føra tilsyn med at innbyggjarane får oppfylt rettane sine og at nynorsken er i bruk.*

I dagens mållov lyder § 10: «Kongen skal minst kvart fjerde år leggje fram for Stortinget ei melding om målbruk i offentleg teneste». Ei slik melding har ikkje komme dei siste åra. I framlegget til ny språklov er denne føresegna vekke. I høyringsvaret føreslår Noregs Mållag at det rette ville vere å utvide denne meldinga til også å gjelde skuleverket, for å kunne sjå språkstoda samla. Noregs Mållag føreslår at ein held på denne paragrafen i den nye språklova men med slik ordlyd: Kongen skal minst kvart fjerde år leggje fram ein rapport om stoda til nynorsken i både skuleverk og offentleg forvaltning, inkludert kommunane.

- *Det skal gjerast meir attraktivt å vera ein nynorskkommune, til dømes gjennom økonomiske insentiv.*

Noregs Mållag har ein representant i juryen for Årets nynorskkommune. Det er i dag det einaste direkte økonomiske insentivet for å vere nynorskkommune som vi kjenner til.

- *Alle interkommunale selskap og andre kommunale verksemder må vera omfatta av same krava.*

I innspelet til ny språklov har Noregs Mållag kravd at interkommunale og andre kommunale verksemder skal fastsetje reglar for språkbruk i administrasjonen.

- *Staten skal bidra til at det vert lettare å vera nynorskkommune gjennom å sikra at det finst programvare på både språk, at anbudsutlysingar sikrar tenester på både språk og etterutdanning for tilsette som treng meir nynorskkompetanse. Alt dette får kommunar som bruker mest bokmål, utan å måtta arbeida for det.*

Under arbeidet med ny språklov drøftar departementet om det er naudsynt å stille egne krav til teknologiske rammevilkår, men det blir konkludert med at det ikkje trengst. Noregs Mållag er usamd og har levert slikt



Borgund Mållag inviterte til ope medlemsmøte på nyåret i 2020. I skikkeleg blest og regn kom om lag 60 målfolk for å høyre på dåverande språksjef Ingvild Bryn og Lisa Alvestad, leiar i Borgund Mållag. (Foto: Magne Aasbrenn)

framlegg til endring og ny paragraf:

§ X-X Krav til teknologiske rammevilkår for offentlig språkproduksjon (1) I det offentlege skal det berre nyttast programvare som kan leverast med språkfunksjonar både på bokmål og nynorsk slik som nærare spesifisert i denne paragrafen. (2) Alle automatiserte system må støtta dei krav til bruk av bokmål og nynorsk som følgjer av føresegnene i denne lova. (3) Nettstader og nettbaserte tenester må ikkje vera slik innretta at dei favoriserer det eine hovudspråket framfor det andre. (4) Søkjefunksjonar skal kunna søkja parallelt i bokmåls- og nynorsketekstar.

Tydelegare krav til kva språk digitale verktøy brukt av det offentlege skal ligge føre på, ville ha gjort det tydeleg både for innkjøparar og utviklarar kva dei kan kjøpe og kva dei må tilby. Det ville vore slutten på diskriminering av nynorskbrukarar på det digitale feltet.

- Staten bør greia ut korleis kommunane følgjer opp dei språklege interessene og rettane til innbyggjarane sine.

Vinteren 2019 sende Noregs Mållag innspel til departementet som grunnlag for arbeidet deira med ei ny

språkmelding, og då spelte vi mellom anna inn akkurat dette.

- Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ein viktig premissleverandør og må sikrast trygge økonomiske rammevilkår.

Vi har støtta LNK gjennom arbeidet i Nynorsk forum og prioriteringane i statsbudsjettet. Vi har særleg lagt vinn på at framtida.no og Framtida junior må sikrast økonomisk.

- Det er viktig at ingen slike reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane eller for minoritetsspråksbrukarane.

Noregs Mållag har i perioden arbeidd mykje med både kommune- og regionreforma for å hindre at dei slår negativt ut for innbyggjarane (les meir på s. 10-13). Vi har òg engasjert oss mot samanslåinga av NRK sine distriktkontor etter regionreforma.

Folkeregisteret

Folkeregisteret gjev høve til å registrera språkvalet til alle innbyggjarar. Det gjer det lettare for det offentlege å kommunisera med folk på nynorsk. Det skal stå i folkeregisteret kva av dei offisielle språka folk ønskjer å verta møtt på. Utgangspunktet må vera kva språk kommunen har valt, men informasjonen må kunna endrast av einskildborgarar seinare.

- *Eit meir moderne folkeregister gjev staten eit langt betre høve til å møta nynorskbrukarane på språket sitt. Dette høvet må staten utnytta.*

Det nye Kontakt- og reservasjonsregisteret opnar for registrering av kva språk privatpersonar ønskjer at statsorgan bruker til dei. Informasjonen er tilgjengeleg for alle statsorgan, ikkje berre for Skatteetaten, slik det var før. Noregs Mållag har bede om at fleire statsorgan bruker registeret systematisk, men så langt er det berre Skatteetaten og Brønnøysundregistra som har rutinar på det.

Språkteknologi

Utviklinga av språkteknologisk programvare har i aukande grad innverknad på språktilhøva i Noreg. Teknologien vil koma dit at stadig fleire funksjonar rundt oss vert styrte av taleteknologi. Det kan innebera, om avgjerdene vert overlatne til marknaden åleine, den største talemålsnormeringa sidan radioen kom.

Sidan marknaden rår, må nynorskbrukarane vera synlege på statistikkane til selskapa som styrer marknaden. Politisk press på dei store selskapa og på dei store prosjekta som skal arbeida med språkteknologi i Noreg, er viktig. Produsentar av språkteknologi må sjå på det som eit konkurransefortrinn å bruka nynorsk i produkta sine. Den nynorske ordbanken må vera kvalitetssikra for at slik teknologi skal ta i bruk båe dei to norske språka.

- *Staten må ta ansvaret for at tilgjengeleg språkteknologi vert like breitt utvikla for nynorsk som for bokmål. Dei burde også jobba for utviklinga av samisk og kvensk språkteknologi.*
- *Noreg må få taleattkjenningsteknologi som forstår dialektar.*
- *Staten må ta kostnadene ved å utvikla ein nynorsk ordbank til bruk for språkteknologiske nyvinningar*
- *Kvalitetssikra maskinomsetjing til nynorsk kan spare det offentlege for svært store utgifter, samstundes som det kan innfri viktige rettar for nynorskbrukarane.*
- *Språksamlingane ved Universitetet i Bergen må få ei nøkkelrolle i utviklinga av jamstilt språkteknologi.*

Noregs Mållag har vore i møte med Google Noreg og pressa på for at undervisningsplattformer, Google docs stavekontroll og grammatikkkontroll også skal vere tilgjengelege på nynorsk. Dette har ikkje ført til resultat. For dei felte som har med skulen å gjere, ser vi at ei løysing kan vere ei endring i forskrifta til noverande opplæringslov. Per februar 2020 har Utdanningsdirektoratet avvist ei slik forskriftsendring. I møte med dei politiske partia på Stortinget har vi lagt vekt på at dei store, internasjonale digitale selskapa må oppfylle språkkrav om dei skal kunne brukast av det offentlege i Noreg. Språkrådet er òg i gang med å presse Google til å oppfylle språkkrava, og Noregs Mållag støttar Språkrådet i dette arbeidet.

Saman med Nynorsk forum har Noregs Mållag støtta oppbygginga av den norske språkbanken, som er ein nasjonal infrastruktur for språkteknologi, styrt av Nasjonalbiblioteket. Vi har både tatt til orde for at dei skal ha gode rammevilkår, og vi har argumentert for at så mange som råd må gjere eigne tekstbasar fritt tilgjengelege for språkbanken.

Gjennom Nynorsk forum har Noregs Mållag også drive lobbyverksemd for at Nynorsk Pressekontor skal få midlar til å utvikle den såkalla «nynorskroboten». Dette er eit omsetjingsprogram frå bokmål til nynorsk som blir utvikla på grunnlag av den opne programvaren til Apertium.org. Eit vilkår frå regjeringa når dei gir støtte til nynorskroboten, er at den reine «omsetjingsdugleiken» som blir utvikla i nynorskroboten, skal førast tilbake til Apertium slik at alle kan ha glede av han på ope nett med fri og gratis tilgang.

På grunnlag av arbeidet med nynorskroboten tilbyr Nynorsk Pressekontor for sal spesialtilpassa løysingar som gjer at omsetjingsprogrammet kan fungere saumlaust med dei ulike digitale systema i institusjonar og bedrifter.

Nynorskroboten vil ha ringverknader som kan vere heilt avgjerande for at nynorsk heng med på det språkteknologiske feltet. Når ein slikt omsetjingsprogram blir dugande, vil det gjere at meir nynorsk blir tilgjengeleg i media. Til meir nynorsk som blir produsert, til meir grunnlagsmateriale byggjer vi opp for Språkbanken til Nasjonalbiblioteket. Det legg i sin tur grunnlaget for utviklinga av språkteknologiske løysingar på andre område.

Sivilsamfunnet

Partane i arbeidslivet

Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vera lettare å bruka nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk. Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg med LO for å bidra til at dei nyttar meir nynorsk i den skriftlege kommunikasjonen sin. Me har tru på at dette arbeidet er viktig for arbeidstakarane sin rett til å bruka sitt eige språk i arbeidet sitt. Noregs Mållag vil utvida dette arbeidet med å ta kontakt med dei andre hovudorganisasjonane, både på arbeidsgjevar- og arbeidstakersida. Det er viktig at alle organisasjonane ser nytta av å samarbeida for å auka nynorskbruken i arbeidslivet.

- *Det er viktig å halda fram arbeidet i LO sentralt, lokalt og ute i forbunda for at LO skal bruka meir nynorsk og for at LO skal fremja viktige målkrav ute i samfunnet.*
- *Lokallag og fylkeslag søkjer, der dette er naturleg, samarbeid med fagrørsla og arbeidsgjevarar for å styrkja nynorsken. Gode røynsler vert melde inn til Noregs Mållag sentralt.*
- *Noregs Mållag oppmodar partane i arbeidslivet om å gje ut dei sentrale avtalane sine på nynorsk.*

Arbeidet med nynorsk i fagrørsla har fått ein ny kveik gjennom arbeidet til LO-mållaget, i nært samarbeid med Noregs Mållag sentralt. Administrasjonen i LO skal gjennomføre skrivekurs i nynorsk og bokmål, og vi har gitt dei råd om korleis dei kan gjennomføre nynorskkursa. Før kommune- og fylkestingsvalet i 2019 produserte LO brosjyren «Bruk stemmeretten» på både bokmål og nynorsk. Opplaget på nynorskversjonen var 40 000. LO sentralt har vedtatt å gi årleg støtte på 55 000 til LO-mållaget.

Friviljuge organisasjonar

I Noreg har me eit breitt spekter av friviljuge organisasjonar. Alle delar av befolkninga, i heile landet, er engasjert i ulike typar lag og foreiningar. Det potensialet vil Noregs Mållag nytta for å få fleire organisasjonar til å nytta nynorsk, og påverka til at friviljuge kan bruka nynorsk i engasjementet sitt.

- *Noregs Mållag sentralt og lokallag skal knyta relasjonar til friviljuge organisasjonar, og oppmoda til meir bruk av nynorsk.*

I perioden har vi vore i kontakt med Den norske turistforening og Framtiden i våre hender for å få desse organisasjonane til å nytte meir nynorsk. Dette er organisasjonar som har hatt stor framgang dei siste åra, og såleis treffer det mange om vi får gjennomslag.

Næringsliv

Å sjå nynorsk i butikken, i avislysingar og reklameblad gjer det lettare for alle nynorskbrukarar å halda fram med å skriva nynorsk, og lettare for skuleborn å læra seg nynorsk. Det er òg viktig for arbeidstakarar å kunna skriva nynorsk på arbeidsplassen sin. Slik er desse verksemdene med på å gjera nynorsk lettare å bruka og å læra for både unge og vaksne. Nynorsk verksemdkampanjen til Mållaget er med på å løfta fram og gje heider til desse verksemdene. Det bør me halda fram med. Nynorsk næringslivspris er òg eit viktig tiltak for å løfta fram nynorskbruk i næringslivet.

- *Noregs Mållag sentralt og lokalt skal samarbeida om å styrkja nynorsken i daglegvarekjedene og få fleire til å bruka nynorsk i marknadsføringa.*



Noregs første nynorskmoské: I høve landsmøtet i Noregs Mållag i Vinje hjalpte Magne Aasbrenn til slik at oppslaga med hovudbodskapen i islam er på nynorsk. «Borna lærer nynorsk på skulen og difor er det bra at dei også kan lese det her i moskeen», meinte Ali Ahmed Dhadhaow talsperson ved moskeen til Vest-Telemark Blad. Frå venstre: Abdi Mohamed Ali, Asbjørn Gardsjord frå Vinje Mållag, Magne Aasbrenn, Khalid A. Ibrahim, Ali Ahmed Dhadhaow og Omar Qasim. (Foto: Live Havro Bjørnstad)

- Samvirkeorganisasjonane, særleg Tine, bør bruka meir nynorsk både andsynes bøndene og kundane.

Coop Noreg har nynorsk i kunde-appen (styrt av språkinnstillinga på mobiltelefonen) og eit tilfang av plakatar og skilt på nynorsk som er i bruk i butikane i Coop Nordvest. I perioden har vi etterlyst meir nynorsk også i landsdekkjande sosiale medium og i medlemsbladet til Coop som ligg framme i alle butikkar. Coop har svara at dei synest det er fint at Coop Nordvest profilerer seg på nynorsk, og at det skal komme nynorskartiklar i bladet deira over heile landet og på fjesboka deira heretter.

- Lokale mållag skal jobba for at fleire reiselivsaktørar marknadsfører seg på nynorsk.

I 2019 gjekk vi gjennom dei største reiselivsaktørane i nynorskområda i Noreg. Lista blei send til lokallaga våre, med oppmoding å kontakte reiselivsaktørane som brukar bokmål i nynorskområde, med von om å få meir på nynorsk. I tillegg gjekk vi gjennom omtalane

av destinasjonar i nynorskområde hjå Visit Norway. Våren 2020 finn vi ingen destinasjon som er omtala på nynorsk i dei overordna sidene til Visit Norway, sjølv om mange har nynorsk på sine egne undersider. Vi kritiserte Visit Norway for dette i media, men det har så langt ikkje ført til resultat.

NYNORSK NÆRINGS LIVSPRIS

Nynorsk næringslivspris skal gi heider for bruk av nynorsk i firmaprofilering og reklame. I 2018 gjekk prisen til Sogndal Fotball fordi dei gjennomført brukar nynorsk på nettsider og i anna publisering. Det gir eit signal til både norsk toppfotball og andre om at nynorsk er eit heilt kurant skriftspråk på alle arenaer i Noreg. I 2019 gjekk prisen til Grindal Ysteri i Rennebu i Trøndelag fordi dei gjer marknadsføring og produktprofilering på nynorsk.

Religion og livssyn

Fram til i 2012 var Den norske kyrkja ein del av staten. Med endringa i 2012 er kyrkja ikkje underlagt staten på same måte, sjølv om kommunane framleis har ei plikt til å stø den norske kyrkja. Kyrkja reknar framleis at dei skal halda seg til mållova.



Folkemøte i Hemsedal om det framtidige kommunespråket. Amalie Snerte (16) frå Hallingdal Målungdom bad alle i salen som skriv nynorsk, om å komme fram på scena. Og det strøynde på! (Foto: Magne Aasbrenn)

Religion og livssyn er meir enn Den norske kyrkja. I nynorskområda er det etablert trudoms- og livssynsamfunn frå ei lang rekkje religionar, og medlemene her bør òg få høve til å utøva religionen sin på nynorsk. Noregs Mållag vil særleg prioritera kontakt med dei islamske miljøa i nynorskområda for å kartleggja kva som trengst.

- Kyrkja skal framleis praktisera prinsippa i mållova, sjølv etter ny organisering.
- Trusoppplæringsmateriell må liggja føre på både nynorsk og bokmål. Trudoms- og livssynsamfunn som får statsstøtte, skal møte eit krav om å gje born og unge i nynorskområde nynorsk trusoppplæring.

Kyrkjemøtet i 2018 vedtok at Den norske kyrkja skal leggje til grunn vesentlege delar i forvaltningslova, offentleglova, mållova og arkivlova i sitt arbeid. I august 2018 hadde Noregs Mållag møte med Kyrkjerådet for å få avklart at Kyrkja framleis skal praktisere prinsippa i mållova, sjølv etter at statskyrkja er avvikla.

Studiebibelen som Bibelselskapet gav ut våren 2019, kom berre i bokmålsutgåve. Noregs Mållag tok kontakt med initiativtakaren for nynorsk studiebibel Nora Baartvedt og hadde møte med Bibelselskapet og Ver-

bum forlag i februar 2020. Det var semje om at prinsippet for utgivingane frå Verbum er at bibelutgåver skal produserast på både nynorsk og bokmål.

- Det er viktig å hjelpa muslimske trudomssamfunn til å få meir av tilfanget sitt på nynorsk.
- Det er viktig å følgja opp Human-Etisk forbund, dei muslimske trudomssamfunna og frikyrkjene for å sikra at dei har tilbod på både nynorsk og bokmål og bruker nynorsk i nynorskområdet.

Etablering av nynorsk som språk i moskeen i Vinje skjedde i framkant av at Noregs Mållags landsmøte i 2018 var i kommunen. Vest-Telemark Muslimske Trudomssamfunn har 280 betalande medlemmer. Dei er veldig stolte nynorskbrukarar, og imamen nyttar også nynorsk. Trudomssamfunnet har som mål å omsetje Koranen til nynorsk, men førebels har dei ikkje lykkast med å finansiere prosjektet.

I januar 2018 vende vi oss til Human-Etisk Forbund og etterlyste nynorsk materiell. Etter det opplyste dei at dei sette av midlar til omsetjing av det som ikkje er på nynorsk. I 2020 har vi etterlyst ei konkret oversikt over dette materialet, men ventar framleis på svar når denne rapporten går i trykken.

Samarbeid med andre språkgrupper i Noreg

Noreg er, og har alltid vore fleirspråkleg. Det skal det også halda fram med å vera. Målrørsla skal vera solidarisk med andre språkgrupper i Noreg. Mange språkpolitiske saker er like for målrørsla og rørslene til nasjonale urfolks- og minoritetsspråk i Noreg. Der me har felles sak, bør me i større grad samarbeida med desse rørslene. Særleg dei samiske miljøa har me felles interesser med. Det kan gjelda parallellklassar, media, litteratur, opplæring og reglar for kommunal språkbruk.

- *Målrørsla bør samarbeida med samiske og andre miljø i relevante saker denne fireårsperioden. Særleg viktig er arbeidet med ny språklov.*

I juni 2019 hadde Noregs Mållag møte både med Norske Kveners Forbund og med representantar frå Sametinget. Begge møta hadde den venta språklova og språkmeldinga som tema. Vi utveksla informasjon om kva som er dei sentrale krava våre og grunngivingane for dei. Så langt som det ikkje bryt med eigen politikk, vil vi stø kvarandre og prøve å løfte fram saker i prosessen fram mot handsaming og vedtak i Stortinget. For vår del har det konkret ført til at vi har spelt inn ein paragraf om språklege rettar for samisk, kvensk, romani og romanes.

Vi har også hatt møte med Døveforbundet, og mellom Døveforbundet og Noregs Mållag er det semje om at vi har felles interesse i å fremje ei styrkt språklov.

Opplæring

I all hovudsak er det i skulen at nye nynorskbrukarar kjem til, og i delar av landet er det i skulen dei òg forsvinn. I tillegg syner undersøkingar at barnehagen i stor grad fungerer som reine bokmålsbad for ungar som skal ha nynorsk som opplæringsmål.

Det er varsla at det kjem ei ny opplæringslov i 2020. Denne må vera ein hovudprioritet for Noregs Mållag. I 2017 tok arbeidet til med å utvikla nye læreplanar. Dette arbeidet er høgt prioritert hjå Noregs Mållag og må vera det til dei nye læreplanane er klare hausten 2020.

Barnehage

I dag er språket i barnehagen eit heilt uregulert område. Barnehagelova vart endra i 2017 og nemner ikkje nynorsk i det heile. Samstundes slår den nye rammeplanen fast at skriftspråkstimulering er ein viktig del av barnehagekvardagen. Ei undersøking Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Pirion har gjort, syner at barnehagane i nynorskområda i alt for liten grad nyttar nynorske bøker, nynorsk i songar og høgtlesing. Åtte av ti nyttar språkstimuleringsopplegg som berre finst på bokmål. Ein stor del av ungane som skal ta til med nynorsk i skulen, vert såleis bada i bokmål i barnehagen. Utan reguleringar vert det svært personavhengig kor mykje nynorsk språkstimulering ungane får, eller om ungane møter nynorsk i det heile. Noregs Mållag krev sterkare språklege rettar for barnehageungar.

- *Barnehagar kan berre kjøpa inn språkstimuleringsmaterieill som også finst på nynorsk.*
- *Ungar som skal ha nynorsk på skulen, bør fyrst og fremst møta nynorsk skriftspråk.*
- *Rammeplanen må ta omsyn til at det er annleis å skulla få opplæring i eit mindre brukt språk, enn i det største språket.*
- *Sentrallekken og lokallaga skal spreia nynorsk barnelitteratur til barnehagane og barneskulane.*

Mållaget har peika på at administrasjonsmålet i barnehagane, også private, må vere det same som skulemålet. At det finst private barnehagar som tar seg til rette med bokmål i nynorskkommunar, har vore tema i fleire sunnmørskommunar. Dette blei tematisert då Nynorskstafetten vitja Giske kommune og Sula kommune hausten 2019. I lovverket har nynorskkommunane for lite støtte til å krevje nynorsk i dei private barnehagane, men i kommunane er det viktig at kommunane uttrykkjer tydelegare forventningar om å bruke nynorsk også i dei private barnehagane. Det er eit emne som Mållaget bør arbeide vidare med, gjerne saman med kommunar og andre som ønskjer å få gjort endringar i lovverket.

Nynorskstafettane har jamt prioritert å ha møte med styrarar og pedagogiske leiarar i barnehagar. Å få auka medvitte kring nynorsk språkstimulering i barnehagen er svært viktig. Erfaringane våre frå desse møta i barnehagane er at budskapet frå Noregs Mållag blir godt mottatt.

Mållaget vil at alle skal få møte den lokale dialekten og nynorsk i barnehagen. I enkelte nynorskområde er det mange i barnehagane som uroar seg for at borna byrjar å snakke meir bokmålsnært. Engasjement knytt til dialekt finn vi ikkje hjå sentrale styresmakter, difor er det viktig for Mållaget å spreie informasjon om dei tiltaka enkelte barnehagar gjer for å bruke dialektrikdomen sin i barnehagen. Det kan vere til inspirasjon for andre barnehagar.

Gjennom lagssendingane våre og nettsidene til Mållaget spreier vi informasjon om rimelege bokpakker retta inn mot både barnehagar og skular. Desse bokpakketilboda blir godt mottatt av lokallaga, og det er mange skular som også har nytta seg av dei. I samband med Nynorskstafetten blir det også spreidd mykje informasjon om nynorsk barnelitteratur. Ved Nynorskstafetten i 2019 blei det ekstra godt mottatt at vi kunne tilby forfattaropplegg til fleire av skulane.

Barnehagelærerutdanninga

Barnehagelærerutdanninga bør spegla at Noreg har to offisielle skriftspråk. Utan språklege krav i barnehagen, skjer ikkje dette i stor nok grad i dag. Kunnskapsområdet språk, tekst og matematikk må spegla at det er to norske språk, og studentane må få innsikt i korleis dei driv språkstimulering for ungar som skal ha nynorsk opplæringsmål. Rammeplanen for barnehagelærerutdanning må tematisera nynorsk språkstimulering. Den nye planen for barnehagelærarstudiet må slå fast: «Barnehagelærarstudentar skal læra å bruka nynorske tekstar i formidling og at lokal kultur og talemål er sjølvsagt i alle barnehagar.»

- Ungar som skal ha nynorsk opplæringspråk, skal møta mest nynorsk i barnehagen. Den retten må inn i barnehagelova og rammeplanen for barnehagelærerutdanning.

I mai 2018 var det høyring om Nasjonale retningslinjer for barnehagelærerutdanninga. Då leverte Noregs Mållag høyring og var kritisk til at språk ikkje var nemnt. På hausten i 2018 blei endelege retningslinjer sende ut og då var heldigvis dette kravet om nynorsk komme med. Under avsnittet: 4.3 ARBEIDERSFORMER OG VURDERING, står denne setninga:

«Gjennom studiet skal studentene få erfaringer med muntlige, skriftlige (bokmål og nynorsk) og sammensatte kommunikasjonsformer, der også digitale verktøy inngår og bidrar til å fremme deres profesjonsfaglige digitale kompetanse.»

Barnesteget

I 2017 var det 76.549 nynorskelevar i grunnskulen, mot 79.841 i 2010. Talet på nynorskelevar er relativt stabilt, medan nynorskprosenten går ned. At det flyttar fleire folk til det sentrale austlandsområdet og til dei store byane, er ei av hovudforklaringane på at nynorskprosenten går ned. Likevel har det aldri teke til så få bokmåselevar i Sogn og Fjordane som det gjer no, og i 2016 tok det til fleire nynorskelevar enn på 10 år i Hordaland. Det er eit mål å nå alle fyrsteklasseforeldre i randsonene, eit halvt år før skulestart, for å få mange fleire til å velja nynorsk som hovudmål for ungane sine.

Eit aukande tal på parallellklassar med bokmål i randsonene er eit problem. Nokre gonger vert nynorskelevane i så tydelege mindretal at skulane bryt opplæringslova og blandar nynorskelevar og bokmåselevar i same klasse på barnesteget. Dette har me til dømes sett på skular i Arna bydel, Bergen og Hallingdal. Slik parallellklasseretten fungerer i dag, kan han svekkja nynorsken sin posisjon i eit område eller på ein skule. Mange stader får foreldre som ynskjer bokmål, eigne

bokmålsklassar utan å stetta kravet til å vera ti elevar. Både på Orstad og på Gol, til dømes, er det slik det som i dag er store bokmålsgrupper, tok til. Foreldre som ynskjer nynorsk, opplever på si side å verta motarbeidde av skuleleiing og kommunar. Noregs Mållag må sjå på andre måtar å hegna om nynorskelevane og dei nynorske lokalsamfunna på. For å rekruttera fleire nynorskelevar bør sentrallekken laga materiell som fylkeslaga og lokallaga kan bruka til kurs i nynorsk for foreldre åt førskuleungar.

Det er skilnad på å læra det største og det minste av dei to norske språka, det må hovudmålsundervisinga til nynorskelevane ta høgde for. Nynorskelevane treng mindre eksponering for bokmål. Elevar med nynorsk sidemål bør starta sidemålsundervisinga på mellomsteget.

Etter nokre år med ro kring læremiddelsituasjonen ser me at inntoget av digitale læremiddel skaper ein uheldig situasjon for nynorskelevane. Store delar av marknaden tilbyr ikkje produkta sine på nynorsk i det heile. I tillegg vil det koma nye læremiddel i kjølvatnet av dei nye læreplanane. Dette er ei sak me bør samarbeida med lærarorganisasjonane og Norsk Målungdom om.

Lokale mållag gjer ein svært viktig jobb som lokale kampanjeorganisasjonar når det er skulemålsrøysting, og Noregs Mållag sentralt bidreg til dette arbeidet. Det er viktig å fanga opp uro kring skulemålet tidleg, slik at me kan setja inn tiltak før det vert snakk om skulemålsrøysting.

Læremiddelsituasjonen har endra seg med den digitale røynda. Difor meiner Mållaget at alle læremiddel som er utvikla for bruk i skulen, må komme på både nynorsk og bokmål. Dette var hovudkravet framfor landsmøtet til Noregs Mållag i 2018. I framkant av landsmøtet hadde styret og skivarstova førebudd ein kampanje for digitale læremiddel på nynorsk.

Eitt av hovudkrava er at opplæringslova må spegla den digitale røyndomen. Dette har blitt tatt opp fleire gonger i innspel retta inn mot utvalet som har arbeidd med NOU-en om ny opplæringslov. For å underbygge framlegga til Mållaget blei det laga ein eigen rapport som var klar til landsmøtet i 2018: *Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk*. Den er framleis tilgjengeleg

Etter det vi kjenner til, er det 12 kommunar som har gjort ulike typar politiske vedtak om at dei vil setje krav til tilbydarar og krevje at Kunnskapsdepartementet gjer noko for at læremiddelprodusentane skal følgje lova. Nokre har følgd malen frå Noregs Mållag, andre har gjort liknande vedtak.

I 2018 løyvde Kunnskapsdepartementet 55 millionar kroner til utvikling av nye digitale læremiddel. Dette



Nynorskstafetten i 2018 var i Fyresdal kommune ein heil dag. Frå venstre: Eline Bjørke, Hege Lothe og Live Havro Bjørnstad. (Foto: Ein veldig grei nynorskelev)

var ein pott som både forlag og andre læremiddelprodusentar kan søkje på. For å kunne søkje på løyvinga må alle desse læremidla vere tilgjengelege på både nynorsk og bokmål. Departementet har seinare komme med tilleggsløyvingar til denne potten, og læremidla som er omfatta, finn ein på nettsida «Den teknologiske skolesekken». (Sjå nedanfor)

- *Staten må føra tilsyn med at nynorskelevar får rettane sine etter opplæringslova, inkludert retten til læremiddel på nynorsk.*

I samband med framlegget til ny språklov har Noregs Mållag spelt inn at opplæringsfeltet bør vere ein del av ei fireårig språkmelding til Stortinget. Vi har òg spelt inn i møte med Utdanningsdirektoratet (Udir) at det bør vere ei tilsynsordning med skuleeigar. Eit slikt tilsyn kan gjerast av fylkesmannen eller Språkrådet. Det bør førast tilsyn med skuleeigar for å sjå til at nynorskelevane får oppfylt dei språklege rettane sine.

Vi har ikkje lykkast med eit fungerande tilsyn med skuleeigar, men i 2019 oppretta Udir noko dei kalla «Den teknologiske skolesekken». Det er ei ordning der kommunar kan søkje om tilskot til kjøp av digitale læremiddel. Pengane kan berre brukast til å kjøpe

bøker som er registrerte på ei side Udir sjølv forvaltar. Her må ein krysse «rett» i fleire felt for å få læremiddelet sitt med på lista, og eitt av dei felte er spørsmålet om parallellutgåve er på plass.

Mållaget meiner at for å sikre godt og rett språk i lærebøker og digitale læremiddel bør Kunnskapsdepartementet innføre ei godkjenningsordning for alle læremiddel som forlaga vil tilby til skulen. Dette temaet har Mållaget tatt opp i høve innspel til utvalet som arbeidde med NOU om ny opplæringslov. Det blei ikkje tatt inn av utvalet, og det må vere eit tema som Mållaget tar opp i høyringa til NOU-en og i det vidare arbeidet retta inn mot ny opplæringslov.

Mållaget meiner at opplæringsmateriell til skulebruk laga av organisasjonar, må komme på både nynorsk og bokmål. Dette er eit emne vi ikkje har arbeidd med i denne arbeidsperioden.

- *Ny læreplan må ta omsyn til at det er annleis å få opplæring i eit mindre brukt språk enn i det mest brukte språket.*

Hausten 2019 blei dei nye læreplanane i norsk vedtatt av departementet. Då hadde dei vore på fleire høyringsrundar der først kjerneelementa blei vedtatt, så

sjølve læreplanen. Noregs Mållag har sjølvsagt levert høyringssvar ved alle korsvegar. Heilt sidan førre læreplanrunde, som blei avslutta i 2013, har det vore klart at det i enkelte miljø har vore eit sterkt ønske om å redusere talet karakterar i norsk. I 2013 blei det innført ei prøveordning med samanslått skriftlegkarakter dei to første åra i ungdomsskulen og vgs, og tre karakterar i 10. klasse og i Vg3. Ordninga var ferdig evaluert i 2018. Konklusjonen frå Nifu var at det forsøket ikkje hadde nokon effekt på ferdigheitene til elevane og at elevane var skeptiske, medan lærarane var nøgde. Då den endelege rapporten kom, blei det fort tydeleg for Noregs Mållag at forsøket ikkje var så vellykka som dei førebelse rapportane skulle ha det til. Vi argumenterte offentleg for vårt syn, medan Udir heldt på at dette var eit vellykka forsøk.

Hausten 2018 jobba læreplangruppa til Udir med første skisse til ny læreplan. Noregs Mållag hadde sett ned ei ekstern nemnd med fagfolk for å vere med på å tenkje høgt om kva vi kunne vente og kva Noregs Mållag burde krevje av den nye læreplanen. Denne nemnda møtte leiaren i læreplannemnda Christian Bjerke hausten 2018. Han presiserte at departementet slo fast at den noverande ordninga med standpunkt-karakter i hovudmål, sidemål og norsk munnleg etter 10. trinn i grunnskulen og Vg3 studieførebuande ikkje skulle endrast. Bjerke var òg på vinterseminaret til Noreg Mållag på Lillehammer i januar 2019. På dette siste møtet presenterte han det nemnda hadde levert frå seg til Udir som deira framlegg til ny læreplan. Då hadde Noregs Mållag levert høyringssvar i første runde og deltatt i det offentlege ordskiftet om læreplanen. Då den endelege læreplanen kom på høyring våren 2019, var det tydeleg at departementet hadde gjort nokre justeringar frå nemnda sitt framlegg i mindre nynorskenleg lei. Noregs Mållag oppmoda alle lag og målfolk og alle nærskylde institusjonar og organisasjonar til å svara på høyringa.

Mållaget ville ha tidleg start med skriftleg sidemål. Dei tre punkta vi var mest uroa for, var at departementet ville ha lægre krav i sidemålsvurderinga heile ungdomsskulen og vgs. Vi var redde for at dette ville føre til auka språkskifte frå nynorsk til bokmål. Departementet ville vidare fjerne halvårsvurderinga i sidemål på 8. og 9. trinn og i første og andre trinn på vgs. Dei ville òg ta inn ei lovformulering frå gjeldande opplæringslov, som i praksis ville vere å innføre 8. trinn som eit sidemålsfriår som stogga sidemålsprogresjonen.

Mållaget tok i høyringsperioden kontakt med sentrale politikarar og deltok i den offentlege debatten om læreplanen. Under handsaminga i Utdanningsdirektoratet etter høyringa fekk vi gjennomslag for at elevar i framtida skal utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmål og sidemål alt før 4. trinn, og at «sidemålsfriåret» i 8. trinn måtte fjernast. I møte med kunnskapsminister Jan Tore Sanner støtta vi desse end-

ringane, og dei har blitt ståande i den endelege læreplanen. Vi fekk ikkje gjennomslag for fjerning av samanslåtte halvårskarakterar på 8. og 9. trinn og i Vg1 og Vg2. Lægre krav til sidemålkompetansen har dessverre også blitt ståande i den endelege læreplanen.

- *Ein må i større grad leggja den konkrete undervisinga til rette for dei elevane som skriv eit mindre brukt språk. Bokmålslevar må byrja med nynorsk sidemål på mellomsteget.*

Eit av våre innspel tidleg i læreplanarbeidet og i møte med Christian Bjerke, leiar i læreplannemnda, var at det er annleis å vere nynorskelev enn bokmålslevar, og at den tidlege opplæringa bør ta omsyn til det. Vi spelte òg inn at bokmålslevane sitt møte med sidemålet er viktigare enn nynorskelevane sitt, og fekk altså gjennomslag for ei formulering om utforskande skrivning på sidemål alt frå fjerde trinn og at elevane skal «prøve ut» skrivning av tekstar på sidemål på mellomsteget i den nye læreplanen.

- *Det bør alltid vera tilbod om nynorsk parallellklasse i dei store byane, utan krav til minstetal på elevar.*

I arbeidet med ny opplæringslov har Noregs Mållag spelt inn at vi ønskjer at det skal bli gitt eit tilbod om eigne nynorskklassar dei store byane. Dette er ikkje med i framlegget til ny lov. Likevel har byrådet som no styrer Bergen kommune, etter innspel frå Noregs Mållag, vedtatt i si politiske plattform at det skal bli gitt tilbod om nynorsk parallellklasse i Bergen by.

- *Kravet om at det må vera 10 elevar att i klassen for å skipa parallellklasse, må koma attende.*

Dette tok vi opp i møte med Løvebakken Mållag vinteren 2020. Vi har også tidlegare spelt det inn til utvalet som har arbeidd fram ny opplæringslov.

- *Det er viktig å stø opp om arbeidet med å skipa nynorske parallellklassar.*

Vi har hjelpt til på alle stader der vi får vite om eller blir kontakta av foreldre som ønskjer opprette nynorskklassar. I perioden har vi arbeidd i Ålesund, Bergen og Oslo, og i Ålesund lykkast vi med å få parallellklassar. I randsona og på større nynorskskular der det nett har vore røysting, blir det arbeidd på same vis som for å

Opplæring

opprette nynorskklassar på bokmålsskular. Det siste har vore gjort særleg ikring Bergen og i Tysvær. Nettsida nynorskklasse.no viser seg å vere til god hjelp, men framleis er det eit stort potensial over heile landet for å få opp talet på nynorske parallellklassar. Skrivarstova hjelper òg lokallag som ønskjer hjelp til å lage tilfang tilmåta lokale tilhøve.

- *I nynorskområda bør det vera ein prinsipiell rett til å gå i nynorskklasse.*

Både til arbeidet med ny opplæringslov og til kulturdepartementet sitt arbeid med den nye språkmeldinga har vi spelt inn at det bør finnast ein prinsipiell rett til å gå i nynorskklasse i nynorskområda.

- *Arbeidet med å vinna skulemålsrøystingar skal vera høgt prioritert og koma tidleg i gang.*
- *Det må greiast ut korleis ein tek i vare nynorskelevane på skular der bokmålelevane er i fleirtal.*
- *Det må økonomiske insentiv til for at nynorskelevane skal få den opplæringa dei har krav på.*

I perioden har vi fanga opp og i god tid sett i gang arbeid med folkerøystingar, alltid i nært samarbeid med lokallag og lokale målvener. Ikkje minst har Nynorskstafetten vore til stor nytte for å røkje etter mogleg skulemålsuro. Dette gjeld mellom anna i Hjartdal (Sauland), Drangedal (Tørdal) og Karmøy (Stangeland, ny skule). Lokallaga er jamt flinke til å melde frå, og skrivarstova har gode rutinar for snøgt å setje i gang arbeidet med å vinne røystingane.

Det finst nokre døme frå særleg små nynorskskular også på opplagte lovbrota når det kjem til parallellklassar: Skular som godtar og gir undervisning til bokmåls- elevane på nynorskskular trass i at det ikkje er minst ti bokmåls- elevane på steget. Dette gjeld først og fremst i kommunar som grensar til større bokmålsbyar. Vi har tatt opp dette med så vel skuleleiing og politisk leiing i kommunar og vist til at denne praksisen først og fremst rårar nynorskelevane. Det er både manglande kjennskap til lovverket og stram økonomi som er årsaka til at desse lovbrota skjer.

- *Administrasjonsmålet på skulane skal vera det same som skulemålet.*

I framlegget til ny opplæringslov blir det foreslått at administrasjonsmålet på skulane skal vedtakast i lokal forskrift, av både kommunar og fylkeskommunar.

Dette har Noregs Mållag spelt inn til opplæringslov- utvalet.

- *Om det dukkar opp eit initiativ til ei offensiv skulemåls- røysting, skal Noregs Mållag prioritera arbeidet med å vinna denne.*

Skrivarstova har hatt samtalar med Nordmøre Mållag og Tingvoll Mållag om mogleg offensiv røysting i samband med stortingsvalet 2021.

Ungdomssteget

I dag opphøyrer retten til å få opplæring på eige språk når elevane går ut av barneskulen. Då kan elevane sjølve avgjera kva språk dei vil ha som hovudmål, men dei har ingen rett til å få opplæring i og undervisning på dette språket, utover sidemålsopplæringa. Noregs Mållag har arbeidd for at retten til å få opplæring på hovudmål skal gjelda heile grunnskulen.

I dag kan 12–13 år gamle elevar sjølve velja opplærings- språk frå 8. klasse. Valet skjer før elevane har vore innom språkhistoria i pensum og før dei er fullkompetente i hovudmålet sitt. Noregs Mållag meiner nynorskelevane bør ha det same opplæringsmålet heile grunnskulen.

Sidemålsordninga i ungdomsskulen syter for at alle møter nynorsk i grunnskulen. Ho er viktig for statusen til nynorsk og for å sikra kompetanse i nynorsk i heile samfunnet. Eigen karakter og eksamen i sidemål er med og held oppe statusen til undervisninga i sidemål i norskfaget. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på dei sidemålsforsøka som no går føre seg i skulen.

- *Språkvalet til nynorskelevane skal følgja dei ut heile grunnskulen.*
- *Retten til opplæring på eige språk skal gjelda ut grunn- skulen. På språkblanda ungdomsskular skal elevane frå nynorskkrintsar og bokmålskrintsar halda fram i kvar sine klassar.*
- *Lærarar i ungdomsskulen skal undervisa nynorskelevar på nynorsk i alle fag.*
- *Det må koma ei statleg støtte til nynorskopplæring i eigne grupper.*

Under landsmøtet i Vinje i 2018 sa dåverande kunns- kapsminister Sanner at han ikkje var ferdig med å gjere sine vurderingar om Odda-modellen. Mållaget heldt då fram arbeidet med å få språkdelt ungdomsskule inn på budsjettet for 2019. Både vi og Nynorsk forum sende innspel til regjeringa om språkdelt ungdomsskule, og Noregs Mållag gjekk gjennom alle ungdomsskular i landet og laga eit grunnlagsmateriale over kor mange



Kvinnersterkt i Valldalen: Valldal Mållag inviterte til ope bok- og mållagsmøte då Nynorskstafett-bilen kom køyrande innom bygda i 2019. Frå venstre: Frida Pernille Mikkelsen frå Norsk Målungdom, Gro Morken Endresen og Marit Aakre Tennø frå Noregs Mållag, Elida Brenna Linge, dåverande leiar i Valldal Mållag og forfattar Ingunn Røyset. (Foto: Hegelin Walddal)

klassar det sannsynlegvis ville dreie seg om, og dermed kva kostnaden ville vere. Utdanningsdirektoratet har fått og brukt oversynet i arbeidet sitt, men vi kjenner ikkje konklusjonane dei har trekt og lagt fram for departementet. I september 2018 var Magne Aasbrenn to dagar i Odda for å setje fokus på språkdelt ungdomsskule for den nye kommunen. I framkant av statsbudsjettet for 2019 sende vi innspel til både opposisjon og regjering. I november 2019 var Aasbrenn i Odda på møte med rådmann og rektor for Odda ungdomsskule, saman med representantar for fire parti i kommunestyret og styret i Odda Mållag. Fordelinga av språkval hjå 8. klasse-elevane ved Odda ungdomsskule i inneverande år er slik at det hadde høvd med 2 nynorskklassar og 1 bokmålsskule. Desse elevane er likevel blanda på grunn av «sosialpolitiske vurderingar», sa rådmannen. Slik sett er «Odda-modellen» ikkje lenger fungerande i Odda fordi dei politiske styresmaktene legg til sides argumenta frå mållaget lokalt og sentralt. Såleis ser lov- eller forskriftsfesting av språkdelt klassar ut til å vere den einaste stabile løysinga av problemet, også i Odda.

I statsbudsjettet for 2019 var der ingen midlar til språkdelt ungdomsskule, men ei formulering om at kostnadene var berekna til 12 mill første året, så opp mot 20 mill når ordninga var innført på alle trinn. Departementet ville gjere ei vurdering og komme attende til saka i budsjettet for 2020. Senterpartiet

hadde ordninga inne i sitt alternative budsjett. Noregs Mållag deltok på budsjett høyring i komiteen og fekk Ap, Sp og Sv til å etterlyse tiltak frå staten i sin merknad til budsjettet.

Hausten 2018 blei det klart at også Krf skulle inn i regjeringa. Vi møtte sentrale Krf-politikarar og sende innspel til regjeringspartia om at språkdelt ungdomsskule måtte vere ein del av samarbeidsavtalen mellom partia. I januar 2019 kom Granavolden-erklæringa der regjeringspartia vil «utrede språkdelt ungdomsskule».

På møte med statssekretær Rikke Høistad Sjøberg i Kunnskapsdepartementet i mai 2019 tok vi mellom anna opp språkdelt ungdomsskule og etterlyste utgreiinga i saka og argumenterte for innføring frå 2020. Statssekretæren opplyste at det var fleire usikre moment i saka sett frå deira side, og i tillegg at departementet då arbeidde med 2021-budsjettet og at det realistisk sett difor er det tidlegaste saka kan komme på budsjettet. Ho gav ikkje på nokon måte inntrykk av at dei hadde landa på å ville prioritere denne saka.

Då budsjettet for 2020 kom, hadde regjeringa altså som venta ikkje funne plass til språkdelt ungdomsskule. Denne gongen var orsakinga i budsjettet at dei venta på NOU-en frå utvalet som skulle føreslå ny opplæringslov og at: «Departementet vil komme tilbake til vedtaket overfor Stortinget på ein eigna måte». Nok ei trenering frå regjeringa.

Då NOU-en kom, peika dei attende på politikarane. Utvalet svikta, no må den nye kunnskapsministeren ta grep.

I kvart sitt departement er det samstundes arbeid med to ulike lover. I Kunnskapsdepartementet arbeider eit utval med ny opplæringslov, og i Kulturdepartementet blir det arbeidd med ny språklav og ei ny språkmelding. I fleire omgangar spelte vi inn til opplæringslovutvalet at språkdelt ungdomsskule må på plass i ei ny lov. Sist på eit møte med utvalleiaren for opplæringslovutvalet. Til språklavsarbeidet og arbeidet med språkmeldinga har vi gjentatte gonger spelt inn at opplæringspolitikk er språkpolitikk og at mellom anna språkdelt ungdomsskule er eit viktig middel for språkleg jamstilling.

I tillegg har språkdelt ungdomsskule vore tema på møte med Løvebakken mållag, Ullensvang kommune-styre, sentrale politikarar i både opposisjon og posisjon, forum for nynorsk i opplæringa og på tre møte hjå kunnskapsdepartementet, det siste i oktober 2019 med statsråd Sanner.

I tillegg til det konkrete påverknadsarbeidet, var språkdelt ungdomsskule tema i valkampflygebladet til Noregs Mållag i 2019. Hausten 2018 hadde vi ei innleiing for språkrådet sitt framtidsutval. Deira rapport, som skal vere eit bakgrunnsdokument for den varsla språkmeldinga, understrekar at språkdelt ungdomsskule er eit viktig tiltak.

- *Elevane bør få sidemålsundervisning gjennom heile ungdomsskulen. Eleven sin kunnskap i sidemålet må vurderast gjennom eigen standpunktkarakter og obligatorisk eksamen på ungdomsskulen.*

I arbeidet med læreplanfornyninga har dette vore slått fast i Noregs Mållag sine innspel til arbeidet og for våre utspel i media og vore ein av dei prioriterte punkta i samtalar med sentrale politikarar.

- *Elevar med bokmål som opplæringsmål bør verta introduserte for nynorsk i andre fag enn norsk.*

I perioden har vi ikkje hatt nokon organisert kampanje for å bleste nynorsk i andre fag enn norsk. Like fullt er dette eit sentralt emne på mest alle møte vi har i kommunar der bokmål dominerer som skulemål.

- *Årsramma for norsklærarar i ungdomsskulen må reduserast.*

Dette synet har vi fremja i møte med Landslaget for norskundervisning (LNU)

MOTIVASJONSDAG FOR LÆRARAR

Skrivarstova har laga eit eige notat til fylkesmållaga om korleis skipe motivasjonsdag for lærarar som underviser i norsk på ungdomsskule eller vgs. Notatet har framlegg til opplegg for dagen og gode råd for å skipe til og gjennomføre slike seminaropplegg. Der blir det også oppmoda om å søkje støtte frå organisasjonsmidlane sentralt. Dette notatet er sendt ut til alle fylkesmållaga og saka var oppe på landsrådsmøtet i november 2019.

Arbeidet med motivasjonsdag blei tatt opp at fylkesmållaget Vikværingen i førre årsmeldingsperiode. Dei har også i denne perioden skipa til motivasjonsdag i Oslo kvar haust, der lærarar frå Oslo og Akershus har vore inviterte. Naumdøla Mållag skipa til motivasjonsdag for lærarar i Grong i september 2018, sentralt skipa til motivasjonsdag på Lillehammer for lærarar i ungdomsskulen og vidaregåande skule i Hedmark og Oppland i januar 2019 og Trønderlaget skipa til motivasjonsdag i Trondheim i februar 2020.

Vidaregåande opplæring

I randsonene er språkskiftet stort i den vidaregåande skulen. Det er ofte store, sentraliserte skular der elevane kjem frå områda rundt. Mange kjem frå eit «trygt» nynorsk område og hamnar i språkleg mindretal. I slike situasjonar er det vanskeleg å halda på nynorsk. I tillegg er det fritt opp til lærarane kva språk dei vil undervisa på. Dette skaper skular som i praksis vert reine språkskiftefabrikkar. Noregs Mållag krev at alle elevane i studieførebuande utdanningsprogram vert prøvde i to jamstelte oppgaver/oppgåvesvar 3. året i den vidaregåande skulen. Det skal vera to ulike eksamensdagar. Krava/vurderingskriteria skal vera dei same i hovudmål og sidemål.

- *Elevane skal framleis ha eigen karakter i sidemål, både standpunkt og eksamen.*

I arbeidet med læreplanfornyninga har dette vore tema for Noregs Mållag sine innspel til arbeidet og for utspela våre i media og vore eitt av dei prioriterte punkta i samtalar med sentrale politikarar.

- *Opplæringsstyresmaktene må ha ein politikk for å stogga språkskifte.*
- *Det skal vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.*

Under fagfornyninga har Noregs Mållag spelt inn fleire tiltak som kan vere med på å stogge språkskifte. Den nye læreplanen i norsk som kom i fjor, slår fast at lærarane skal stille lågare krav til kompetanse i side-mål enn i hovudmål. Dette opnar for eit stort taktisk språkskifte der nynorskelevar byter hovudmål for å få større uttelling for nynorskkompetansen om han blir testa som sidemål. Dette åtvare Noregs Mållag sterkt mot, og kravde at dåverande kunnskapsminister Trine Skei Grande kompenserte dette gjennom å innføre eit ekstrapoeng til dei som har nynorsk som hovudmål.

I arbeidet med språkbruksplanar i dei nye fylka har Noregs Mållag spelt inn at fylket må ha som mål at ingen elevar byter frå nynorsk til bokmål under den vidaregåande opplæringa. Til no har Rogaland vedtatt ei slik formulering.

Gjennom perioden har Noregs Mållag vore i jamn kontakt med VIGO IKS som hjelper til med utviklinga av systemet Visma In School som skal stå for registreringa av elevar over heile landet både i grunnskule og vidaregåande. Der har vi påverka til at språkvalet ein elev har frå grunnskulen, heretter automatisk skal følgje eleven når ho eller han byrjar i vidaregåande. Tidlegare har alle elevar måtta gjere språkvalet på nytt ved starten i Vg1, og i mange fylke har språkvalet vore ferdig prenta som «bokmål» på registreringsarket. I slike tilfelle måtte eleven aktivt stryke over «bokmål» på skjemaet og skrive inn «nynorsk» for å få nynorsk hovudmål, medan dei som ikkje gjorde nokon ting, automatisk fekk bokmål hovudmål.

Læruddanningane for grunnskulen og lektor-utdanninga

Alle lærarar i grunnskulen og vidaregåande er rollemo-dellar for god norskbruk, og dei er såleis norsklærarar uavhengig av kva fag dei underviser i. Ferdig utdanna lærarar i Noreg må kunna nynorsk. Det er viktig for opplæringa til elevar i nynorskområde, og det er viktig for å halda oppe den nasjonale kompetansen i nynorsk.

I dag får elevar som har hatt fritak frå vurdering i sidemål i vidaregåande, det same fritaket for vurdering i læruddanninga. Det tyder i praksis at institusjonane utdannar mange lærarar, medrekna norsklærarar, som berre kan bokmål. Det fører til mangelfull opplæring for nynorskelevane. I staden for å gje studentane fritak, burde dei få opplæring i nynorsk, slik at dei meistarar både nynorsk og bokmål når dei skal ut i læraryrket.

Å læra seg å skriva eit mindre brukt språk er annleis enn å læra å skriva det språket ein ser mest av rundt seg. Læruddanningane må difor undervisa i nynorskdidaktikk, både som hovudmål og sidemål. Læruddanningane har dessutan eit særskilt ansvar for ein fagleg diskusjon om nynorskelevar sine behov og om ein målretta morsmålsdidaktikk for nynorskelevar.

- Studentane på lærar-, lektor- og PPU-utdanningane må få opplæring i nynorsk språk og språkkrettane til elevane. Dei må kunna relevant fagterminologi på nynorsk.
- Lærar- og lektorstudentane som skal undervisa i norsk, må få opplæring i nynorskdidaktikk.
- Det skal ikkje kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål i lektorutdanninga. Fritaket må erstattast av opplæring. Karakteren i nynorsk og bokmål må stå på vitnemålet.

Landsmøtet i Noregs Mållag i 2018 vedtok ei fråsegn om nynorsk i læruddanninga som tok opp alle desse sakene. Vi har tatt opp alle desse spørsmåla med dåverande statsråd for høgare utdanning, Iselin Nybø, både skriftleg og seinare i møte.

I mai 2018 leverte Mållaget også høyringsfråsegn til Universitets- og høgskulerådet om felles innleiingskapittel til alle læruddanningane. Der kritiserte vi særleg at språk ikkje var nemnt.

- Det må leggjast opp pensum, drivast opplæring og nivået til studentane må vurderast i båe målformer, også for dei studentane som ikkje vel norsk i lektorutdanninga for årstrinn 5–10.

Dette har vi tatt opp med statsråden for høgare utdanning og gjort kjent i media og i møte med høgskulane.

- Norsk må verta obligatorisk for lektorutdanninga for årstrinn 5–10.

Vi har samla inn dokumentasjon om store manglar i denne delen av læruddanninga og har bede om møte med den nye statsråden for høgare utdanning med dette problemet som tema.

Vi har presisert andsynes statsråden at nynorsk-karakteren må komme på vitnemålet.

- Alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk.

Vi har bede om oversyn frå departementet om kva tilbod som blir gitt for lærarar som ønskjer etterutdanning i nynorsk. Somme kommunar har gitt slik etterutdanning, for det meste kommunar som samarbeider med Nynorsksenteret om særskilde nynorskprosjekt, m.a. i Lofoten og Vesterålen.



Nynorskstafetten 2019 på morgonmøte med rektor Åse Elisabeth Skjærseth på Vigra skule. Frå venstre: Åse Elisabeth Skjærseth, Christian Wiik Gjerde, Ingunn V. Steinsvåg og Live Havro Bjørnstad. (Foto: Hege Lothe)

- «Nynorsk hovudmål» må inn som tema i rektor-utdanninga.

Dette arbeidet har vi utsett til neste periode.

- Lærarorganisasjonane skal vedta ein best mogleg språk-politikk i samband med fagfornyngja og ny opplæringslov.

I perioden har NM vore i jamn kontakt med Utdanningsforbundet og Landslaget for norskundervisning i samband med skrivinga av ny læreplan. Vi har fått avklart at det ikkje er noko eige krav frå Utdanningsforbundet at lærarar sjølv skal kunne avgjere «tavle-språket».

HØGARE UTDANNING

Studentrettar

Engelsk er i ferd med å ta over som forskingsspråk i Noreg, og det vert òg meir og meir vanleg å undervisa på engelsk på alle nivå på høgskular og universitet. For å

halda oppe eit norsk fagspråk må studentane få meir av pensum på norsk.

Det er viktig å hegna om retten til å få eksamen på eige språk. I dag er ikkje private høgskular omfatta av denne retten.

- Studentane må møte meir pensum på norsk og særleg nynorsk.

For å sikre at norsk held fram med å vere det dominerande språket i Noreg er det viktig å styrkje stillinga til norsk språk på mange område. Eit av dei viktigaste områda å hindre dette domenetapet på er akademien.

På møte med minister for forskning og høgare utdanning Iselin Nybø i mai 2019 la Noregs Mållag fram ei rekkje krav til støtte for nynorsken i akademien. Vi meiner at teljekantsystemet må endrast, slik at forskarar får insentiv til å utarbeide norsk fagspråk og pensumlitteratur. Studentar må møte meir norsk pensumlitteratur, og i fag der pensumlitteraturen er på engelsk, skal det finnast støttmateriell på norsk.

Til statsråden presiserte vi at for at sjukepleiarar, lærarar, juristar, journalistar og sosialarbeidarar skal vere trygge på å gjere jobben sin på norsk, er det viktig at universiteta og høgskulane tar ansvaret dei har for

norsk språk på alvor. Universiteta og høyskulane skal danne og bu studentane på å bli demokratiske deltakarar og gode språkbrukarar i det norske samfunnet.

Vi bad også om meir støtte til mykje brukte fagbøker på nynorsk. Slik stoda er, er det berre bøker til «smale» fag som får støtte, men støtta bør også gå til bøker for store fag. Dette problemet har vi også tatt opp i eit eige møte med Forleggarforeininga.

- *Studentar skal ha rett på eksamen på nynorsk både på offentlege og private utdanningsinstitusjonar.*

I møtet med statsråden understreka vi at utdanningsinstitusjonane må ta språkrettene til studentane på alvor. At fleire universitet og høyskular systematisk nedprioriterer nynorsk og bryt både mållova og eksamensforskrifta, gjer ikkje studentane til trygge språkbrukarar. Studentar må bli trygge brukarar av fagspråk både på nynorsk og på bokmål og dei må vere trygge på at mållova blir følgt når det gjeld utforming av eksamensoppgåver.

I framlegget til ny universitets- og høyskulelov føreslår utvalet at retten til eksamen på eige språk også skal gjelde private utdanningsinstitusjonar.

- *Studentane må ha rett på undervisning på norsk til og med bachelor.*
- *Studentane må ha rett til å skriva bachelor- og masteroppgåver på norsk.*
- *Eksamen på bae målformer skal vera sikra etter forskrifta om målform i eksamensoppgåver.*

Desse tre sakene tok vi opp i møte med statsråd Iselin Nybø i 2019.

- *Høgare utdanningsinstitusjonar som ikkje gjev nynorskstudentane eksamen på nynorsk, skal møta sanksjonar.*

I høyringssvaret til den nye språklova går vi inn for sanksjonar for mållovsbrot, og det kravet har vi tatt opp i alle møte i den lange prosessen som no nærmar seg slutten.

- *Det må opprettast stimuleringsordningar for bachelor-, masteroppgåver, phd- og dr. philos-avhandlingar på nynorsk. I fag der lærebøker eller undervisning er på engelsk, skal det finnast norskspråkleg støttemateriell.*

Dette er oppgåver som står att til den andre delen av arbeidsperioden.

Undervisning og forskning

Den sterke posisjonen engelsk språk har fått i akademia, gjer det endå vanskelegare å sikra den nynorske skriftkulturen. Arbeidet for å ta vare på og vidareutvikla norsk fagspråk er for lite prioritert og følgt opp innanfor sektoren.

Styrking av norsk språk er ikkje ein resultatindikator i akademia, til liks med formidling av forskning overfor eit breitt publikum. Internasjonal inn- og utveksling av studentar er derimot ein slik indikator. Difor er det attraktivt å gje undervisning på engelsk for å trekkja til seg utanlandske studentar. Formidling til den norske ålmenta må verdsetjast høgare. Publisering av lærebøker på norsk må verta viktigare.

- *Universitet og høyskular må følgja opp Språkrådet sin «Vegvisar for språkval i universitets- og høyskulesektoren»*

NM har deltatt på seminar skipa av Nasjonalmuseet og Språkrådet og fremja dette synet.

- *Språk må vera eit av kriteria i teljekantsystemet som skal premiera formidling på norsk, både til fagfellar og til eit breiare publikum. Publisering på norsk bør gje økonomisk uttelling.*

Dette tok vi opp med statsråd Iselin Nybø. Sjå ovanfor.

- *Høgare utdanning har ansvar for å ta vare på og vidareutvikla norsk fagspråk.*

Vi tok også opp med statsråden at etter universitets- og høyskulelova har utdanningsinstitusjonane eit ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk.

- *Universitet og høyskular lyt følgja norsk lov slik ho er nedfelt i §§ 1–7 i universitets- og høyskulelova, som slår fast at universitet og høyskular har ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Staten må setja i verk straffetiltak mot dei som saboterer gjennomføringa av denne lova.*

Vi har òg spelt inn til eit sterkare ansvar for norsk fagspråk gjennom ein eigen føremålsparagraf som sikrar norsk fagspråk, sikre retten til eksamen på eige språk



Folkemøte i Ålesund! I mars 2019 inviterte Borgund Mållag, Sunnmøre Mållag og Noregs Mållag til folkemøte om nynorsk i Ålesund. Det var solid fram møte og god stemning i salen, og timar før blei Borgund Mållag oppattskipa etter fleire år utan aktivitet. (Foto: Hege Lothe)

og sikre nynorsk i studentsamskipnadene i innspel til utvalet som arbeidde med framlegg til ny universitets- og høgskulelov. Lova er no på høyring, og utvalet utvidar der retten til eksamen på eige språk til å gjelde private høgskular. Men utvalet finn det ikkje rett å sikre norsk fagspråk gjennom eigen føremålsparagraf eller å endre lova om studentsamskipnaden, men foreslår å setje ned ei gruppe som ser meir på den lova.

I vårt høyringssvar til ny språklov foreslår vi at studentsamskipnadene blir underlagt språklova som nasjonale statsorgan, eller at ein på anna vis sikrar at studentsamskipnadene brukar både nynorsk og bokmål.

- *Sektoren må stilla sterkare tilsetjingskrav, slik at eit vilkår for fast jobb er at tilsette kan dokumentera at dei kan norsk innan ei viss tid.*
- *Terminologiarbeidet må få meir offentleg stønad.*

Nynorskforsking

Det skjer mykje viktig forsking og kunnskapsutvikling på felt som er viktige for Noregs Mållag. Det har dei seinaste åra utvikla seg større forskingsmiljø som forskar på nynorskrelaterte problemstillingar. Det er viktig at Noregs Mållag følgjer med på det som skjer på feltet, tek til oss den kunnskapen dei formidlar og brukar

fagfolk i nynorskforskingfeltet aktivt på kurs, seminar og konferansar.

- *Halde kontakt med forskarnettverket for å speide etter gode innleiingar og artiklar*

Norskopplæring for vaksne innvandrarar

Folkeveksten i landet vårt kjem i dag av utanlandsk innvandring. Innvandrarar er viktige tilflyttarar for heile Distrikts-Noreg. Det er difor viktig at dei lærer det lokale språket. Mange av dei nye innbyggjarane kjem med familie og ungar. Nynorskopplæring i vaksenopplæringa kan gjera det lettare å koma inn i det norske samfunnet fordi ein då lettare forstår det munnlege talemålet. Då vert det også lettare å forstå dialektar frå alle delar av landet. Arbeidstakarar frå EØS-området har i dag ikkje rett til norskopplæring, men mange kommunar tilbyr dette likevel. I framtida bør denne gruppa ha rett til å læra norsk både av omsyn til integrering, tryggleik på arbeidsplassen og for å styrkja norsk språk. Dersom nokre av dei som har lært nynorsk, flyttar vidare til bokmålsområde, er det ikkje noka ulempe å kunna nynorsk, tvert om.

I dag er dette eit heilt uregulert område. Språkvalet er ofte opp til den som leier norskopplæringa. I tillegg er det ingen krav til at læremiddel skal koma ut på bae

målformer. Situasjonen har betra seg noko på læremiddelfronten, men det trengst eit parallellutgåvekrav for læremidla for å sikra god nok tilgang.

Hausten 2015 lanserte Noregs Mållag kampanje for nynorsk opplæring for vaksne innvandrarakar: NyNorsk. Då vi starta kampanjen, talde vi 39 kommunar med nynorskopplæring for vaksne innvandrarakar. Før kommunesamanslåingane talde vi 53 kommunar som hadde gjort vedtak om å gå over til nynorsk eller gav nynorskundervisning. For to sidan var det venta at talet på kommunar som gjekk over til nynorsk, skulle auke fordi talet på nynorske læremiddel har gått opp, og det har gjort at fleire opplæringscenter og kommunar har blitt meir positive til å ta overgangen. Det som har skjedd siste åra, er at det har komme vesentleg færre innvandrarakar til Noreg, og til dei mindre og små kommunane har det stoppa heilt opp. Det har ført til at vi har fått ein situasjon i fleire kommunar der saka har blitt lagt vekk fordi desse kommunane i praksis stengjer ned mottaksapparatet.

Vi har arbeidd mykje direkte saman med lokallag for å få kommunestyre til å vedta språkskifte, og vi har arbeidd direkte inn mot einskildkommunar for å påverke dei til å skifte. Det er også slik at lokalpolitikarar har tatt kontakt med Noregs Mållag direkte og bede om å få til hjelp med argumentasjon og faktagrunnlag, og det har dei fått. I nokre høve har skrifvarstova tatt direkte kontakt med lokale folkevalde om dette spørsmålet. Men det har dessverre blitt færre slike saker siste åra, og i somme av desse sakene har vi heller ikkje fått eit positivt nynorskvedtak. Os kommune og Fusa kommune gjekk saman til éin kommune, Bjørnafjorden kommune ved årsskiftet. I arbeidet med å slå saman dei to kommunane skulle det gjerast språkvedtak for den nye kommunen. Då blei det vedtatt at det nye felles opplæringscenteret skulle gå over til å undervise i nynorsk. Også då Ullensvang kommune, Jondal kommune og Odda kommune blei til nye Ullensvang kommune blei det slått fast at vaksenopplæringa i kommunen skulle vere på nynorsk. Der hadde Odda kommune tidlegare hatt bokmålsundervisning.

Under nynorskstafetten i 2018 og 2019 var dette eit av temaa vi tok opp i dei kommunane der det er aktu-

elt, og det er òg ein av dei sakene vi opplever at mange synest er problematisk der kommunen gir anna opplæringspråk enn opplæringspråket i skulen.

Kompetanse Noreg er direktoratet som følgjer opp læremiddel for vaksne innvandrarakar. Dei har laga ei eiga side med informasjon om nynorsk i opplæringa. Hausten 2017 blei det laga ei mentorordning for vaksenopplæringscenter som skal gå over til nynorsk. Denne ordninga er vidareført og heiter *Kompetansesenter for nynorsk i norskopplæringa av vaksne innvandrarakar etter Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarakar*. Det er Ulstein opplæringscenter med Mali Åm som kontakt som fekk oppdraget i 2020. Kompetansesenteret skal bidra med rettleiing og råd til andre center som nett har starta eller vurderer å starte med å gi opplæring på nynorsk. Kompetansesenteret skal gi råd om korleis opplæringa kan tilretteleggjast på dei ulike spora og nivåa, inkludert den første lese- og skriveopplæringa. Det er også slik at centeret kan reise og besøke andre center eller å ta imot besøk på eige center, inkludert besøk i klasserommet, for å sjå i praksis korleis opplæringa går føre seg.

I læremiddelbasen til Kompetanse Noreg er det registrert 30 læremiddel på nynorsk, og i tillegg åtte peikarar til bøker og nyttige nettressursar. Det gjeld både digitale og papirbaserte læremiddel. Det er framleis langt færre læremiddel på nynorsk enn på bokmål. I 2019 blei det lyst ut ny læremiddelutlysning for forlag som ønskjer å lage lærebøker på nynorsk.

Mållaget ønskjer at opplæringspråket skal følgje kommunespråket i dei kommunane som har tatt eit val om kommunespråk, og at læremiddel må inn under opplæringslova og komme til same tid og pris på bokmål og nynorsk. Desse krava frå Mållaget kom fram i presseutspel i etterkant av landsmøtet i 2018 og gjekk som innspel til utvalet som arbeidde med NOU om opplæringslova. I den NOU-en som blei lagt fram, kom dette ikkje med. Så dette er emne som Noregs Mållag må følgje opp i høyringa og det vidare arbeidet.

Noregs Mållag har ikkje arbeidd mykje med tema rundt at arbeidstakarakar med utanlandsk bakgrunn bør få opplæring på nynorsk i nynorskområde, og at EØS-borgarakar som bur eller arbeider i Noreg, skal få rett til norskopplæring.

Kultur

Media

Mediebransjen er inne i ei tid prega av sterk endring på mange felt. I mange år har Noregs Mållag arbeidd hardt for å få dei store riksavisene til å opna for nynorsk. Det har vore rett, og i 2017 fekk me på kort tid fleire gjenombrot her. Denne prinsippssaka er viktig, men kanskje ikkje lenger viktigast. Landet rundt ser me små og store redaksjonar som ynskjer nynorsken velkomen i spaltene sine. Noregs Mållag bør gå i dialog med aktørar i og rundt målrørsla for å finna fram til kva verkemiddel som kan hjelpa desse avisene best mogleg.

NRK er sjølve motoren for nynorsk i media, med kontoret i Sogn og Fjordane som ein spjotspiss. Til no har kravet overfor NRK vore at 25 prosent av innhaldet skal vera på nynorsk. Dette vert rekna ut ved at all dialektbruk vert fordelt likt på dei to skriftspråka. Dermed er den reelle bruken av munnleg nynorsk langt lågare enn 25 prosent, også i dei åra der NRK kan rapportera om at ein firedel av NRK-språket var nynorsk. Nett tek over for lineær-tv. I dag rapporterer ikkje NRK for målbruken på nett.

Noregs Mållag bør arbeida for å sikra mediebransjen utanfor hovudstaden betre villkår. Mange nynorske lokalaviser er små og sårbare, og Noregs Mållag meiner golvet i produksjonsstøtta bør aukast til éin million. Dette bør ikkje gå på kostnad av dei riksdekkjande meiningsberande avisene. TV2 har i mange år vore viktig for nynorsken, men har ikkje krav på seg om å bruka nynorsk på nett, og gjer det dermed heller ikkje.

Nynorsk avissenter, Dag og Tid, Norsk Barneblad, Syn og Segn, Framtida, NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk Pressekontor er alle saman gode, nynorske medietiltak. Felles for dei alle er at dei kan visa til gode tal, god framgang og gode faglege resultat. Noregs Mållag skal arbeida for at desse får gode rammevilkår også i framtida.

Journalistutdanningane er for dårlege på å utdanna journalistar i eit tospråkleg Noreg. Difor er dei nynor-

ske journalistutdanningane i Førde svært viktige. Tron-
gen for nynorskjournalistane er stor.

- *Alle riksaviser skal opna for nynorsk journalistikk. Alle lokalaviser burde òg sleppa til journalistar som ønskjer å skriva nynorsk.*

Det absolutte forbodet mot nynorsk i riksavisene står for fall, og vi har sett både VG og Aftenposten lempe på restriksjonane, anten på grunn av tekstsamarbeid med andre aviser eller fordi dei har eigne medarbeidarar som helst skriv nynorsk. Denne oppmjukinga er ein konsekvens av ein mangeårig innsats frå Noregs Mållag. Rørsla har arbeidd med nokre bokmålsdominerte lokalaviser på Austlandet for å få inn nynorsk på redaksjonell plass, og ser ein viss framgang i Dagsavisen-systemet som har nynorskartiklar i sine lokalaviser også på Austlandet.

- *Det er særleg viktig å hjelpa redaksjonar som ynskjer å bruka meir nynorsk, til å nå målet sitt.*

Våren 2018 lanserte Noregs Mållag rapporten *Språket i redaksjonen*. Rapporten er meint som ei verktøykasse og tipssamling for redaksjonar som ønskjer meir journalistikk på nynorsk. Rapporten er gratis tilgjengeleg og har blitt formidla til ein heil del redaksjonar. Nynorskroboten, som er utvikla av Nynorsk pressekontor (NPK), har også auka stofftilgangen på nynorsk mykje, då den maskinelle hjelpa gjer at NPK får omsett ein større del av bokmålsnyhenda NTB produserer.

- *Arbeidsgjevaravgift, pressestøtte og momsfrisk er alle verktøy som kan brukast for å fremja nynorsk i media.*

Noregs Mållag har levert høyringssvar til framlegget til lov om mediestøtte både gjennom Nynorsk forum og eit eige høyringssvar i januar 2020. Høyringsfråsegna vår legg vekt på at mediestøtteleova bør ha eit slikt språkpolitisk føremål: «Mediestøtteordningane skal støtte opp om norsk språkpolitikk og bidra til at norsk, med skriftspråka bokmål og nynorsk, er samfunnsberande språk, og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for». I tillegg la vi inn eit framlegg om at lova slår fast at støtteordninga omfattar det å ha eit ansvar for det minst brukte språket, nynorsk.

- *Både NRK og TV2 må få krav på seg til å bruka nynorsk på nett.*

NRK fører statistikk over språket på nrk.no slik at det kjem tydeleg fram kor stor del nettsida utgjer av den samla nynorskprosenten. Dei styrkjer seg sakte, men sikkert på nett, og hadde i fjor 18,2 % nynorsk der. TV 2 har eit krav om å bruke både nynorsk og bokmål, og det kravet vel dei å tolke som eit munnleg krav, ikkje eit skriftleg. Det har vore spede innslag av nynorsk på nettsida, men her er dei reint for dårlege. Noregs Mållag har hatt møte med både NRK og TV 2 i perioden. NRK har i seinare tid vore svært tydeleg på at dei prioriterer språkkrava sine, og vi ventar at dei når 25 % også på nett i 2020. TV 2 signaliserte ein viss velvilje og vi hadde venta eit litt betre resultat frå dei enn det dei så langt har levert.

- *Dei nynorske medieverksemdene må vera sikra gode rammevilkår.*

Noregs Mållag leverte høyringssvar til rapporten «NRKs bidrag til mediemangfoldet» i mai 2018. Mållaget peika blant anna på at ein ikkje har fullt mediemangfald dersom ein ikkje har språkleg mangfald, og at NRK må bruke ressursar på dei delane av organisasjonen sin som bruker nynorsk i dag, og på å gjennomføre sin eigen tiltaksplan for nynorsk.

I krav til statsbudsjettet har vi særleg bede om pengar til NPK (nynorskroboten) og til Framtida junior, som er eit nyhendetilbod på papir og nett for elevar på mellomtrinnet og tidleg ungdomsskule.

- *Det er viktig å samarbeida med Kringkastingsringen for å sjå på korleis nynorskkravet i NRK kan fungera best mogleg i framtida.*

Noregs Mållag har lenge meint at den noverande registreringsordninga og statistikkføringa i NRK, nok kunne ha funne ei betre form. Vi har likevel «freda» ordninga med sikte på at NRK skulle nå 25 %-målet før vi tok til orde for å endre spelereglane. No var endeleg 25 % nynorsk på plass i 2019, og det kan opne for eit nytt blikk på saka. Arbeidet vårt andsynes NRK skjer i all hovudsak saman med Kringkastingsringen.

- *Program og filmar på nordiske grannespråk skal ikkje dubbast, men mindre dubbing må ikkje føra til mindre nynorsk.*

Mållaget møtte NRK Super-redaksjonen hausten 2018. Då var også dubbing tema, og vi tok opp desse avvegningane mellom nynorskomfang og mindre dubbing. NRK bruker dubbingstudio frå seks ulike stader i landet, to av dei er reine nynorskleverandørar.

I 2019 hadde vi møte med TV 2 der vi mellom anna tok opp dubbing. Då var vinklinga vår (norsk)språkleg mangfald, særleg i barneprogramma. Det har ført til at TV 2 no i vinter har meldt vidare til Nordisk Film, som står for dubbinga hjå dei, at dei bør ta omsyn til å spegle dialektmangfaldet og såleis ikkje berre bruke personar med austlandsdialekt.

Film

Ein statleg støtta filmproduksjon må spegla heile Noreg, og dei regionale filmsentera er eit middel for å få det til. I dag skal all norsk film vera teksta for høyrslheemma. Ny teknologi gjer det lettare å tilby teksting på både bokmål og nynorsk.

- *Norsk filmproduksjon må spegla det norske språkmangfaldet og bruka alle norske dialektar.*
- *Alle kinoar i nynorskområde skal tilby film med nynorsk undertekst. I samiske område burde filmene tilbyast med samisk undertekst.*

Då det blei kjent at Disney-filmen *Frost* skulle få ein oppfølgjar, gjekk Noregs Mållag ut i media og kravde at Disney i Noreg skulle ta i bruk både dialektar og samisk i den nye filmen. Dialektane til barn over heile Noreg er stadig påverka av bokmålstalemål. Difor er det ekstra viktig at barn høyrer ulike dialektar i ein så populær film, understreka vi. Gledelig nok laga Disney ein heil versjon av filmen som var dubba på nord-samisk. Som i den første *Frost*-filmen snakkar trolle normalisert nynorsk i den norsk-dubba versjonen av filmen.

Vi har i perioden gitt økonomisk støtte til nynorsk teksting av filmen *Skammarens dotter 2*.



Utdelinga av Nynorsk barnelitteraturpris 2018 til Kari Stai samla 70 born og vaksne på Inderøya i Trøndelag. Magne Aasbrenn overrekte Kari Stai prisen på 30 000 kroner. (Foto: Henning Lystad)

I eit høyringsinnspel frå Mållaget til barne- og ungdomskulturmeldinga, sa vi at ein statleg støtta filmproduksjon må spegle heile Noreg, og mangfaldet i dialektar og historier må vere breitt. Dei regionale filmsentera er eit middel for å få det til.

- Det bør vera mogleg å velja nynorsk undertekst når ein kjøper film på DVD eller strøymekanalar.

Då filmen etter Elena Ferrantes *Mi briljante venninne* blei varsla å komme på HBO sommaren 2018, gjorde vi utspel om at tekstinga, som bøkene på norsk, måtte vere på nynorsk. Dette blei ikkje tatt til følgje av strøymekanalane.

Vårt innspel til barne- og ungdomskulturmeldinga: I dag skal all norsk film vere teksta for høyrslhemma. Ny teknologi gjer det lettare å tilby teksting på både bokmål og nynorsk. Det må òg vere tilbod om nynorsk teksting på strøymetenester.

Sosiale medium og nynorsk på nett

I dag har dei fleste sosiale medium utanom Facebook eit brukargrensesnitt på bokmål eller engelsk. Dei

viktigaste sosiale media bør ha brukargrensesnitt på nynorsk. Utviklinga av det nynorske internettet, sosiale medium og programvare må skje både gjennom krav frå det offentlege, arbeidet til nynorskvenner i næringslivet og organisasjonar og gjennom dugnadsinnsats frå medlemmer og nynorskaktivistar. Dugnadsinnsatsen i omsetjinga av sosiale medium er ein sentral del av dette arbeidet. Noregs Mållag vil arbeida for nynorskomsjetjing av språklæringsappar, sosiale medium og dataprogram.

- Sosiale medium, appar og dataprogram bør vera tilgjengelege på nynorsk.

Frå juni 2019 gir kontakt- og reservasjonsregisteret (folkeregisteret) høve til å registrere språk du ønskjer å få dokument og meldingar frå stat og kommune på. Vi sende oppmoding til våre lokallag om å dobbeltsjekke sine folk, og informerte også følgjarane våre i sosiale medium.

I 2019 var det gledeleg å sjå at den nye førarkort-appen til vegvesenet var på nynorsk frå dag éin. Google sitt mobiltastatur Gboard har også komme med nynorsk ordliste i årsmeldingsperioden – eit viktig framsteg.

Vi har omsett appen Joyn til nynorsk, ein app for å samle fleire medlemskort på éin stad. Han hentar språkinnstillingar frå iPhone og Samsung-telefonar, som no er moglege. Det tyder ikkje at iOS eller Android finst på nynorsk enno, men det er ein start at ein kan velje nynorsk i språkinnstillingane på desse telefonane. Dette vil gjere det lettare å spørje utviklarar om å tilby automatisk nynorsk språkval i sine appar.

Vi har vore i jamleg kontakt med Vy om nynorsk språk i marknadsføringa deira, og det har bidrege til at dei har varsla at nettsida deira skal komme med språkval mellom bokmål og nynorsk og at den automatiserte høgtalarrrøysta på Vossebanen skal bli på nynorsk. Vi har også avtalt møte med Bane NOR, som har app og nettside delvis på nynorsk. Vi stiller jamleg spørsmål til Vipps om å tilby nynorsk. Vi har ikkje arbeidd med Twitter, Snapchat, Instagram eller Facebook i perioden, men vonar å kunne arbeide meir med særskilt å få Facebook på mobil på nynorsk.

Innspel til barne- ungdomskulturmeldinga: I dag har dei fleste sosiale medium utanom Facebook eit brukargrensesnitt på bokmål eller engelsk. Dei viktigaste sosiale media bør ha brukargrensesnitt på nynorsk. Utviklinga av det nynorske internettet, sosiale medium og programvare må skje gjennom krav frå det offentlege.

Teater

Det Norske Teatret er det viktigaste teateret i Noreg, og det bør statsstønad spegla. I Hordaland har Hordaland teater kome inn i nytt hus i sentrum.

- Samarbeidet mellom dei nynorske teatera er svært positivt for nynorsk scenekunst.
- Arbeidet som lokale og regionale teater gjer for å styrkja talemålet i sine område, bør få positiv merksemd.

Noregs Mållag har hatt møte med og uttalt oss positivt i media særleg om Det Vestnorske Teateret (tidlegare Hordaland Teater) og om søknaden deira om å bli «Nynorskhuset» i Bergen. Vi har også hatt møte med Teater Vestland.

- Det Norske Teatret bør få same budsjettløyving som Nationaltheatret.

Det Norske Teatret er med i samarbeidsorganet Nynorsk forum og vi løftar i fellesskap fram denne saka med jamne mellomrom. Regjeringa har føreslått nye tilskotsendingar for nasjonale kulturinstitusjonar, som ein del av regionreforma. Vi har arbeidd for at Det Norske Teatret skal få halde fram med å få heile

tilskotet sitt frå staten, for å sikre teateret føreseielege økonomiske vilkår. Vi har argumentert med at det er svært viktig for nynorsk som nasjonalspråk at Det Norske Teatret held fram med å ha den sentrale posisjonen teateret har i dag.

Litteratur

Den nynorske litteraturen er det fremste uttrykket for den nynorske skriftkulturen. Det Norske Samlaget er det største av nynorskforlaga og har ei særleg viktig oppgåve når det gjeld å gje ut nynorsk litteratur både for barn, ungdom og vaksne. Det er framleis vanskelegare å selja ei nynorskbok enn ei bokmålsbok berre på grunn av språket. Samlaget gjer eit stort og viktig arbeid for at alle skal få tilgang til litteratur på nynorsk, og det er særleg viktig for barn og unge.

Andre forlag gjev òg ut nynorske bøker, og det finst andre forlag som etter kvart har teke ein posisjon som nynorskforlag. Særleg gjeld det Skald forlag, som gjev ut både barnelitteratur og vaksenlitteratur. Det må framleis vera gode ordningar som sikrar at nynorskbøker òg kan gjevast ut utanfor Samlaget.

I dag står omsett barne- og ungdomslitteratur utanfor innkjøpsordninga. Dette gjer at små språksamfunn som nynorsk og samisk får mindre tilgang til litteratur på språket sitt i biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensera for lågare produksjon bør ein kunna kjøpa inn omsett litteratur på samisk eller nynorsk gjennom innkjøpsordninga.

Biblioteka er svært viktige formidlarar av nynorsk litteratur. Det er viktig at biblioteka får økonomisk armslag til å fremja nynorsk litteratur på ein god måte. Kommunereforma må ikkje føra til nedlegging av bibliotek.

- Det må framleis vera sterke støtteordningar for norsk litteratur.
- Barn og unge må få eit rikt tilbod av nynorsk litteratur, både på papir, som lydbok og på skjerm.
- Bibliotek ikkje må leggast ned som ei følge av kommunesamanslåing.
- Omsett barne- og ungdomslitteratur til nynorsk og samisk må koma inn under innkjøpsordninga.
- Alle lesestimuleringsiltak retta mot barn og unge må ha eit breitt tilbod av nynorsk litteratur.
- Biblioteka skal syna fram nynorsk litteratur.

Noregs Mållag leverte høyringssvar til barne- og ungdomskulturmeldinga i september 2019. Der spelte vi inn desse synspunkta:

- Litteraturpolitikken må sikre produksjon av barne- og ungdomslitteratur på nynorsk, for å sikre born og unge større tilgang til nynorsk. Det er framleis van-

skelegare å selje ei nynorsk bok enn ei bokmålsbok berre på grunn av språket. Det må framleis vere gode ordningar som sikrar at nynorskbøker òg kan bli gitt ut utanfor Samlaget. Berre slik sikrar ein eit rikt tilbod av nynorsklitteratur til dei yngste både på papir, som lydbok og på skjerm.

- I dag står omsett barne- og ungdomslitteratur utanfor innkjøpsordninga. Dette gjer at små språksamfunn som nynorsk og samisk får mindre tilgang til litteratur på språket sitt i biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensere for lågare produksjon bør ein kunne kjøpe inn omsett litteratur på samisk eller nynorsk gjennom innkjøpsordninga.

- Biblioteka er svært viktige formidlarar av nynorsk litteratur særleg til born og unge. Det er viktig at biblioteka får økonomisk armslag til å fremje nynorsk-litteratur på ein god måte. Det må framleis vere sterke støtteordningar for norsk litteratur.

Noregs Mållag har informert om Tid for ti-leselyst-kampanjen som er retta inn mot 7. klasse. Dette er ein leselystkampanje der elevane berre les nynorske tekstar. Opplegget blir brukt av både nynorskelevar og bokmålslevar. Denne leselystkampanjen kom i stand i 2015, og Noregs Mållag var ein av aktørane som stod bak initiativet. Siste åra har deltakinga auka til rundt 20 000 antologiar.

Bokpakketilboda til lokallaga frå Skald og Samlaget finst framleis og blir fornya om lag kvart år. I årsmeldingsperioden har Skald selt mellom seks og ti bokpakker. I 2019 vidareformidla vi også eit tilbod til lokallaga våre om kjøp av bokpakker frå Intempo, men dette var det ingen som nytta seg av. Dei tilbyr nynorsk skriftspråkstimuleringsmaterieil til barnehagar og skular i form av letlesne bøker og språkverktøyet Bravo. Samlaget tilbød også klassesett med barne- og ungdomsbøker til lokallaga våre til sterkt reduserte prisar, og har selt 5 klassesett til no.

Kunnskap

Dokumentasjon av og på nynorsk er viktig for at språket skal vera fullt utbygd på alle samfunnsområde. Fleire arkiv, bibliotek og museum har til føremål å dokumentera den nynorske skriftkulturen. Andre er fyrst og fremst viktige fordi dei syner fram nynorsk til fagmiljø og publikum. Oppslagsverka Allkunne og nynorsk Wikipedia er svært viktige for at nynorsk skal kunna brukast i alle samanhengar. Store norske leksikon vert presentert og brukt som ein kunnskapsressurs for skulen og er eigd av norske universitet. Dimed burde leksikona ha ei språkleg parallellutgåve på nynorsk.

- *Det er viktig å stø opp om Allkunne og nynorsk Wikipedia.*
- *Institusjonar som Nynorsk kultursentrum må sikrast rammevilkår for vidare vekst og utvikling.*
- *Noregs Mållag skal arbeida for å få Store norske leksikon i parallellutgåve.*

Seinvinteren 2018 blei vi merksame på at Wikipedia hadde skifta namn på dei to sidene, slik at det gjekk frå norsk (bokmål) og norsk (nynorsk) til norsk og nynorsk. Dette skulle vere ei enkel sak å fikse, og vi fekk støtte hjå Wikipedia. Det har likevel tatt si tid, men hausten 2019 var det endeleg tilbake til dei gamle namnsettjane.

Dialektarbeid

Ivar Aasen reiste eit norsk skriftmål på det fundamentet som norsk talemål gav – og gjev. Nynorsken er uløseleg knytt til dialektane fordi han er den skriftlege samnemnaren for norsk talemål. Talemålsgrunnlaget for nynorsken er langt større enn dei områda der nynorsk er det mest nytta skriftmålet. Noregs Mållag arbeider for at alle fritt skal kunna nytta dialekten sin og sjå samanhangen mellom dialekt og skriftleg nynorsk.

Mange stader vert dei lokale talemåla bytte ut med meir bokmålsnær tale. Dette skjer særleg på Austlandet, der mange av dei tradisjonelle dialektane er i fare for å døy ut. Noregs Mållag skal utvikla ny politikk for å motverka dette, og fleire lokale mållag bør skipa til prosjekt som liknar på prosjektet Hått halling.

- *Organisasjonen bør driva dialektarbeid som til dømes dialektleirar, ordinnsamling, dialekttevingar og anna.*
- *Det er viktig med opplæring som hjelper folk til å sjå samanhangen mellom dialekt og nynorsk.*
- *Noregs Mållag skal utvikla ny politikk for å motverka dette, og fleire lokale mållag bør skipa til prosjekt som liknar på prosjektet Hått halling.*

Noregs Mållag har gitt støtte til dei tradisjonelle dialektleirane i Hallingdal og oppmoda andre lag til å setje i gang liknande tiltak. I Valdres var det gode planar sommaren 2019, som av ymse grunnar ikkje blei noko av. Det er no plan om å få i stand dialektleir der sommaren 2020.

I språkbruksplanane for Hemsedal og Ål i Hallingdal har vi støtta at det har blitt lagt inn dialektfremjande tiltak. Elles driv mange av lokallaga våre innsamling av tradisjonelle ord og stadnamn. Dialektgradestokkar er gode inntektskjelder for fleire.

I Austlandsområdet har vi halde mange føredrag der vi har lagt vekt på samanhangen mellom lokal dialekt



Målprisen 2019 gjekk til skaparane av NRK-serien «Lovleg». Manusforfattar Kjersti Wøien Håland (t.v) og produsent Hege Hauff Hvattum. Her står dei i nydeleg vårsol på Firda vidaregåande skule på Sandane saman med Magne Aasbrenn som delte ut prisen på vegner av Noregs Mållag. (Foto: Inger Haldis Aske Lothe)

og nynorsk, og vi har brukt samanlikninga om at om ein dialekt forsvinn, er det verre enn om ei stavkyrkje brenn.

I nyskipling og oppattskipping av nye lag utanfor kjerneområdet, er det å trekkje samanlikningar mellom lokal-dialekten og nynorsken alltid eit viktig argument for å få folk til å engasjere seg og ta verv.

STADNAMNLOVA

Noregs Mållag leverte høyringsfråsegn om stadnamnlova i januar 2019, med vekt på desse innspela: Vi átvara mot å lempe på praktiseringa av at eit stadnamn skal vere nedervd, vi argumenterte for at det ikkje bør bli meir utbreidd at kommunane kan vedta ulike skrivemåtar for ulike namneobjekt med rot i same stadnamn og vi ønskte at ordninga med stadnamnkonsulentar framleis skal vere desentralisert. Dette var truleg siste runde i ein lang serie kampar om stadnamnlova. Det overordna resultatet gjennom fleire år med ulike høyringsrundar, er at Noregs Mållag sitt syn i svært liten grad har blitt lytta til.

ARBEIDSTIPEND

Kvart år deler Noregs Mållag ut to nynorskstipend på 50.000 kroner. Føremålet med stipenda er å hjelpe fram gode prosjekt som kan fremje nynorsk på alle samfunnsområde. I 2018 gjekk stipenda til Ingebjørg Eide og Åsmund Husabø Eikenes. Eide fekk stipendet til eit lærebokprosjekt ved Eide ungdomsskole. Ho ønskte å finne ut om elevane får ei betre tilnærming til nynorsk om dei møter han i fleire fag enn norsk. Husabø Eikenes fekk stipendet for å skrive sakprosabøkene *Høg fem* og *Sprut*. Målgruppa for desse to illustrerte bøkene er barn i alderen mellom seks og ni år. I 2019 gjekk eine stipendet til Kristoffer Hundershagen som fekk stipend for å utvikle eit matematikkspel, og det andre til Julie Ane Ødegaard Borge, som fekk arbeidsstipend for å lage kortstokkar som skal spreia informasjon om menneskerettar.

Organisasjonen

Noregs Mållag er i vekst. Ein større og sterkare organisasjon gjer det mogleg å nå meir ambisiøse mål. Fleire sterke lag i randsonene for dei nynorske kjerneområda vil stø nynorsken i eit område der han er under press. Snittalderen for nye medlemmer er under femti år, men snittalderen for lagsleiarar er ein god del høgare. Det er eit mål å rekruttera fleire leiarar frå den yngre delen av medlemsmassen.

Noregs Mållag sentralt

Det er ei viktig oppgåve for Noregs Mållag sentralt å styrkja lokal- og fylkeslaga. Dette gjeld spesielt i randsonene for dei nynorske kjerneområda. Styret og skrifvarstova skal vitja alle fylkeslaga og minst 30 mållag kvart år i perioden. Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom og særleg stø opp om skulevitjingsarbeidet deira.

Alle nyvalde leiarar skal takast godt imot og få tilbod om skulering frå sentralledet. Mållaget skal skipa til seminar vår og haust med unnatak av landsmøtevåren. Hovudmålgruppa for seminara skal vera tillitsvalde og unge vaksne.

Medlemstalet er aukande, og Noregs Mållag skal halda fram med vervekkampanjar. Det er viktig å halda fram veksten, men òg å syta for at fleire av dei nyinnmelde medlemene vert aktive lagsfolk. Særleg gjeld dette dei yngre. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeida om overgangen frå ungdoms- til vaksenorganisasjonen.

Noregs Mållag skal gjennomføra organisatoriske tiltak for å styrkja nynorsken og særleg nynorsk skulemål i viktige randsoner. I dei områda der det er fare for skulemålsrøystingar, skal lokallaga gjerast i stand til å gjennomføra aksjonar for å halda på nynorsken.

Lagsskiping er ein viktig reiskap for å nå dette målet. Noregs Mållag skal kvart år gjennomføra Nynorskstafetten i to til tre veker. Hovudemne og område vedtek styret kvart år.

Noregs Mållag har merka seg at Bergen kommune i dag er positiv til nynorsk. Kommunen har gjort framtidsretta vedtak for nynorsken. Noregs Mållag er også glad for at Bergen kommune har sagt ja til å skipa Bergenskonferansen for nynorsk i 2019.

Noregs Mållag sentralt har ansvaret for det politiske påverknadsarbeidet på riksplan, og dette arbeidet skal styrkjast monaleg i perioden. Mållaget bør ha ambisjon om å verta ein tyngre politisk aktør i Noreg. Særleg viktig er arbeidet med partiprogram og statsbudsjett.

Noregs Mållag skal arbeida vidare for å styrkja økonomien på alle nivå i organisasjonen, mellom anna ved å utvikla nye måtar å gje målgåver på. Styret har fullmakt til å arbeida for at skrifvarstova skal koma i eige hus.

Noregs Mållag skal vera synleg til stades på sosiale medium, og nytta heimesida, meldingsbrevet Nytt om nynorsk og andre kanalar for å spreia informasjon. Norsk Tidend er medlemsavis for Noregs Mållag og skal koma ut jamleg.

Det er ei rekkje jubileum i perioden. I 2018 er det 200-årsjubileum for Aasmund Olavsson Vinje og 150-årsjubileum for Det Norske Samlaget. I 2019 har sidemålet femtiårsjubileum i ungdomsskulen. I 2020 fyller 25-prosentregelen i NRK femti år. I 2021 er det hundre år sidan heile Bibelen for første gong var omsett til nynorsk, og det er femti år sidan retten til nynorske lærebøker til same tid og same pris vart slegen fast. I desse åra er det òg 150 år sidan dei fyrste mållaga i Noreg dukka opp. Noregs Mållag skal fyrst og fremst nytta jubilea til å få merksemd om dagsaktuelle tema.

LOKAL- OG FYLKESLAGA

I 2018 og 2019 leverer laga inn årsmelding for høvesvis 2017 og 2018. For 2017 blei det levert inn 153 årsmeldingar frå lokallag og yrkesmållag. For 2018 kom det inn 157 årsmeldingar, som er eit veldig godt tal i eit år utan landsmøte. Grunna utsendinga av utkast til nytt prinsippprogram purra vi ekstra på årsmeldingar, og

dette har nok medverka til det høge talet. Dei to åra i årsmeldingsperioden har dei høgste tala på leverte årsmeldingar sidan 1997. Til samanlikning var det i 1998, -99 og 2013 150 lokallag som leverte. For 2017 leverte 18 fylkeslag årsmelding, medan det for 2018 var 17. Dei siste tre åra sett under eitt har 191 ulike lokal-, yrkes- og fylkeslag levert årsmelding. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nytta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden eller betalt ut lokal- eller fylkeslagsdelen av medlemspengane. Sju av laga våre er med i både Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

I den siste delen av årsmeldingsperioden har det komme fleire spørsmål om korleis ein skal gjennomføre samanslåingar av lokallag. Fleire er gjennomførte og nokre er påtenkte. Selje Mållag og Vågsøy Mållag slo seg saman til Ytre Nordfjord Mållag i 2019, og det Ål og Hol Mållag slo seg også saman. På nyåret i 2020 har Os og Fusa slått seg saman til Bjørnafjorden Mållag, Time og Klepp har blitt til Jæren Mållag, og fleire andre skal ha samanslåing opp på årsmøta sine no i 2020.

OPPATTSKIPING AV LOKALLAG

Dette er eit prioritert arbeidsområde. Vi held fram arbeidet med å hjelpe til med å skipe eller skipe opp att lokallag. Nokre lag får ein frisk start med ein gong, andre lag lyt få meir hjelp med å finne folk som ønskjer å ta på seg tillitsverv. Vi hjelper alle lag som ber om hjelp, og i tillegg er det nokre plassar vi peikar ut der det er strategisk viktig å få i gang eit lokalt mållag. I 2018 blei det skipa og skipa opp att fem lokallag: Vik Mållag, Fitjar Mållag, Stjernarøy Mållag, Tokke Mållag og Moss Mållag. I 2019 blei det skipa opp att seks lokale mållag: Borgund Mållag, Ytre Nordfjord Mållag, Sauda Mållag, Kvinesdal Mållag, Rennesøy Mållag og Lunde Mållag. I tillegg til desse laga er det nokre lag der vi har vore med og gjort ein ekstra innsats for å få ein ny kveik i laget.

OVERSIKT/LISTE OVER LØYVINGAR TIL ORGANISASJONSTILTAK

Organisasjonsmidlar

2019

| | |
|--------|-----------------------------|
| 17 500 | Troms og Finnmark Mållag |
| 30 000 | Bergen Mållag |
| 50 000 | Rogaland Mållag |
| 10 000 | Varanger Mållag |
| 15 000 | Mållaget Ivar Kleiven |
| 25 000 | Bø Mållag |
| 25 000 | Hemsedal Mållag |
| 11 500 | Volda Mållag |
| 15 000 | BUL Oslo/NMU |
| 85 000 | Rogaland Mållag |
| 3 000 | Kvam Mållag |
| 1 000 | Hadeland Dialekt- og Mållag |
| 15 000 | Vikværingen |
| 10 000 | Ørsta Mållag |

| | |
|-------|------------------|
| 3 800 | Austmannalaget |
| 5 000 | Hordaland Mållag |

2018

| | |
|--------|--------------------------------|
| 10 000 | Tromsø Mållag |
| 10 000 | Hadeland Mållag |
| 12 500 | Sotra Mållag |
| 5 000 | Fylkesmållaget Vikværingen |
| 7 500 | Vestre Slidre Mållag |
| 10 000 | Senja Mållag |
| 8 000 | Molde Mållag |
| 7 000 | Rogaland Mållag |
| 25 000 | Hemsedal Mållag |
| 37 000 | NMU |
| 6 030 | Sunndal Mållag |
| 3 700 | Hordaland Mållag |
| 4 000 | Hordaland Mållag |
| 7 500 | Vanylven Mållag |
| 5 200 | Gol Mållag |
| 7 500 | Bergen Ungdomslag Ervingen |
| 20 000 | Fylkesmållaget Vikværingen |
| 10 250 | Sandefjord og Sandar Mållag |
| 15 000 | Sola Mållag |
| 5 000 | Nord-Aurdal Mållag |
| 5 000 | Bul Ervingen |
| 6 000 | Toten Dialekt- og Mållag |
| 4 000 | Meland Mållag/Alversund Mållag |
| 5 000 | Eide og Fræna Mållag |
| 1 510 | Melhus Mållag |
| 15 000 | Juristmållaget |
| 10 000 | Stavanger Mållag |
| 1 050 | Tromsø Mållag |

REISE TIL LOKALLAG OG FYLKESLAG

Målsetnaden er at Noregs Mållag sentralt skal vitje alle fylkesmållag kvart år.

I 2018 var det landsmøteår og då enda vi opp med å vitje 11 fylkesmållag, så det året nådde vi ikkje målet i arbeidsprogrammet. I 2019 var vi på vitjing til 19 fylkesmållag, og det vil seie at alle fylkesmållaga fekk besøk det året. Ein god del av desse vitjingane blir gjort i høve fylkesårsmøta. Mange fylkeslag får vitjing ved andre høve i tillegg, og nokre lag får vitjing fleire gonger på eitt år. Når vi gjestar fylkesårsmøte, held alltid representanten ei innleiing på vegner av Noregs Mållag. Det er lettare å vitje alle fylkesmållaga i ikkje-landsmøteår, for då fordeler fylkeslaga årsmøta sine ut på fleire helgar. I følgje arbeidsprogrammet skal sentrallekken vitje 30 lag i løpet av året. Begge åra ligg vi over målsetjinga. I 2018 var vi på besøk til 43 lokallag og 2019 var vi på besøk til heile 50 lokallag. Avhengig av aktuelle lokale hendingar er det nokre lag som får fleire vitjingar i løpet av eitt år. Til dømes hadde Borgund Mållag fem besøk gjennom 2019 og starten på 2020. Det er viktig å stille opp når vi blir inviterte, og det er viktig å invitere oss ut til lokallaga gjennom året. Nynorskstafettane

gjer sitt til at vi får systematisert lokallagsvitjingane, og desse dagane er oftast veldig godt utnytta og lærerike for både dei tilreisande og for dei lokale.

LAGSSENDINGAR

I både 2018 og 2019 sende vi ut sju lagssendingar. I tillegg sender vi også informasjons-epostar med mindre oppdateringar, til dømes status på vervetevlinga i 2019. Éi av lagssendingane i 2019 var eit studiehefte om det nye prinsippprogrammet, som vi sende til over 1000 tillitsvalde og nærskylde på e-post (og til lokallagsleiarane i posten). Vi sender alle lagssendingar elektronisk, utanom desember-utsendinga, som inneheld årsmeldingsskjema og liknande. Dette sparar tid, pengar og miljøet. Lagssendingane inneheld det viktigaste av informasjon til lokal- og fylkeslaga. Medlemslister, info om tilskipingar, viktige høyringar, kampanjar, økonomiske støtteordningar, verving og anna organisasjonsarbeid.

MEDLEMSTAL

Dei siste tre åra har Noregs Mållag hatt over 13 000 betalande medlemmer, 3000 fleire medlemmer enn for berre ti år sidan. I 2018 var målet å halde medlemstallet over 13 000, som vi klarte med klar margin. I 2019 hadde Noregs Mållag 13 581 betalande medlemmer: det høgste medlemstallet sidan 1989.

Det er fleire grunnar til dette, men den viktigaste er god jobbing i heile organisasjonen. Vi får fleire av dei eksisterande medlemmene til å betale, og vervar mange nye. Ein viktig grunn til at eksisterande medlemmer betaler år etter år, er truleg at det er blitt enklare å betale – både på SMS, Vipps, e-faktura/avtalegiro eller etter purring på e-post. Dette er sjølv sagt vinn-vinn, då vi slepp å bruke pengar på trykk/porto. Læreplanssaka på tampen av 2019 medverka både til den gode betalingsviljen på siste purring, og også til verving av nye medlemmer. I 2019 hadde dessutan BUL Oslo 94 fleire teljande medlemmer enn i 2018. Høge medlemstal gir meir medlemspengerefusjon til laga med lokal- eller fylkeslagssats, og påverkar også utsendingsrettane til landsmøtet.

Talet på utmeldingar og avlidningar har vore ganske stabilt dei siste åra. I 2019 melde vi til saman ut 595 medlemmer og registrerte 122 avlidningar. Det er fleire utmeldingar enn i 2018, men inkluderer 187 stk frå BUL Oslo, etter ei ganske stor opprydding der. Det er viktig å hugse på at å få utmeldingar frå medlemmer som uansett ikkje tenkjer å betale, er betre enn å sende medlemsblad og purringar. Den største skilnaden er at det i 2019 berre blei meld ut 156 medlemmer på grunn av manglande betaling dei siste tre åra. Til samanlikning har det talet vore 265 (i 2018), 207 (i -17) og 311 (i -16). På slutten av 2019 hadde vi om lag 14 500 medlemmer i medlemsregisteret, som tyder at rundt 1000 medlemmer ikkje betalte i 2019, trass i mange påminningar.

Vi melder ut medlemmer når det er gått tre år utan betaling.

Tabellen under syner medlemstallet dei siste ti åra, med tal på nyinmelde for kvart år. Talet på betalande medlemmer i laga våre, og auke frå år til år, finn ein i lagsoversynet. Medlemstilveksten var lågare i 2018 enn både -17 og -19, og mykje av grunnen er nok at det ikkje var like store politiske saker som stod på spel. Det største utslaget var i 2012 då vi fekk inn over 2000 nye medlemmer fordi kunnskapsminister Kristin Halvorsen tok til orde for å svekke sidemålsordninga. Vestlandsregionsaka gav klart utslag på medlemstilstrøyminga i 2016 (og 2017), medan læreplanssaka gjorde det i 2019.

| ÅR | MEDLEMMER | ENDRING | NYINNMELDE |
|------|-----------|---------|------------|
| 2009 | 10125 | -126 | 419 |
| 2010 | 10068 | -57 | 718 |
| 2011 | 10433 | +365 | 986 |
| 2012 | 12256 | +1823 | 2027 |
| 2013 | 12164 | -92 | 783 |
| 2014 | 11726 | -438 | 600 |
| 2015 | 12022 | +296 | 680 |
| 2016 | 12411 | +389 | 1089 |
| 2017 | 13240 | +829 | 1303 |
| 2018 | 13050 | -190 | 850 |
| 2019 | 13581 | +531 | 1249 |

VERVING

Eit høgt medlemstal er viktig i møte med styresmakter og for økonomien til Mållaget. Gjennom sosiale medium greier vi å nå ut til veldig mange potensielle medlemmer, men den personlege vervinga til lokallaga er minst like viktig. Det største vervetiltaket i 2018 var vervekampanjen #eitlevandespråk, som starta 10. oktober i sosiale medium. Kampanjen var korte faktasitat om nynorsken som på ulik måte viste fram at han er eit levande bruksspråk. Kampanjen gjekk heile hausten, og dukka seinare opp som kortsvarsoppgåve til eksamen i norsk hovudmål 23. mai 2019.

I 2018 hadde vi same vervetevling som i 2017 – om størst auke frå fjoråret, både mellom lokallaga og fylkeslaga. Ei tøff oppgåve med eit så godt medlemstal året før. Sjølv om medlemstallet gjekk attende med 190 medlemmer, var verveaktiviteten i 2018 god, og dei ti laga som verva flest, stod for til saman 207 nye medlemmer. Når ein samanliknar med lista for 2019, er det viktig å vite at lista under inneheld både ubetalte og betalte medlemskap (i motsetnad til 2019-lista).

| LOKALLAG | NYE I 2018 |
|----------------------|------------|
| Oslo Mållag | 57 |
| Bergen Mållag | 34 |
| Hjelmeland Mållag | 17 |
| Stord Mållag | 17 |
| Eide og Fræna Mållag | 17 |



Det er framifrå stemning når Sogndal Mållag står på stand: Frå høgre Gudrun Skjerdal, kasserar i Sogndal Mållag og Kirsti Lunde, leiar i Sogndal Mållag. (Foto: Kjell Einar Barsnes)

| | |
|---------------------------------|----|
| Lista Mållag | 14 |
| Mållaget Ivar Kleiven | 13 |
| Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag | 13 |
| Juristmållaget | 13 |
| Nidaros Mållag | 12 |

I 2019 hadde vi ingen namngitt vervekampanje i sosiale medium, men utover hausten la vi ut mange verveinnlegg i form av bilete med følgjetekstar. Spesielt etter læreplansaka merka vi at vi verva godt på sosiale medium – ikkje minst når det nærma seg rekordar og runde tal. Berre i juleferien fekk vi over 100 nye medlemmer. Sponsing i sosiale medium er ein god måte å skaffe oss nye medlemmer på, i alle fall når det er saker som engasjerer. «Vervehausten» blei blesta i Norsk Tidend og i lagssendingar.

Etter suksessen med «Den store vervedagen» i 2017, har vi gjort det til ein årvisst tradisjon. Vi legg ut verveinnlegg på Facebook, Instagram og Twitter, og sponsar der det er mogeleg. Det viktigaste er likevel at heile organisasjonen er med på dugnaden. I 2019 sende vi også SMS til alle medlemmene våre med registrert mobilnummer (om lag 9500), og bad om hjelp til å verve. Lagsleiarane fekk tett oppfølging med e-post dagen før, same dag og dagen etter. I 2019 verva vi 75 nye medlemmer på éin dag, og dei tre første dagane av oktober registrerte vi 138 nye medlemmer.

I november sende vi flygebladet «Nynorsk i kommunane» med ein vervegiro i posten til om lag 8000 nye folkevalde i kommunane. I tillegg til å spreie god informasjon om nynorsken, skaffa tiltaket oss over 80 nye medlemmer. Av mindre tiltak var ei verve-helsing frå leiar Magne Aasbrenn i eit førjulshendebrev, og at landsstyret i NMU hjelpte til med å verve foreldre og annan familie.

VERVETEVLINGA 2019

I 2019 prøvde vi ein ny vri – der vervetevlinga for første gong galdt nyvervingar, og ikkje auke frå år til år. Dei nye medlemmene måtte ha betalt på slutten av året, for å telje. Dette er ei meir nøyaktig tevling, i og med at overflytta medlemmer og gamle medlemmer som betaler, ikkje blir talde. Vi hadde tett oppfølging av lokallaga, og dei hyppige påminningane og oppdateringane trur vi var ein viktig grunn til den veldig gode vervejobben som blei gjort. Dei ti lokallaga som fekk flest nye medlemmer til sitt lokallag i 2019, blei premierte med bokpakker. Dei stod for til saman 266 av dei nye betalende medlemmene i 2019:

| LOKALLAG | NYE I 2019 |
|------------------|------------|
| 1. Oslo Mållag | 56 |
| 2. Bergen Mållag | 50 |
| 3. Bærum Mållag | 26 |
| 4. Suldal Mållag | 25 |



Gjennom lokalvalkampen stod Borgund Mållag fleire gonger på stand. Denne ettermiddagen blei standen forsterka med Magne Aasbrenn, leiar i Noregs Mållag, og då kom også ordførar Eva Vinje Aurdal tilfeldigvis forbi. Mållaget og ordførarkandidatane ønskte kvarandre lykke til vidare i kampen for nynorsk! Frå venstre: Lars Martin Vik, styremedlem i Haram Mållag, Lisa Alvestad, leiar i Borgund Mållag, Magne Aasbrenn, frå Noregs Mållag, Marit Veiberg Eide og Aud Farstad i Borgund Mållag. (Foto: Hege Lothe)

| | |
|------------------------------|----|
| 5. Vik Mållag | 24 |
| 6. Stavanger Mållag | 19 |
| 7. Karmøy Dialekt- og Mållag | 18 |
| 7. Stord Mållag | 18 |
| 9. Alvdal og Tynset Mållag | 15 |
| 9. Voss Mållag | 15 |

Til saman fekk vi 1249 nye medlemmer i 2019. Det er det tredje høgste talet på nyinnmeldingar i nyare tid, etter 2012 og 2017. 164 av desse er nyregistrerte i ungdomslaga. 670 medlemmer melde seg inn etter 1. oktober, som er eit veldig imponerande tal. Nye medlemmer etter 1. oktober betaler også for påfølgjande år, og vi starta difor 2020 med 670 betalande medlemmer.

E-FAKTURA OG AVTALEGIRO/ DIGITALISERING

I 2019 kunne Noregs Mållag for første gong tilby e-faktura og avtalegiro. I løpet av året sa 4500 medlemmer ja til ein av delane, slik at vi i februar 2020 kunne sende medlemspengekrav rett i nettbanken til folk. Dette sparar oss for store trykkeri- og portokostnader, og talet betalningar går markant opp, då det er mykje enklare for medlemmene våre å godkjenne desse fakturaene. Ein god del medlemmer har også teikna avtale-

giro for målgåver, og blir automatisk trekte fem gonger i året.

I 2020 sende vi også for første gong faktura på e-post til dei medlemmene med registrert e-post, som ikkje har sagt ja til e-faktura. Resten fekk giro på papir i posten. Vi er dessutan snart i mål med å tilby digitale medlemskort, og målet er å få endå fleire over på e-faktura, avtalegiro, eller e-post. Meir og meir av medlemsinfoen går ut på e-post (innrapporterte gåvebeløp, spørsmål om personnummer, info om høyringar og liknande).

Vi brukar oftare digitale kanalar for å purre på ubetalande medlemmer. I 2019 sende vi første påminning på e-post, og andre påminning på SMS. Til saman sende vi tre purringar på SMS i 2019 – mot to i 2018. Vi informerer også om at medlemmene kan betale med Vipps, og mange vel den løysinga. I 2019 sende vi også ut gåve-ønske på SMS, same dag som læreplanssaka dukka opp, eit svært vellykka tiltak som gav oss over 200 000 kroner på eit par dagar.

NYTT OM NYNORSK

Nytt om nynorsk er nyhendebrevet vårt, og blir sendt ut via e-posttenesta Mailchimp. I både 2018 og 2019 sende vi ut fem nyhendebrev – tre på våren og to om hausten. Dei siste åra har vi innført «ei førjulshelsing frå leiaren» i nyhendebrevet i desember. Det er i skri-

vande stund 4619 tingarar, 345 fleire enn for to år sidan. Nye tingarar er i hovudsak medlemmer som kryssar av for det ved innmelding. Prosentdelen som faktisk opnar e-postane er stigande, og ligg no rundt 40 %. Nytt om nynorsk inneheld dei viktigaste nynorsksakene sidan førre utsending, og også våre eigne saker om verving, adventskalender, tilskipingar eller liknande.

SEMINAR

Seminarplanen til Noregs Mållag er at dei åra Mållaget ikkje har landsmøte, skal det vere eit større seminar på vårparten. I januar 2019 inviterte styret til vinterseminar på Lillehammer. Fredagen før vinterseminaret var det motivasjonsdag for lærarar. Laurdag og søndag var det fleire emne med aktuelle innleiarar: Det nye Innlandet fylke og nynorsk, om læreplanfornyng og nytt prinsippprogram. Det var rundt 70 deltakarar på seminaret.

DAGSSEMINAR:

Hausten 2019 prøvde vi ut eit anna type seminar-opplegg enn vi vanlegvis lagar. Styret inviterte til tre dagsseminar tre stader i landet: i Oslo, Trondheim og Bergen. Hovudemne for alle tre seminardagane var prinsippprogrammet. Likevel var kvart av seminarprogramma unike program, som blei lagt litt opp til kva vi fekk av lokale føredragshaldarar. Desse tre seminara hadde samla rundt 100 deltakarar. Om lag 50 i Oslo, 30 i Bergen og 20 i Trondheim. Det var 16 innleiarar som bidrog med førebudde innlegg på dei tre dagsseminara.

SEMINAR FOR UNGE VAKSNE

Det har lenge vore etterspurt rekrutteringstiltak for å få med fleire unge vaksne i mållagsarbeidet. Styret har hatt ein ønske om å prøve ut ulike tiltak. Difor blei det hausten 2018 invitert til eit eige seminar for unge vaksne mellom 25 og 40 år som allereie er tillitsvalde eller har lyst til å bli det. Seminaret hadde unge føredragshaldarar, og blei lagt opp etter eit lågbudsjettopplegg på skivarstova i Oslo. Seminaret fekk veldig god mottaking og blei tatt opp att hausten 2019. Tiltaket er oppsummert som vellykka. Fleire av seminardeltakarane som allereie hadde verv i Mållaget uttrykte glede over å få møte og dele erfaringar med andre på same alder, medan nokre som har vore på seminaret seinare, har tatt på seg verv i lokallaget sitt.

SEMINAR FOR NYE LOKALLAGSLEIARAR

Hausten 2018 blei det skipa eit seminar for nye lokallagsleiarar i Mållaget. Seminaret har blitt halde før og blei gjennomført med nokre få endringar og tillegg i programmet. Seminaret legg vekt på å lære vekk korleis Mållaget fungerer som organisasjon, økonomiarbeid, medlemssystemet med meir. Deretter blir det lagt vekt på kva slags aktivitet lokale mållag kan ha, og korleis ein kan få til gode målpolitiske tiltak, i tillegg til gode

kulturopplegg. Det blir også lagt opp til skulering i generelt sosiale medie- og pressearbeid, og korleis drive eit lokallag på ein god måte. Seminaret blei veldig godt mottatt. Både dei som var lokallagsleiarar og dei som seinare har blitt det, følte seg tryggare i rolla. Alle nyvalde leiarar får ei e-posthelsing frå leiaren i Noregs Mållag, med takk for at dei tar på seg vervet. Dessutan får dei, så langt som råd, tilsendt informasjonsmateriell for tillitsvalde i Noregs Mållag.

REGIONALE SEMINAR

Sentrallekken har støtta opp om regionale seminar i arbeidsperioden. Nokre har søkt om og fått økonomisk støtte. Nokre ønskjer og får føredragshaldarar frå styret eller skivarstova, og då er det sentralt som kostar utgiftene. Og vi prøver å drive blestarbeid for tilskipingane, og der står Bergenskonferansen i ei særstilling.

VALNEMNDSARBEID

På landsrådsmøtet i 2018 var valnemnder og valnemndsarbeid eit eige emne i møtet. Det var også emne på seminaret for nye lokallagsleiarar. Godt arbeid frå valnemndene i organisasjonen er svært viktig for vidare organisasjonsbygging, og dette bør difor bli tatt opp fleire gonger på seminar og samlingar i organisasjonen.

LANDSMØTET

Landsmøtet blei lagt til Vinje helga 13.–15. april, i hovudsak fordi 2018 også var 200-årsjubileet for Aasmund Olavsson Vinje.

Hovudtalen var ved kunnskapsminister Jan Tore Sanner, som var utfordra på å snakke om den digitale skulekvardagen for nynorskelevane og om nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Statsråden hadde diverre ikkje så mykje tid, så spørsmåla etterpå var regisserte av styret av di det ikkje var rom for eit ordinært ordskifte. Statsråden fekk likevel tydelege signal frå landsmøtet om alle dei sentrale sakene vi då var engasjerte i på utdanningsfeltet. Det var også 200-årsjubileum for A.O. Vinje, og landsmøtet bar naturleg nok preg av dét. Olav Vesaas, Frøy Gudbrandsen og Kristian Rantala hadde kvar sine innleiingar med ulike vinklingar på Vinje før eit felles ordskifte til slutt. Utsendingane var også på tur, både til Midtbø (Vesaasgarden) og til Vinjestoga.

Det som likevel fekk aller mest plass under landsmøtetingane, var nytt fireårig arbeidsprogram. Av 19 møtetimar brukte landsmøtet 5,5 timar på arbeidsprogrammet. Engasjementet var langt større enn vanleg, og om lag ein tredel av utsendingane var på talarstolen i denne saka. Sondag morgon var det parallelle seminar, denne gongen var emna *Ein ny strategi for målørsla. Lærdomar frå samerørsla* v/ Jon Todal, *Om nynorsk journalistikk i dag* v/ Øystein Skjæveland og *Den digitale skulen og nynorsken* v/ Marit Aakre Tennø og Kjartan Helleve.



Medlemsvekst i Noregs Mållag! Styret feirer medlemsrekord i 2019. (Foto: Gro Morken Endresen)

157 utsendingar møtte frå 74 lokallag og 17 fylkeslag, ein auke på 2 lokallag og 1 fylkeslag frå 2016. I tillegg møtte 18 utsendingar frå Norsk Målungdom og 7 frå styret, totalt 182 utsendingar med røysterett. Heile 77 utsendingar hadde ordet under møtet, i tillegg til styrefolk, gjester og innleiarar. Innlegga fordelte seg på 35 kvinner og 42 menn, og det er ein tydeleg framgang av kvinnedelen frå tidlegare, då han har lege på rundt ein tredel av innlegga.

Landsmøtet vedtok 8 fråsegner: Ei ny opplæringslov må sikre nynorskelevane, Helseføretaka bryt mållova, Landsmøtet i Noregs Mållag krev meir nynorsk i nye kommunar og fylke, Mållaget krev digitale læringsverktøy på nynorsk, Nynorsk i lærarutdanninga, Slepp nynorsken til i Dagbladet, Stopp domenetapet i akademia og Stortinget må ta styringa over fylkesnamna.

Oddny Miljeteig og Olaf Almenningen blei utnemnde til heidersmedlemer og Magni Øvrebotten fekk målprisen 2018 for lang og iherdig innsats for nynorsk i NRK. Olaug Nilssen fekk Nynorsk litteraturpris for boka *Tung tids tale*, og Maria Parr fekk Nynorsk barnelitteraturpris for *Keeperen og havet*. Den prisen vart delt ut på eit anna arrangement som Maria Parr var til stades på same helga.

- Stø opp om lag der det kan bli skulemålsrøysting.

I perioden har skrivekstova både tatt initiativ til og vore mykje på stader der det er skulemålsuro og det kan bli røystingar. Det gjeld så vel eigne møte som einast gjeld røystarbeid som andre møte i lokallaga (årsmøte, seminar osv)

FOLKERØYSTINGAR

| KRINS (KOMMUNE) | RØYSTEFØRE | NN | BM | RES. |
|-----------------------|------------|-----|-----|------|
| Løykja (Sunndal) | 673 | 173 | 197 | BM |
| Ålvundfjord (Sunndal) | 820 | 292 | 193 | NN |
| Blindheim (Ålesund) | 3691 | 139 | 181 | BM |
| Oltedal (Gjesdal) | 773 | 211 | 173 | NN |
| Julsundet (Aukra) | 750 | 90 | 114 | NN |
| Otta (Sel) | 3587 | 92 | 232 | BM |

I perioden har det vore seks folkerøystingar om opplæringsmålet. Tre av røystingane (Sunndal og Aukra) kom etter underskriftsaksjonar mellom røysteføre, og to kom etter krav frå foreldreutvalet ved skulen (Oltedal og Blindheim). Ved Blindheim skule var det rektor ved skulen som dreiv fram røystinga. I Otta gjaldt det

samanslåing av ein stor bokmålsskule (Otta) og ein liten nynorskskule (Sel).

Sams for røystringane i Ålesund og Aukra var at skulane hadde eit klårt fleirtal av bokmålelevar, trass i at skulane har nynorsk som vedtatt hovudmål. På Blindheim skule sa rektor beint fram at eit viktig føremål er å spare pengar og at talet på elevar i nynorskklassane kan bli for småe til at det er pedagogisk forsvarleg. Blindheim og Julsundet skular er døme på skular der kommunen ikkje tar godt nok ansvar: Når eit kommunestyre vedtar hovudmål ved ein barneskule, gir kommunen på same tid skuleleiinga mandat til å gjere det lett å vere ein nynorskskule. Det vil seie at skuleleiinga har rett – og jamvel plikt – til å påverke krinsen til å vere positiv til det politiske vedtaket som kommunestyret har gjort. Diverre er det ikkje støtt at korkje kommunen eller skulen sjølv følgjer dette mandatet. Resultatet blir ofte svekte vilkår for å vere ein nynorskskule med påfølgjande krav frå foreldre som ønskjer endring til bokmål.

I Oltedal vedgjekk skuleleiinga at den manglande samanhengen mellom språkopplæringa i barnehagen og barneskulen kan ha vore ei viktig årsak til at foreldre til elevane driv fram krav om røystring: Dei første 6–8 månadene lyt skulen drive *avlæring* av elevane i lese- og skriveopplæringa. Elevane er såpass tungt innførte i bokmål i barnehagen – gjennom leik, regler, song og ikkje minst høgtlesing – at dei lettare kjenner att bokmål enn nynorsk når dei skal skrive. På fleire møte med kommunen vedgår også kommuneleiinga at nynorsk ikkje «har vore eit tema» når det gjeld barnehagane. Gjesdal kommune er ein av fire kommunar i «Jærskulen» og Noregs Mållag har komme godt i gang med eit vonleg godt samarbeid med Jærskulen for å styrkje vilkåra for dei over 7000 nynorskelevane i dei fire kommunane. Dét kan verke førebyggjande mot framtidige røystringar i kommunane.

I Ålesund og i Otta var det ikkje fungerande lokal lag. Dermed var det vandt å mobilisere mykje lokal støtte fram mot røystringane der. I Aukra var også laget sovande, men mellom anna fordi Aukra var ein av stadene på *Nynorskstafetten 2019*, fekk vi kontakt med målfolk og målvener som gjorde ein stor innsats både fram mot røystringa og ikkje minst opp mot kommunestyret som gjekk inn for nynorsk trass eit snaut tap i røystringa. Det var truleg også til hjelp av vi blei inviterte til å innleie om «Kva vil det seie å vere ein kommune med nynorskskular» på det første kommunestyremøtet etter kommunevalet.

I Gjesdal og Sunndal er det godt fungerande lag og dermed var det lett å tidleg setje i gang med røystringarbeidet. Det var laga lokalt tilmåta flygeblad begge stadene, og like eins i Aukra. I Sunndal var det jamvel opne folkemøte på begge skulane.

Det er uro på fleire skular, og i perioden har vi byrja arbeidet med moglege røystringar i Hjartdal (Sauland),

Lyngdal (Byremo), Karnøy (Stangeland; ny skule etter samanslåing av Eide skole og Stokkastrand skule), Høgebostad (Kollemo) og Sør-Aurdal (Bagn).

ARBEIDE MED STATSBUJSJETT

Nynorsk forum er ein medlemsbasert møtestad for nynorskorganisasjonar og -institusjonar. Forumet byrja tidleg eit samarbeid om å løfte fram einskildtiltak på statsbudsjetten på det viset at alle medlemmene har slutta seg til dei same hovudsakene. Lenge spelte vi berre inn saker til Kulturdepartementet, som også er der medlemmene i hovudsak får støtte frå, om dei har statsstøtte. Dei tre siste åra har Nynorsk forum bede om at oppretting av språkdelt ungdomsskular blir prioritert i statsbudsjetten, etter initiativ frå Noregs Mållag. Dei to siste åra har vi også fremja og fått tilslutning til eit tilsvarende punkt om digitale læremiddel på nynorsk. Hausten 2017 fekk vi melding om 1,1 million ekstra til Mållaget for 2018, ei tilleggsøyving vi hadde lagt mykje arbeid i å få. Seinare har vi utelukkande arbeidd med å sikre dei to nemnde sakene.

NORSK TIDEND

Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa blir sendt ut til medlemmene i Noregs Mållag og Norsk Målungdom, og til tingarar av avisa. Ho kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 140 sider. Opplaget er kring 14 500. Avisa blir lagt ut på nettstaden til Mållaget og kan lesast gratis digitalt. Kjartan Helleve var redaktør fram til nr. 5 2018, då han slutta å arbeide i Noregs Mållag og Astrid Grov tok over. Norsk Tidend blir redigert etter redaktørplakaten.

Medlemsavisa skal følgje med på stoda for nynorsk, gje informasjon til medlemmene i mållaget, og rapportere om arbeidet laget gjer. Skrivarstova skriv det meste av det redaksjonelle innhaldet i avisa, men hentar også ein del stoff frå Nynorsk pressekontor, lokalaviser og andre skribentar. Norsk Målungdom har ei side til disposisjon, og dagleg leiar i Kringkastingsringen har ei fast spalte. Faste bidragsytarar elles har vore Janne Nygård (kviss), Laurits Killingbergtrø (kryssord) og Anders Totland (baksida). Fredrik Hope overtok kvissen frå og med nr. 4 2019. Bladet blir sett av Språksmia og trykt hjå Amedia Trykk.

PRESSE- OG INFORMASJONSARBEID

Noregs Mållag gjer eit så aktivt presse- og mediearbeid som vi har kapasitet til. Vi sender ut pressemeldingar i saker der vi meiner det er rett eller viktig at Mållaget uttaler seg. I nokre saker vel vi å ringje eller gå direkte til enkeltjournalistar som vi meiner bør vere spesielt interesserte. Strategien avgjer vi frå sak til sak, og spesielt leiar Magne Aasbrenn har vore sentral i dette arbeidet, i tillegg til nestleiar Peder Lofnes Hauge og arbeidsutvalsmedlem Inger Johanne Sæterbakk blant dei tillitsvalde. Frå skivarstova har kommunikasjons-



Samling for unge vaksne. For styret er det viktig å skape eit miljø i Mållaget som gjer at fleire unge vaksne tar på seg oppgåver og verv i Mållaget. I 2018 blei det invitert inn til ei eiga samling for vaksne mellom 25 og 40 år. (Foto: Hege Lothe)

rådgivar, informasjons- og organisasjonskonsulent og politisk rådgivar ofte vore involverte. I nokre saker høver det best for oss å skrive om ei sak på heimesidene våre eller i Norsk Tidend, for også då opplever vi at saker blir plukka opp av pressa.

Medieoppslag dei siste åra:

| | «NOREGS MÅLLAG» | «MÅLLAG» |
|------|-----------------|----------|
| 2008 | 645 | 1157 |
| 2009 | 563 | 1237 |
| 2010 | 806 | 1560 |
| 2011 | 609 | 1321 |
| 2012 | 1347 | 2176 |
| 2013 | 1245 | 2102 |
| 2014 | 914 | 1676 |
| 2015 | 954 | 1311 |
| 2016 | 1222 | 2018 |
| 2017 | 1039 | 1797 |
| 2018 | 1068 | 1896 |
| 2019 | 803 | 1503 |

KJELDE: RETRIEVER

SOSIALE MEDIUM

Noregs Mållag er til stades og aktive på Facebook, Instagram og Twitter. På Instagram har vi i dag 3 737 følgjarar, 564 fleire enn førre årsmelding. I løpet av 2019 la vi ut 126 bilete. På Instagram er målet vårt

å vere meir humoristiske enn i andre medium, med teikneseriar, aktuelle saker, morosame kommentarar og liknande. Facebook, vårt viktigaste og største sosiale medium, blir i grove trekk brukt til meir seriøse saker. Vi legg ut om lag éi sak om dagen, nynorsknyhende, vervesaker, tilskipingar og anna. Sidan førre årsmelding har følgjartalet på Facebooksida vår stige frå 13 493 til 14 769, og jo fleire følgjarar vi får, jo lettare blir vervejobben. Sakene med høgast spreiding i perioden har vore saka med Tore Renberg som argumenterer for kvifor skrive nynorsk, vervesak med Hårek-teikneseriestripe, sak med «trump»-ordet i ordboka, sak om nynorsk kan skaffe deg dame og saka då det var offentleg at regjeringa slår saman karakterar i hovudmål og sidemål i 8. og 9. klasse, og 1. og 2. klasse på vgs. Vi sponsar innlegg vi meiner er viktig at når ut til flest mogeleg brukarar, særleg verveinnlegg. På Twitter har vi 3 857 følgjarar, og aktiviteten har vore jamn i årsmeldingsperioden.

NYE NETTSIDER

I 2019 har skivarstova arbeidd med nye nettsider for Noregs Mållag. Firmaet Netlife Design har hjelpt til med designet, innhaldet og den tekniske utforminga. Nettsidene blir lanserte i mars 2020. Føremålet med nye nettsider har vore å få ei mobiltilpassa side som er enkel å finne fram på, både for tillitsvalde, eksisterande medlemmer og potensielle medlemmer.

NYNORSKSTAFETTEN 2018

Nynorskstafetten er eit tett samarbeid mellom Noregs Mållag og Norsk Målungdom. Vi reiser i femten dagar fordelt på tre veker. Vi fyller ein bil med materiell og bøker, og tre personar frå organisasjonane, og desse vitjar ein kommune kvar dag. I hovudsak har alle kommunane vi vitjar, elevar som har nynorsk hovudmål. Vi vitjar barnehagar, barneskular, ungdomsskular og vidaregåande skular. Då har vi møte med styrar og tilsette i barnehagar, rektor og lærarar på skular og møte med oppvekstetaten i kommunane, i tillegg til møte med bibliotek og eventuelt andre offentlege og private aktørar i kommunen. I desse møta tar vi opp kor viktig det er for nynorskelevane å lese nynorsk, informasjon om dagens nynorske barnelitteratur og om samanhengen mellom lesing og skriving. Det viktige bidraget til Norsk Målungdom er målferdene. Dei avtalar undervisningsopplegg direkte med ungdomsskular og vidaregåande skular.

Dette året peika styret ut tre veker i oktober og november der to veker var sett av til Telemark og ei veke på Agder. Styret legg vekt på at dette er viktige randsoner for nynorsken. Det er nynorsk i skulen i fleire av kommunane vi vitja, og det er viktig at nynorsken blir styrkt i desse kommunane. Både på Agder og i dei ti kommunane med nynorskelevar i Telemark er nynorsken under meir eller mindre press. Det er målbyte i ungdomsskulen og det er uro knytt til at dialektane blir prega eller nokre stader erstatta av bokmål.

I tillegg er det viktig for Mållaget at organisasjonen og lokallaga i Telemark blir styrkte, og i dette arbeidet kan Nynorskstafetten vere viktig. I Telemark var vi i desse kommunane: Sauherad, Bø, Seljord, Hjartdal, Vinje, Drangedal, Nissedal, Fyresdal, Kviteseid og Tokke. Det blei også skipa eit eige dagsseminar for lokallaga i Telemark laurdagen etter desse to vekene. I høve Nynorskstafetten blei det laga eige medlemsmøte i Tokke Mållag, og i etterkant av dette møtet blei laget oppattskipa med ny leiar og fleire nye medlemmer.

På Agder vitja stafettbilen seks kommunar: Bykle, Valle, Bygland, Evje og Hornnes, Åmli og Vegårdhei. I løpet av dei femten dagane vi var på reise blei det halde 15 møte med ordførarar, rådmenn eller liknande.

NYNORSKSTAFETTEN 2019

Hausten 2019 var det sjuande gongen Noregs Mållag og Norsk Målungdom planla Nynorskstafetten. Denne gongen peika styret ut Nord-Vestlandet som mål for stafettveke. Bakgrunnen for var ønsket om å kunne besøke mange av kommunane der nynorsken kan stå i spel i etterkant av dei varsla kommunesamanslåingane, og at det også her er fleire lokallag som treng ein kveik i arbeidet sitt. Det blei sett av tre veker og ruta blei slik: Rauma, Nesset, Gjemnes, Molde, Aukra, Vestnes, Fræna, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Giske, Haram, Ålesund, Sula og Vågsøy.

I framkant av Nynorskstafetten søkte vi Bokåret 2019 om støtte til å ta med oss forfattarar. Dette fekk vi støtte til. Og vi hadde med oss fire forfattarar fordelt utetter dei tre vekene. Dette var spesielt populært på skulane, og også fleire av lokallaga var svært takksame for dette innslaget på stafetten. Atle Berge var med første veke. Andre veke blei fordelt mellom to dagar kvar på Trude Tjensvoll og Ingunn Røyset og siste veke var Christian Wiik Gjerde med på stafetten.

- *Styret har fullmakt til å arbeida for at skrivarstova skal koma i eige hus.*

Sentrallekken orienterer seg med jamne mellomrom i marknaden for kjøp av kontorlokale, og det har tidvis vore meir aktuelt fordi vi har fått varsel om at bygningen der vi har kontor i dag, skal rivast. Det har ikkje vore aktuelle eigedomar å kjøpe, og det kjem først og fremst av at det er få eigedomar til sals i rett storleik. Så er det også slik at somme eigedomar vil vere utanfor ein prisklasse vi kan konkurrere i. Nett no er planane der vi held til, utsette nokre år. Vi har nettopp fått ny leigekontrakt ut 2023, og dermed har ikkje nye kontorlokale noka hast for tida.

Norsk Målungdom

Noregs Mållag skal samarbeida tett med Norsk Målungdom. Organisasjonane skal halda kvarandre oppdaterte om kva dei arbeider med, og om aktuelle saker som høyringar og røystingar. Noregs Mållag og Norsk Målungdom skal samarbeida om politisk påverknad, der Norsk Målungdom har hovudansvaret for ungdomspartia. Organisasjonane skal saman finna betre måtar å overføra medlemmer til Noregs Mållag på når dei bikkar 30, og halda fram samarbeidet om å overføra unge medlemmer til Norsk Målungdom.

Norsk Målungdom har i perioden sendt ut informasjon til medlemmene sine som er over 30 år og tipsa om at dei kanskje heller bør vere medlem i Noregs Mållag. Vi gir også melding til NMU dersom personar i deira aldersgruppe bed om medlemskap hjå oss. I 2019 fekk vi også på plass den tekniske løysinga som gjer det mogleg for NMU-medlemmer å få medlemskap i yrkesmållaga våre til redusert pris, til liks med ordninga medlemmer i geografiske mållag har.

Fylkeslaga

Fylkeslaga i Noregs Mållag skal driva målarbeid på regionalt nivå og vera eit bindeledd mellom lokallag og



Styret bad ei nemnd arbeide fram eit framlegg til nytt prinsippprogram. Her har nemnda ein pause i møtet under vinterseminaret i Noregs Mållag på Lillehammer i januar 2019. Frå venstre: Svein Soldal Eggerud, nestleiar i Norsk Målunddom, Liv Kari Eskeland, stortingsrepresentant for Høgre for Hordaland, Gro Morken Endresen, skrivar for nemnda, Kristin Fridtun, forfattar, Trond Trosterud, professor ved institutt for språk og kultur ved Universitetet i Tromsø, Oddmund Løkensgard Hoel, leiar i Luster Mållag, professor ved institutt for samfunnsvitskap, Høgskulen på Vestlandet og Inger Johanne Sæterbakk (leiar), styremedlem i Noregs Mållag og språkkonsulent på Det Norske Teatret. Else Berit Hattaland, styremedlem i Jæren Mållag og økonomisjef i Nordsjø Media var ikkje til stades då biletet blei tatt. (Foto: Astrid Marie Grov)

Noregs Mållag sentralt. Fylkeslaga skal samordna det lokale målarbeidet og inspirera lokale målfolk, mellom anna ved å skipa til seminar og samlingar. Kwart fylkeslag skal følgja opp landsfemnande kampanjar, med mål om at alle lokallag tek del i dei.

Fylkeslaga skal vurdera kvar det er høve til å starta nye lag og samarbeida med nabolokallaga og Noregs Mållag sentralt om lagsskiping. Fylkeslaga skal også gie hjelp og støtte til lokallag som treng det eller bed om det.

I perioden vert arbeidet med regionreforma den viktigaste politiske enkeltsaka for dei fleste av fylkeslaga. Alle relevante fylkeslag skal prioritera arbeidet med denne reforma både i skulering og i politisk arbeid.

Fylkeslaga bør arbeida for gode målvedtak og målbruksplanar i kommunar og fylke. Fylkeslaga skal samarbeida med lokallaga om å verva medlemmer og å stø målunddomslag i sin region eller sitt fylke.

Dei seinare åra har så godt som alle fylkeslag vakse i medlemstal. I eit lenger perspektiv er situasjonen slik at Telemark, Rogaland og Trønderlaget har hatt fallande medlemstal. Noregs Mållag sentralt skal prioritera å styrkja desse tre fylkeslaga i perioden. Dersom det er teikn til at Nordland Mållag kan verta oppattskipa, skal dette fylkeslaget få hjelp frå Noregs Mållag.

SAMARBEIDE MED FYLKESLAGA OM REGIONREFORMA

Frå nyttår 2018 la Noregs Mållag sentralt opp til ein aksjonsplan for å sikre nynorsken i fylkessamanslåingane Vest Agder-Aust-Agder, Vestfold-Telemark, Buskerud-Østfold-Akershus og Oppland-Hedmark. Arbeidet bestod i å lage utkast til gode språkbruksplanar for kvart av dei nye fylka Agder, Vestfold og Telemark, Viken og Innlandet. Desse planane blei så sende ut til aktuelle politikarar, som både fylkeslaga og sentrallekken seinare følgde opp kontakten med. I alle dei fire fylka sende fylkesleiarane ut lesarbrev om at nynorsken måtte få ein sentral plass. Framfor kommune- og fylkestingsvalet i 2019 var vi i kontakt med partia for å få nynorskvenlege punkt inn i programma deira. Resultatet var at i alle dei fire nye fylka var det minst tre av partia som hadde tydelege nynorskpunkt i valprogrammet. Fleire parti produserte også valprogrammet på nynorsk, og i Viken blei den politiske plattformen til fleirtalspartia publisert på både bokmål og nynorsk. Våren 2020 har arbeidet handla om å hjelpe storfylka til å få gode språkbruksplanar.

ARBEID MED Å STYRKJE TELEMAR, ROGALAND OG TRØNDERLAGET

Den eine delen av denne satsinga har vore at nasjonale tilskipingar blir lagde til desse fylka. I 2018 prioriterte

vi å reise i to og ei halv veke i Telemark på Nynorskstafetten. I høve Nynorskstafetten blei det også laga eit eige organisasjonseminar i Telemark. Landsmøtet i 2018 var også i Vinje i Telemark. Hausten 2020 skal Nynorskstafetten vere på reise i Rogaland i tre veker. Spesielt det å få Nynorskstafetten lagt til sitt fylke er eit viktig organisasjonsbyggjande tiltak. Det syner seg ofte at kontaktar og arbeid gjort i høve Nynorskstafetten, kan få varige resultat seinare. Denne våren er landsmøtet planlagt lagd til Sola og Rogaland. Hausten 2019 blei eine dagsseminaret lagt til Trondheim. I tillegg har vi hatt eit ønske om å stø ekstra opp om det organisasjonsbyggjande arbeidet som fører til at lag blir skipa opp att.

Rogaland Mållag har plan om å feire 100 år i 2020 med tilskipingar fire heile dagar til ende. NM sentralt bidreg med økonomisk støtte. Noregs Mållag sentralt deltok ved skipinga av Jæren Mållag i januar 2020.

I Trøndelag gjekk fylkesordførar Tore O. Sandvik våren 2018 ut med eit stort oppslag i Adresseavisa om at han ikkje såg eit einaste argument for at skulebarn skulle lære seg nynorsk. Fylkeslaget og mållaget sentralt gjekk saman ut mot dette i media, og det resulterte mellom anna i duell i NRKs Dagsnytt 18. Sandvik fekk også svar på tiltale i ein leiarteig i Adresseavisa som skulda han for å ha eit historielaut kunnskapssyn som forveksla lettvinnt med moderne.

I 2019 blei både Nynorsk barnebokpris og Nynorsk næringslivspris delt ut til mottakarar i Trøndelag. Ved begge desse høva blei kontakt knytt med representantar for lokal- og fylkeslag. I mars 2020 følgde Noregs Mållag opp røystinga om kyrkjemål i Sandvolla i Inderøy om soknet skal halde fram med nynorsk som kyrkjespråk eller ikkje.

Mållaga

Dei lokale mållaga er grunnfjellet i Noregs Mållag. Mållaga skal styrkja det direkte målpolitiske arbeidet retta mot skule, barnehage, næringsliv, media, norskopplæring og kommunal verksemd. Mange lokallag har medlemmer med sentrale verv og posisjonar i lokalsamfunnet. Det er eit godt utgangspunkt for å samarbeida med og påverka andre, i politikken, i kultur- og organisasjonslivet, i barnehagen og skulen, i media og i næringslivet.

Lokallaga skal verva medlemmer og gjera målsaka synleg i lokalmiljøet. Fleire lag bør skipa til inspirasjonsdagar for lærarar. Noregs Mållag sentralt skal gje økonomisk og praktisk støtte til slike tilskipingar. Lokallaga bør samarbeida med lokale målungsdomslag der det finst slike, og tipsa NMU sentralt om unge målfolk på stader der NMU ikkje har lag. Laga må leggja vinn på å rekruttera yngre styrefolk. Meir kunnskap om valnemndsarbeid er eit tiltak for å nå dette målet. Noregs Mållag skal tilby valnemndsskulering til lokal- og

fylkesmållag. Noregs Mållag skal tilby leiarskulering for lokallagsleiarar.

Yrkesmållaga

Arbeidsoppgåvene i programmet høver i varierende grad for yrkesmållaga, som må gripa fatt i dei oppgåvene i programmet som dei ser er viktige på sine område. Det er viktig at yrkesmållaga lagar eit miljø for målarbeid innanfor sine yrkesgrupper. Yrkesmållaga har eit ansvar for å gje Noregs Mållag sentralt innspel om stoda på sitt fagområde.

Revisjon av prinsippprogrammet

I denne perioden skal Noregs Mållag revidera prinsippprogrammet. Styret set ned ei nemnd og inviterer heile organisasjonen med i arbeidet. Det er eit mål at arbeidet gjev meir målpolitisk skulering og ordskifte i samskipnaden, slik at medlemmer i Noregs Mållag vert tryggare i å argumentera for nynorsken.

Styret sette ned ei nemnd som skulle arbeide fram eit utkast til nytt prinsippprogram hausten 2018. Nemnda har hatt fleire fysiske møte og ein del tekstsamarbeid på e-post. Vinteren 18/19 starta nemnda med å lage til åtte grunngitte problemstillingar som diskusjonsgrunnlag for organisasjonen, anten på årsmøta eller i anna studiearbeid. Våren 2019 blei mange spurde om å skrive ein heller kort tekst om eit emne som var viktig for dei i arbeidet med nytt prinsippprogram. Vi fekk inn ei rekkje bidrag, og desse blei trykte i eit eige studiehefte som blei distribuert i august 2019. Då var nemnda samstundes klar med lanseringa av podkasten Prinsippprogrammet; fem episodar med prat mellom politisk rådgivar Marit Aakre Tennø og tidlegare tilsett i Noregs Mållag, Magnus Bernhardsen. Podkasten drøfta ei rekkje formuleringar, fallgruver og tolkingsutfordringar i det noverande prinsippprogrammet. Vi har fått mykje gode tilbakemeldingar på podkasten.

Hausten 2019 skipa Noregs Mållag til tre dagsseminar om prinsippprogrammet, i Trondheim, Oslo og Bergen. Nokre veker etterpå var fristen for den første innspelsrunden i organisasjonen. Då inviterte nemnda til opne oppspel, noko fleire lag følgde opp. På bakgrunn av seminardiskusjonane og innsende innspel, laga nemnda eit første utkast til program til landsrådsmøtet i november. Der var det nye drøftingar og tilbakemeldingar som la grunnlaget for det endelege utkastet som gjekk til heile organisasjonen på høyring. Då høyringsfristen gjekk ut i februar, hadde sju lag levert skriftlege innspel, og nemnda hadde eit siste møte for å levere endeleg innstilling til styret.

Økonomi

Den økonomiske stoda for Mållaget har vore stabil og som regel litt på plussida dei siste åra, og 2018 enda med eit overskot på 378'. Ein viktig grunn til overskotet kjem av eit auka tilskot frå staten. Vi gjekk med underskot på 70' i 2019, om lag som budsjettet. Samstundes har vi eigentleg hatt eit godt resultat, for i det resultatet ligg det også nye nettsider, og det var ikkje tatt full høgd for i budsjettet. Det har gjort at eigenkapitalen vår no er styrkt med om lag 308 000 kroner. Ein god eigenkapital kan vere avgjerande i uventa situasjonar som krev styrkt innsats frå Mållaget over ein periode, eller for å greie å realisere planane om ein gong å få kjøpt eit kontorlokale til skrifvarstova. Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemmene, gjennom medlemspengar, målgåver og kalendersal. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal.

Våren 2018 leverte vi høyring om regelverket om mva-kompensasjon til frivillige organisasjonar. Departementet hadde føreslått mindre justeringar som i hovudsak skulle gjere det enklare å søkje, og enklare for små organisasjonar å få støtte. Noregs Mållag slutta seg til endringsframlegga.

REKNESKAP JULEKALENDER/LOTTERI

| | 2018 | 2019 |
|----------------------|----------------|----------------|
| Inntekter | | |
| Loddsal | 166 029 | 183 382 |
| Porto | | 2 597 |
| Sum inntekter | 166 029 | 185 980 |
| Kostnader | | |
| Vinstar | 54 306 | 35 490 |
| Trykking | 67 934 | 50 121 |
| Porto | 16 575 | 27 465 |
| Administrasjon | 16 575 | 6750 |
| Gebyr | 5 255 | 3 014 |
| Sum utgifter | 144 070 | 122 840 |
| OVERSKOT | 21 959 | 63 140 |

REKNESKAP

INGA OG GJØA LUTROS LEGAT

| | 2018 | 2019 |
|-----------------------------------|--------------|--------------|
| Inntekter | | |
| Renter | 4 810 | 5 115 |
| Overført til Noregs Mållag | 4 810 | 5 115 |
| Balanse | | |
| <i>Aktiva</i> | | |
| Bankinnskot | 602 678 | 602 678 |
| <i>Passiva</i> | | |
| Legat | 602 678 | 602 678 |

REKNESKAP NOREGS MÅLLAG

Rekneskaper for 2018 viser eit overskot på 378 000 kroner og 2019 eit underskot på 70 000 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med underskot i 2018 på 442 000 og underskot i 2017 på 199 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak forandra til underskot på 266 000 og 130 000 kroner. Eit høgt medlemstal hjelper også på inntektene, både på kort og lang sikt. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 5 769 916. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er nær ti gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

Under nokre av postane under står 2019-talet først, deretter står 2018-talet i parentes.

SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang (servise, bøker og anna profileringsmateriell).

NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer både i 2018 og i 2019. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auke det.

JULEKALENDER

Kulturlotteriet har vore ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag, og eit godt høve for lokallaga til å skaffe seg inntekter. I 2018 bytte vi ut lodda med ein julekalender.

Laga har hatt høve til å tinge kalendrar til 50 kr per stk, og selje dei for 100 kr. Dette har gitt lokallaga høve til å spe på lagskassa.

Medlemmer har også hatt høve til å tinge kalendrar direkte frå Krambua for 100 kr.

I 2019 selde laga 859 kalendrar, medan medlemmene kjøpte 2 263 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 3 122 kalendrar. I 2018 selde laga 384 kalendrar, medan medlemmene kjøpte 1 465 kalendrar direkte frå Krambua, i alt 1 849 kalendrar.

MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemmer gjekk ned med 190 i 2018 og deretter opp med 531 i 2019.

PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løyving frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årviss. 20 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som vi står saman om å dele ut.

MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten inneheld vinterseminar i Lillehammer, haustseminar «Unge vaksne» og dagsseminar i Oslo. I tillegg dagsseminar i Trondheim og Bergen i 2019.

På hausten 2018 blei det arrangert seminar for «Unge vaksne» og seminar for nye lokallagsleiarar i Oslo.

TENESTESAL

Eventuelle inntekter på nynorskkurs som skrivearstova kan tilby.

MÅLGÅVER

Innbetalningar over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdept. på 5 590 000 kroner (5 460 000 kroner), i tillegg fekk vi i 2018 145 000 kroner frå Utdanningsdirektoratet til «ålmenne føremål i grunnskulen».

PROSJEKT I FYLKESLAGA

Kostnadene med tilsette for Agderfylka og for Buskerud Mållag går gjennom sentrallekken. Inntektene her er innbetaling frå desse fylkeslaga, som svarar til dei kostnadene vi har hatt (synleg på eiga linje under kostnader).

LEIGEINNTEKTER

Leigeinntekter frå skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og kontorplass til Kringkastingsringen og Norsk Målundom.

UTTAK AV VARER

Gåver til innleiarar og andre.

YMSE

Posten inneheld m.a. refusjon som gjeld frikjøp av tilsette som har politiske verv, deling av presseklippkostnader og tilbakeføring av avsette midlar.

OFFENTLEGE TILSKOT

| | 2019 | 2018 |
|-----------------------|-----------|-----------|
| Kultur- og kyrkjedep. | 5 591 000 | 5 460 000 |
| Udir. | 0 | 145 000 |
| SUM | 5 591 000 | 5 605 000 |

MATERIELL FOR SAL

Det meste av kostnadene her gjeld profiltilfang, aksjonsmateriell, bøker innkjøpte for vidaresal og endring i varelageret.

NORSK TIDEND

Om lag 340 000 (355 000) er utforming og trykk av Norsk Tidend. 382 000 (372 000) er adresserings- og portokostnader. Elles ligg det også kostnader som reiser og kjøp av artiklar og bilete i denne posten.

ANDRE TRYKKJEKOSTNADER

Kostnader med flygeblad og anna materiell til aksjonsbruk.

KALENDER

I hovudsak vinstar, porto og trykking av kalenderar. Elles kostnad for løyve og for destruksjon av ikkje selde kalenderar.

REFUSJON MEDLEMSPENNGAR

Refusjon av medlemspengar skal gjerast innan 1. mars kvart år. Refusjon medlemspengar for 2019 er utrekna til totalt 924 000 kroner (880 000 kroner). Dei fleste fylkeslaga har ein sats på 20 eller 30 kroner per medlem og dei fleste lokallaga ein sats på 40 kroner.

LØN OG HONORAR

Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgivaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, honorar til revisjon. Honorar til kursinnleiingar, skribentar i Norsk Tidend og prosjektarbeid er førte på dei respektive prosjekta. Refusjon av sjukepengar er ført her. Oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under 'Skrivarstova'. Dagleg leiar er plassert i lønssteg 73 i statsregulativet.

LØNSKOSTNADER OG GODTGJERSLER INKL. STILLINGAR I FYLKESLAGA

| LØNSKOSTNADER | 2019 | 2018 |
|--------------------------|----------------|----------------|
| Løn, feriepengar o.l. | 61 53 334 | 55 72 065 |
| Folketrygdavgift | 802 335 | 7 60 728 |
| Anna godtgjersle | 3 892 | 51 417 |
| Sum lønskostnader | 6993761 | 6384210 |

| GODTGJERSLE 2019 | DAGLEG LEIAR | STYRET |
|------------------------|----------------|----------------|
| Løn | 687 748 | 643 346 |
| Anna godtgjersle | 190 315 | 74 467 |
| Sum godtgjersle | 878 063 | 717 813 |

| GODTGJERSLE 2018 | DAGLEG LEIAR | STYRET |
|------------------------|----------------|----------------|
| Løn | 659 881 | 635 298 |
| Anna godtgjersle | 85 623 | 75 880 |
| Sum godtgjersle | 745 504 | 711 178 |

Gjennomsnittleg tal på tilsette: 7

REVISOR

Kostnadsført revisjonshonorar for 2019 er kr 132 000,- og 109 000,- for 2018.

TENESTESAL

Kostnader med kurstillbod.

HUSLEIGE OG STRAUM

Posten inneheld husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsg. 52 er òg førte her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter.

DRIFTS- OG KONTORUTGIFTER

Porto og telefon utgjær 538 000 kroner (390 000 kroner). Størstedelen av meirkostnaden kjem av verveutsending til alle folklevalde. Elles er det leige av kopimaskin og frankeringsmaskin med driftsavtale, IT-kostnader (mellom anna heimesida), rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvoluttar og anna driftsmateriell. Posten enda opp langt høgare enn budsjettert, og det kjem eine og åleine av at vi har investert i ny heimeside.

PRESSEKLYPP

Noregs Mållag abonnerer på ei teneste som sender oss dei fleste presseoppslag om målsak kvar dag.

PRISAR OG STIPEND

Posten gjeld to arbeidsstipend à 50 000 kroner og litteraturprisane.

LANDSMØTE

Posten inneheld alle kostnader knytte til landsmøtet; leige av lokale, reise og opphald for styret, tilsette og gjester, og reiseutjamning til utsendingane.

MØTE- OG REISEUTGIFTER

Møte- og reiseutgifter i samband med landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser.

LØYVINGAR, GÅVER

| 2019 | |
|--------|-------------------------------------------------------|
| 5 000 | Moss Mållag - oppattskipping |
| 5 000 | Kvinesdal Mållag - oppattskipping |
| 5 000 | Rennesøy Mållag - oppattskipping |
| 15 000 | Skammarens dotter |
| 2 600 | Sykkylven Mållag - stønad landsmøte |
| 2 563 | Asker Mållag - nynorsk skilt på Labråten |
| 1 000 | Folldal Mållag - 100 år |
| 5 000 | Hadeland Dialekt- og Mållag - «Vinje - Enno ein gong» |
| 2018 | |
| 5 000 | Karmøy Mållag - oppattskipping |
| 5 000 | Stjernerøy Mållag - oppattskipping |
| 12 600 | Skånevik Mållag - stønad |
| 5 000 | Tokke Mållag - oppattskipping |
| 5 000 | Vik Mållag - oppattskipping |
| 5 000 | Fitjar Mållag - oppattskipping |
| 30 000 | Festskrift - Stiftinga Nynorsk pressekontor |

LØYVING NMU

Driftstilskot til Norsk Målungdom.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 2:**BARN OG UNGE**

Kostnader til barnehagearbeid og arbeid med litteratur for barn og unge.

MÅLPOLITISK SATSINGSOMRÅDE 3:**OFFENTLEG MÅLBRUK**

Kostnader til arbeid med offentlig målbruk.

ORGANISASJONSMIDLAR**2019**

| | |
|--------|-----------------------------|
| 17 500 | Troms og Finnmark Mållag |
| 30 000 | Bergen Mållag |
| 50 000 | Rogaland Mållag |
| 10 000 | Varanger Mållag |
| 15 000 | Mållaget Ivar Kleiven |
| 25 000 | Bø Mållag |
| 25 000 | Hemsedal Mållag |
| 11 500 | Volda Mållag |
| 15 000 | BUL Oslo/NMU |
| 85 000 | Rogaland Mållag |
| 3 000 | Kvam Mållag |
| 1 000 | Hadeland Dialekt- og Mållag |
| 15 000 | Vikværingen |
| 10 000 | Ørsta Mållag |
| 3 800 | Austmannalaget |
| 5 000 | Hordaland Mållag |

2018

| | |
|--------|----------------------------|
| 10 000 | Tromsø Mållag |
| 10 000 | Hadeland Mållag |
| 12 500 | Sotra Mållag |
| 5 000 | Fylkesmållaget Vikværingen |
| 7 500 | Vestre Slidre Mållag |
| 10 000 | Senja Mållag |
| 8 000 | Molde Mållag |
| 7 000 | Rogaland Mållag |
| 25 000 | Hemsedal Mållag |

| | |
|--------|--------------------------------|
| 37 000 | NMU |
| 6 030 | Sunndal Mållag |
| 3 700 | Hordaland Mållag |
| 4 000 | Hordaland Mållag |
| 7 500 | Vanylven Mållag |
| 5 200 | Gol Mållag |
| 7 500 | Bergen Ungdomslag Ervingen |
| 20 000 | Fylkesmållaget Vikværingen |
| 10 250 | Sandefjord og Sandar Mållag |
| 15 000 | Sola Mållag |
| 5 000 | Nord-Aurdal Mållag |
| 5 000 | Bul Ervingen |
| 6 000 | Toten Dialekt- og Mållag |
| 4 000 | Meland Mållag/Alversund Mållag |
| 5 000 | Eide og Fræna Mållag |
| 1 510 | Melhus Mållag |
| 15 000 | Juristmållaget |
| 10 000 | Stavanger Mållag |
| 1 050 | Tromsø Mållag |

FINANSPOSTAR

Finansposten inneheld renteinntekter frå ymse bankkontoar. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgiftene er gebyr.

| TAL I 1000 KRONER | 2016 | 2017 | 2018 | 2018 | 2019 | 2019 | 2019 |
|----------------------------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|---------------|--------------|
| INNTEKTER | REK | REK | LM | REK | LM | Rev. styret | REK |
| Sal av materiell | 91 | 145 | 120 | 107 | 130 | 110 | 77 |
| Norsk Tidend | 101 | 78 | 100 | 35 | 80 | 50 | 60 |
| Kulturlotteri | 372 | 363 | 350 | 166 | 110 | 220 | 186 |
| Medlemspengar | 3 818 | 4 075 | 3 830 | 4013 | 4080 | 4076 | 4253 |
| Prisar og stipend | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 | 120 |
| Landsmøte | 913 | 0 | 850 | 973 | 0 | 0 | 0 |
| Møte-/seminarinntekter | 107 | 119 | 50 | 15 | 75 | 75 | 93 |
| Tenestosal | 9 | 7 | 5 | 0 | 5 | 5 | 9 |
| Målgåver | 1006 | 1 022 | 1 000 | 1547 | 1250 | 1 500 | 1723 |
| Statstilskot | 4 482 | 4 168 | 4 580 | 5500 | 5490 | 5 590 | 5491 |
| Løyvingar og gåver | 0 | 0 | 20 | 0 | 50 | 150 | 150 |
| Prosjekt i fylkeslaga | 520 | 675 | 400 | 577 | 650 | 650 | 686 |
| Andre lagsinntekter | 958 | 1 374 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Leigeinntekter | 226 | 265 | 230 | 226 | 228 | 226 | 226 |
| Uttak av varer | 0 | 5 | 20 | 0 | 20 | 20 | 0 |
| Mva-refusjon | 410 | 468 | 400 | 481 | 450 | 480 | 428 |
| Ymse | 117 | 185 | 30 | 213 | 120 | 160 | 357 |
| Sum inntekter | 13 250 | 13 069 | 12 105 | 13 973 | 12 858 | 13432 | 13859 |
| KOSTNADER | | | | | | | |
| Materiell for sal | 85 | 140 | 80 | 69 | 90 | 90 | 80 |
| Norsk Tidend | 816 | 887 | 740 | 756 | 850 | 830 | 762 |
| Andre trykkjekostnader | 123 | 175 | 130 | 200 | 100 | 130 | 91 |
| Kulturlotteri | 191 | 208 | 250 | 144 | 70 | 140 | 123 |
| Ref.medlemspengar | 823 | 880 | 800 | 880 | 880 | 880 | 924 |
| Løn og honorar | 4 866 | 5 375 | 4 950 | 5710 | 5900 | 6214 | 5928 |
| Tenestosal | - | - | 2 | | 2 | 2 | 0 |
| Husleige, straum | 1 032 | 1 126 | 1 000 | 1093 | 1170 | 1150 | 1140 |
| Presseklypp | 72 | 74 | 80 | 76 | 80 | 80 | 80 |
| Prisar og stipend | 163 | 160 | 180 | 163 | 180 | 170 | 192 |
| Drifts- og kontorutg. | 1 560 | 1 369 | 1 450 | 1314 | 1450 | 1450 | 2075 |
| Landsmøte | 1 286 | 10 | 1 100 | 1281 | 0 | 0 | 0 |
| Seminar/konferansar | 147 | 368 | 160 | 88 | 270 | 270 | 305 |
| Styre-/landsrådsmøte | 234 | 191 | 200 | 193 | 200 | 200 | 188 |
| Andre møte/reiser | 195 | 294 | 200 | 235 | 225 | 240 | 252 |
| Prosjekt i fylkeslaga | 517 | 775 | 400 | 677 | 650 | 650 | 686 |
| Løyvingar/gåver | 25 | 30 | 40 | 59 | 30 | 73 | 41 |
| Løyving NMU | 540 | 200 | 200 | 200 | 350 | 350 | 350 |
| Satsing 1: skulemål | 123 | 177 | 120 | 90 | 150 | 150 | 150 |
| Satsing 2: Barn og unge | 40 | 3 | 50 | 16 | 30 | 30 | 4 |
| Satsing 3: Offentleg målbruk | 26 | 3 | 70 | 45 | 40 | 40 | 0 |
| Kampanje digitale læremiddel | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 11 |
| Språkstafetten | 119 | 71 | 140 | 73 | 125 | 200 | 309 |
| Organisasjonstiltak | 188 | 271 | 200 | 264 | 250 | 250 | 322 |
| Avskr., tap på krav | 3 | 0 | 10 | 4 | 5 | 5 | 1 |
| Sum kostnader | 13 174 | 12 787 | 12 552 | 13630 | 13097 | 13 594 | 14014 |
| Resultat før finanspostar | 76 | 282 | -447 | 343 | -239 | -162 | -155 |
| FINANSPOSTAR | | | | | | | |
| Utbyte | 6 | 13 | 20 | 12 | 20 | 10 | 6 |
| Finansinntekter | 66 | 78 | 110 | 62 | 65 | 62 | 68 |
| Finansutgifter | -35 | -32 | -35 | -39 | -35 | -40 | -64 |
| Sum finanspostar | 37 | 59 | 95 | 35 | 50 | 32 | 10 |
| Ekstraord.inntekter | | | | | | | 75 |
| RESULTAT | 113 | 341 | -352 | 378 | -189 | -130 | -70 |

Balanse 2017/2018/2019

| ANLEGGSMIDLAR | 2017 | 2018 | 2019 |
|---------------------------------------------|--------------------|--------------------|--------------------|
| Husvære ¹ | 326 070 | 326 070 | 326 070 |
| Sum varige driftsmidler | 326 070 | 326 070 | 326 070 |
| Depositum husleige Lilletorget 1 | 385 378 | 385 378 | 389 629 |
| Fondet for norsk målreising | 533 000 | 533 000 | 533 000 |
| Sum finansielle anleggsmidler | 918 378 | 918 378 | 922 629 |
| Sum anleggsmidler | 1 244 448 | 1 244 448 | 1 248 699 |
| OMLAUPSMIDLAR | | | |
| Varer ² | 125 000 | 125 000 | 125 000 |
| Kundefordringar | 668 547 | 205 830 | 541 786 |
| Opptente inntekter ³ | 39 336 | 41 160 | 26 667 |
| Forskotsbetalte driftskostnader | 0 | 0 | 0 |
| Forskotsbetalt IT-støtte | 48 534 | 48 534 | 48 534 |
| Fondet for norsk målreising | 63 616 | 67 055 | 70 643 |
| Sum fordringar | 820 033 | 362 579 | 687 630 |
| Luter ⁴ | 16 200 | 16 200 | 16 200 |
| Sum investeringar | 16 200 | 16 200 | 16 200 |
| Bankinnskot ⁵ | 12 402 441 | 13 864 528 | 13 762 944 |
| Sum bankinnskot | 12 402 441 | 13 864 528 | 13 762 944 |
| Sum omlaupsmidler | 13 363 674 | 14 368 307 | 14 591 774 |
| SUM EIGE | 14 608 122 | 15 612 755 | 15 840 473 |
| EIGENKAPITAL | | | |
| Eigenkapital | -5 120 438 | -5 461 925 | -5 839 690 |
| Resultat i perioden | -341 487 | -377 765 | 69 774 |
| Sum opptent eigenkapital⁶ | -5 461 925 | -5 839 690 | -5 769 916 |
| SKULD | | | |
| Gåve ⁷ | -5 082 537 | -5 626 561 | -5 636 944 |
| Husfond ⁸ | -75 000 | -75 000 | -75 000 |
| Sum anna langsiktig skuld | -5 157 537 | -5 701 561 | -5 711 944 |
| Leverandørgjeld | -112 681 | -151 168 | -334 514 |
| Skuldige medlemspengar | -1 010 129 | -1 050 083 | -1 073 378 |
| Medlemspengar neste år | -77 760 | -69 600 | -91 200 |
| Nedlagde/sovande lag | -129 149 | -129 149 | -133 043 |
| Skuldige off. avg./feriepengar | -999 059 | -975 249 | -1 043 842 |
| Anna kortsiktig skuld ⁹ | -1 659 882 | -1 696 255 | -1 682 636 |
| Sum kortsiktig skuld | -3 988 660 | -4 071 504 | -4 358 613 |
| SUM SKULD | -9 146 197 | -9 773 065 | -10 070 557 |
| EIGENKAPITAL + SKULD | -14 608 122 | -15 612 755 | -15 840 473 |

NOTAR

I årsrekneskapan er alle postane verdsette og periodiserte i samsvar med reglar og retningsliner i rekneskapslova og i samsvar med god rekneskapskikk for små føretak. Krava er førte opp i balansen med pålydande verdi etter frådrag for konstaterte og medrekna tap.

1: Husvære i Schweigaards gate 52, Oslo. Oppført verdi kr 326 070,-. Kjøpt for kr 326 070,- i 1992. Noregs Mållag hadde takst på husveret i Schweigaards gate i februar 1999. Marknadsverdien var sett til kr 750 000,-.

2: Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.

3: Opptente inntekter inneheld uteståande krav, m.a. medlemspengar frå lag med lokal innkrevjing.

4: Noregs Mållag har luter i:
Seskap | *Kostpris* | *Bokf. verdi* | *Likn.verdi*
Det Norske Teatret | 23 stk | 11200 | 0 | 0
Orkla A | 1380 stk | 16200 | 16 | 200 | 95703
Dag og Tid | 475 stk | 10 000 | 0 | 3
Til saman:

Kostpris: 231 150

Bokførd verdi: 16 200

Likningsverdi: 95 703

5: Av bankinnskot er kr 236 594,- bundne til skattetrekk. Depositum for lotteriet: 200 000,-.

| | 2018 | 2019 |
|--------------|------------------|------------------|
| Eigenkapital | 5 461 925 | 5 839 690 |
| Årsresultat | 377 765 | -69 774 |
| Sum | 5 839 690 | 5 769 916 |

7: Mottatt gåve skal nyttast til spesielle formål jf. avtale med givar.

8: Husfondet: 75 000 kr.

9: Kortsiktig skuld inneheld avsetjing til lotterivinstar, avsetjing til revisjonskostnader for 2019 og kostnader i 2019 med forfall i 2020.

(Revisormeldingar side 87)

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

HEIDERSMEDLEMMER

Heidersmedlemmer i Noregs Mållag er no:
Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad, Guri Vesaas,
Oddny Miljeteig og Olaf Almenningen.
Heidersmedlem Olga Meyer gjekk bort i 2018.

STYRET OG ARBEIDSUTVALET

Styret og arbeidsutvalet har i perioden vore:
Leiar: Magne Aasbrenn (AU)
Nestleiar: Jens Kihl (AU) (trekte seg i august 2018 pga. ny jobb)
Styremedlemmer: Peder Lofnes Hauge (nestleiar og AU frå august 2018) Inger Johanne Sæterbakk (AU), Mariann Schjeide, Helene Urdland Karlsen (trekte seg i januar 2019 pga. ny jobb), Fredrik Hope (2018–19, NMU), Gunnhild Skjold (2019–20, NMU)
Varamedlemmer: Marianne Granheim Trøyflat, Anders Riise, Birgitta Lim Ersland og Øyvind Fenne.

Trøyflat rykte opp som fast styremedlem då Kihl gjekk ut av styret, og Riise rykte deretter opp som fast styremedlem då Karlsen gjekk ut av styret. Det siste året har dermed Ersland vore fast møtande 1. vara. Fenne har vore 2. vara og har møtt på somme av møta.

Styret har hatt 13 fysiske møte og eit par e-postmøte med naudsynte avklaringar i landsmøteperioden. Om lag 190 saker har vore oppe, og dei viktigaste sakene har vore nye læreplanar for grunnskulen og vidaregåande, ny språklov, ny opplæringslov og vilkåra for nynorsk-elevane, særleg i arbeid for digitale læremiddel og språkdelt ungdomsskule. I tillegg har styret vore opp-tatt av gode resultat i arbeidet med språket i samband med kommune- og regionreforma, organisasjonsbygging/verving og gjennomføringa av nynorskstafetten.

I denne perioden har Magne Aasbrenn hatt frikjøp som leiar i 100 prosent, medan Jens Kihl hadde frikjøp som nestleiar i 20 prosent i funksjonstida si.

AU har hatt sju møte i perioden for å førebu styremøte eller avklare saker som har komme opp mellom

styremøta. I tillegg har AU og dagleg leiar e-post eller telefonkontakt kvar veke for å diskutere dei aktuelle arbeidsoppgåvene.

LANDSRÅDET

Landsrådet har også denne perioden hatt sine årlege haustmøte, til saman to møte sidan førre landsmøte. Rådet har handsama 17 saker. Dei viktigaste har vore nytt prinsippprogram, språklova, nye læreplanar og verving/organisasjonsarbeid. I tillegg diskuterer landsrådet kvar gong den politiske situasjonen og har ei lengre erfaringsutveksling fylkeslaga imellom om ulike sider ved målarbeidet.

VALNEMNDA

Valnemnda har i perioden vore:
Leiar: Kirsti Lunde
Medlemmer: Marit Nerås Krogsæter, Helen Johannesen, Sigbjørn Hjelmbrække og Åsmund Kvifte (NMU)
Varamedlemmer: Pål Julius Skogholt, Else Berit Hattaland og Peder Sjo Slettebø
Varamedlemmer NMU: Svein Soldal Eggerud og Øystein Sandve

SKRIVARSTOVA

Tilsette i perioden har vore:
Dagleg leiar: Gro Morken Endresen
Organisasjons- og informasjonskonsulent: Hege Lothe
Økonomikonsulent: Per Henning Arntsen
Organisasjonskonsulent: Erik Grov
Redaktør og informasjonskonsulent: Kjartan Helleve (til desember 2018)
Redaktør og kommunikasjonsrådgivar: Astrid Marie Grov (frå 22. november 2018)
Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy
Politisk rådgivar: Marit Aakre Tennø

Live Havro Bjørnstad var engasjert i om lag eitt månadsverk i samband med førearbeidet til nynorsksta-

fetten både i 2018 og i 2019. Ho er til vanleg tilsett hjå Hordaland Mållag.

NEMNDER OG UTVAL

Lista gir eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåra 2018–2020. Funktionsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje førte opp. Lista har berre med dei representantane Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av arbeidsutvalet eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

Nemnd for nynorsk barnelitteraturpris

Guðrun Kløve Juuhl (2016–2019)
Kristine Thorkildsen (2017–2020)
Per Roger Sandvik (2018–2021)
Ingrid Rogne (2019–2022)

Nemnd for nynorsk litteraturpris

Marta Norheim (2018–2021)

Styret for Norsk Barneblad

Karoline Riise Kristiansen (2018–2020)
Vara: Øystein Espe Bae (2018–2020)

Øystein Espe Bae 2020–2022

Vara: Mariann Schjeide (2020–2022)

Rådet for Norsk Barneblad

Magnus Bernhardsen (2018–2022)
Helene Urdland Karlsen (2018–2020)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2022)
1. *vara:* Gard Espeland (2018–2020) / Helene Urdland Karlsen (2020–2022)
2. *vara:* Synnøve Midtbø Myking (2018–2020)

Nynorsk pressekontor

Våre representantar:

Tom Hetland (2015–2021)
Inger Johanne Sæterbakk (2016–2020)
Ragnhild Bjørge (2020–2022)
Vara: Jens Kihl (2016–2020)
Svein Olav Langåker (2016–2021)
Birgitta Lim Ersland (2020–2022)

Vestmannafondet

Haakon Aase (2015–2021)

Jury for Nynorsk næringslivspris

Nina Berge Rudi (2014–2020)
Magne Aasbrenn (2014–2020)
Øystein Skjæveland (2015–2021)

Arne Hjeltnes (2017–2019)
Olin Johanne Henden (2018–2022)
Anders Riise (2020–2021)
Kristofer Olai Ravn Stavseng (2020–2022)
Marianne Granheim Trøyflat (2020–2022)

Stiftinga Vener av Dag og Tid (før Riksfondet for nynorsk presse)

Helene Urdland Karlsen (2015–2022)
Bjørn Karsrud (2015–2020)
Fredrik Hope (2020–2022)

Fondet for Norsk målreising

Erik Bolstad (2013–2021)
Jens Romslo (2013–2019)
Karl Peder Mork (2017–2021)
Frida Pernille Mikkelsen (2019–2021)

Rådet for Nynorsk kultursentrum

Vidar Lund (2016–2020)
vara: Bente Riise (2016–2020)

Karl Peder Mork (2020–2022)

vara: Martine Rørstad Sand (2020–2022)

Valnemnda for Det Norske Teatret

Magne Aasbrenn (2016–2019)
Inger Vederhus (2019–2022)

Stiftinga Magasinett

Vebjørn Sture (2015–2021)

Stiftinga Pirion

Vebjørn Sture (2015–2021)

Halldor O. Opedals fond

Håkon Remøy (2017–2021)

Sandefjord og Sandars legat

Daniel Ims (2015–2021)

Akademifondet i Rauland

Gro Morken Endresen (2017–2021)

Oslo Nye Sparebanks fond

Morten Søbørg (2018–2021)
vara: Karl Peder Mork (2018–2021)

Anne Røflo Longva og Alf Andre Longvas fond

Janne Nygård (2015–2019)
vara: Nina Berge Rudi (2015–2019)

Nina Berge Rudi (2019–2021)

vara: Fredrik Hope (2019–2021)

Norsk Målungdom

Dei to siste arbeidsåra har vore gode år for Norsk Målungdom. I 2018 hadde vi det høgaste medlemstalet sidan 2005, og medlemstala heldt seg høge i 2019. Utetter har vi i hovudsak arbeidd for nynorsken i skolen og i lovverket, samstundes som vi innerter har arbeidd for å bli større og sterkare.

UTETTER

Det politiske arbeidet dei to siste åra har vore prega av store endringar i skolen og framlegginga av den lenge varsla språklova. Vi har også jobba med språk i akademia og høgare utdanning, vist støtte til andre mindretalsspråk og løfta fram det nynorske kvardagsspråket.

Dei to siste åra har læreplanprosessen komme fleire steg vidare. Vi kom med innspel til kjerneelementa og dei første skissene til læreplanen i norsk. Den endelege læreplanen blei lagt fram i 2019, og vi markerte oss i ordskiftet både i forkant og etterkant av framlegginga. Vi kravde at det framleis må vere eigne karakterar i hovudmål og sidemål, at det må vere like kompetansemål og vurderingsmål i hovudmål og sidemål, ein tidleg start med sidemål som går gjennom heile skolelaupet, og at læreplanen tar omsyn til at det er annleis å vere nynorskelev.

I 2018 skipa vi til kampanjen *Oppdater! Ein kampanje for digitale læremiddel på nynorsk* saman med Noregs Mållag. Vi har skipa til aksjonar fleire stader i landet for å markere oss og løfte saka. Vi har også etterlyst kontorstøtteprogram på nynorsk. Dette arbeidsåret markerte vi oss også i ordskiftet etter forsøket med færre karakterar i norsk og fekk fleire ungdomsparti til å stø kravet om språkdelt ungdomsskole.

I 2019 kom endeleg framlegget til ei ny språklov. Norsk Målungdom har markert oss i ordskiftet, og levert høyringssvar til den nye lova. Vi har også oppmoda lokallaga og medlemmane våre til å levere høyringssvar. Dei viktigaste krava våre er at den nye lova må komme med sanksjonar for brot på lova, at fylkeskommunane må bli rekna som regionale statsorgan og at lova bør innehalde ei plikt til å greie ut korleis strukturelle endringar og reformer påverkar nynorsken. Samstundes har vi gitt skryt til regjeringa for at eit av føremåla med lova er å styrke det minst brukte

skriftspråket nynorsk, og at dei har lovfesta statusen til språka våre.

Dialektprisen for 2018 gjekk til Leif Einar Lothe, kjend som Lothepus, medan prisen i 2019 gjekk til Tale Maria Krohn Engvik, kjend som den digitale helsesjuepleiaren Helsesista.

I tillegg til det politiske arbeidet tar vi også vår del av ansvaret for å opplyse elevar om den norske språkstoda. Vi reiser landet rundt på målferd og held føredrag for tusenvis av elevar. Til saman i 2018 og 2019 har vi snakka for godt over 5 000 elevar. I 2019 har vi også samarbeidd med Bondeungdomslaget i Oslo om Den kulturelle skolesekken-framsyninga *Ein dag i Nynorskens hus*, som rettar seg mot 6. klassingar i Oslo-skolen. 700 elevar har sett framsyninga. Vi har også hatt gleda av å delta på Nynorskstafetten saman med Noregs Mållag.

INNERTER

Norsk Målungdom har halde oppe veksten, og har stabilt høge lokallags- og medlemstal. I 2018 hadde vi 1 574 medlemmar, og i 2019 1 470 medlemmar. Av desse var 1 180 under 26 år i 2018, medan tilsvarande tal for 2019 var 1 037 medlemmar. Vi hadde 30 lokallag i 2018 og 26 lokallag i 2019.

Fram til sommaren 2019 hadde Norsk Målungdom ein lokallagsskrivar tilsett i ei heiltids prosjektstilling. Denne stillinga var halvfinansiert av Noregs Mållag, og prosjektperioden er no ferdig. Lokallagsskrivaren arbeide med å følge opp lokallaga og skipe nye, og la eit godt grunnlag for det vidare arbeidet vårt med lokallaga.

Etter lang tid med trong økonomi, har den økonomiske situasjonen betra seg noko dei seinare åra. Landsmøtet i 2019 vedtok ein økonomisk langtidspan for organisasjonen, som legg føringar for økonomiarbeidet vårt fram til 2023. Måla i planen er å sikre drifta gjennom å spare eigenkapital og å gi betre vilkår til dei tilsette og frivillige. Den daglege økonomistyringa har vore prega av struktur og kontroll, med eit fokus på å skaffe innkomer til dei aktivitetane vi gjennomfører i året. Det er med på å bidra til økonomisk vekst i organisasjonen.



NMU under haustkonferansen Nynorske talent i Bergen, 29. september 2019. (Foto: Ingunn Vespestad Steinsvåg)

Medlemer per fylke

| Fylke | 2019 (+/-) | 2018 | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 |
|------------------|--------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Akershus | 52 (+4) | 48 | 56 | 44 | 43 | 44 | 47 | 48 | 47 | 45 |
| Aust-Agder | 17 (-1) | 18 | 14 | 18 | 22 | 16 | 18 | 23 | 18 | 14 |
| Buskerud | 27 | 27 | 19 | 11 | 13 | 15 | 15 | 13 | 14 | 21 |
| Finnmark | 10 (+5) | 5 | 18 | 8 | 6 | 9 | 9 | 9 | 4 | 4 |
| Hedmark | 13 (+7) | 6 | 7 | 15 | 19 | 18 | 18 | 18 | 13 | 8 |
| Hordaland | 274 (-31) | 305 | 273 | 300 | 336 | 302 | 316 | 273 | 214 | 242 |
| Møre og Romsdal | 148 (-18) | 166 | 189 | 174 | 159 | 129 | 132 | 131 | 77 | 87 |
| Nord-Trøndelag* | | 15 | 13 | 15 | 14 | 15 | 18 | 23 | 8 | 8 |
| Nordland | 7 (-4) | 11 | 11 | 14 | 12 | 9 | 21 | 11 | 6 | 12 |
| Oppland | 51 (+5) | 46 | 49 | 46 | 37 | 27 | 35 | 29 | 24 | 24 |
| Oslo | 254 (-2) | 256 | 235 | 232 | 217 | 202 | 190 | 217 | 195 | 196 |
| Rogaland | 116 (-32) | 148 | 133 | 138 | 122 | 123 | 101 | 125 | 123 | 128 |
| Sogn og Fjordane | 237 (-13) | 250 | 280 | 269 | 209 | 199 | 215 | 169 | 165 | 128 |
| Svalbard | | 0 | 0 | 0 | 0 | 1 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Sør-Trøndelag* | | 120 | 86 | 92 | 86 | 84 | 92 | 87 | 65 | 99 |
| Telemark | 22 (-13) | 35 | 21 | 27 | 23 | 26 | 33 | 27 | 33 | 31 |
| Troms | 29 (-8) | 37 | 46 | 31 | 21 | 19 | 18 | 19 | 9 | 15 |
| Trøndelag* | 144 (+9) | 135 | 99 | 107 | 100 | 99 | 110 | 110 | 73 | 107 |
| Vest-Agder | 40 (-1) | 41 | 21 | 19 | 22 | 17 | 21 | 33 | 32 | 34 |
| Vestfold | 17 (+5) | 12 | 5 | 8 | 7 | 10 | 12 | 6 | 5 | 3 |
| Østfold | 7 (-4) | 11 | 8 | 11 | 16 | 11 | 15 | 6 | 6 | 8 |
| Utlandet | 5 (-12) | 17 | 20 | 17 | 10 | 13 | 4 | 8 | 8 | 5 |
| Sum | 1470 (-104) | 1574 | 1504 | 1489 | 1394 | 1289 | 1330 | 1275 | 1066 | 1112 |

* Nord- og Sør-Trøndelag slo seg saman til Trøndelag 1. januar 2019. Tala for Trøndelag før 2019 er sett saman av tala for Nord- og Sør-Trøndelag.

Nærskylde

Dag og Tid

Selskapet Dag og Tid AS gjev ut den frie og ubundne vekevisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Dag og Tid har vore i framgang gjennom mange år og nådde i andre halvår 2019 eit opplag på over 12 000 for første gong. Selskapet gjev av og til også ut forlagsprodukt.

Det Norske Samlaget

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kulturpolitisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Forlaget gav i 2019 ut 97 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum, ordbøker og pensumbøker for høgare utdanning. 2019 var eit år på det jamne for Samlaget. Både Jon Fosse og Agnes Ravatn sine bøker Septologien og Dei sju dørene nådde eit stort publikum. I tillegg til Jon Fosse, var også Rune Belsvik og Harald Nordtun nominerte til Brage-prisen for beste barnebok. Agnes Ravatn var nominert til Bokhandlarprisen. Boksålet var om lag på same nivået som i 2018. Litteraturselskapet Det Norske Samlaget gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet held seg stabilt.

Det Norske Teatret

Det Norske Teatret er eit djervt, ope og engasjerande teater dit folk søker for refleksjon, oppleving og underhaldning. Det Norske Teatret skal med nynorsk som scenespråk og eit breitt samfunnsengasjement skape nye uttrykk og nå eit stort publikum.

I 2018 stadfesta Det Norske Teatret posisjonen sin som Noregs største teater med det høgaste publikumstalet nokon gong. 281 726 besøkte teateret sine framsyningar. Teateret hadde 33 eigne titlar i spel gjennom året, med musikalen The Book of Mormon som den største publikumssuksessen. 19 ulike produksjonar hadde premiere på dei tre scenane på Det Norske Teatret i 2018. 10 av desse var urpremierar og mange av dei var utvikla i lag med Dramatikkens hus. Det Norske Teatret legg særleg vekt på å utvikle nytt, norsk teater for barn. Vi skal til kvar tid ha eit godt tilbod til barn, med nye tekstar og dristige framsyningsformer. I 2019 etablerte Det Norske Teatret seg i Groruddalen med fast spelestad på Rommen Scene. I januar opna vi med Blokk til Blokk, og haustens store urpremiere på Tante Ulrikkes vei la eit solid grunnlag for bydels-scenen som nærast hadde fullt belegg i fjoråret. Ei anna storhending i 2019 var at teateret, i lag med Det Norske Samlaget, for første gong arrangerte Den internasjonale Fossefestivalen, i samband med at Jon Fosse fylte 60 år og hadde 25-årsjubileum som dramatikar. I løpet av ti dagar i september dominerte Fosses verk alle scenane på teateret gjennom eigenproduksjonar, internasjonale gjestespel og eit omfattande sideprogram.

I 2019 har vi hatt 44 eigne titlar i spel gjennom året, og i alt 22 ulike produksjonar hadde premiere på dei fire scenane. I 2019 har ni skodespel og dramatiseringar hatt urpremiere på teateret. Heile 280 016 publikummamarar fann vegen til Det Norske Teatret, berre knappe 1600 færre enn fjorårets historiske publikumsrekord. Heile 242 838 av desse kom til framsyningar i vårt eige hus, det høgaste talet nokon gong.

Nynorsk språk er teateret sitt viktigaste særmerke, og Det Norske Teatret skal føre eit godt og ledig språk både på og utanfor scenen.. Hausten starta eit nytt

prosjekt, Språkoppdraget, som tar mål av seg å invitere inn publikum til å ta del i språksamtalet som til kvar tid går føre seg på teateret. Arrangementa som finn stad på Scene 3 ein gong i kvartalet, er eit samarbeid med Språkrådet.

Teateret har som mål å spegle Noreg i dag, både på scenen og i salen. Vi har ei eiga skodespelarutdanning på bachelornivå, Det multinorske, som er retta mot studentar med familiebakgrunn utanfor Europa. Kull nummer tre med seks studentar starta i 2018. Med studentane, dei ferdig utdanna skodespelarane frå utdanninga og anna rekruttering er det eit markant auka mangfald på scenane våre.

Erik Ulfsby er teatersjef, Hans Antonsen er direktør og Nina Refseth er styreleiar ved Det Norske Teatret.

Framtida.no

Framtida.no er ein nettstad med nytt for unge mellom 14 og 25 år som blei starta opp hausten 2010. Talet på lesarar aukar, og journalistikken vert òg lagt merke til i andre medium i aukande grad:

TOTALT TAL BRUKARAR/ PER VEKE / SOM KJELDE

| | | |
|---------------|-------|-----|
| 2013: 306.000 | 8000 | 122 |
| 2014: 336.000 | 9000 | 278 |
| 2015: 391.000 | 10800 | 323 |
| 2016: 475.000 | 12600 | 250 |
| 2017: 825.000 | 20000 | 339 |
| 2018: 650.000 | 17000 | 252 |
| 2019: 960.000 | 24000 | 428 |

Svein Olav Langåker er redaktør for Framtida.no og har kontor på Stord. I Oslo har Framtida.no kontor i lokala til ABC Startside. I snitt hadde Framtida.no litt over tre årsverk i redaksjonen i 2018, og i snitt fire redaksjonelle årsverk i 2019. Økonomien kjem i stor grad frå prosjektstøtte og har vore usikker, men i revidert budsjett 2019 fekk LNK 1,2 millionar ekstra i støtte til drift av Framtida.no og Framtidajunior.no. Det gjer økonomien meir føreseieleg.

I 2019 har Framtida.no leia eit stort journalistikk-prosjekt med støtte frå Fritt Ord, der avisa har skrivne mange artiklar om klima, lokale klimaløysingar og klimarisiko i samarbeid med Landsslaget for lokalavisar, Energi og Klima og ABC Nyheter. Det har gjort at fleire bokmålsaviser har publisert Framtida.no-artiklar på nynorsk.

Framtida.no har elles kurs i debattleiing og bokbad for unge som eit satsingsområde, og har òg vore med på å arrangere fleire debattmøte, bokbad og seminar.

Framtidajunior.no og Framtida junior

Landssamanslutninga av nynorsk kommunar driv Framtidajunior.no og papiravisa Framtida Junior. Nettstaden blei offisielt opna 17. oktober 2017. To journalistar jobbar dedikert med denne nettstaden, Christian Wiik Gjerde i Oslo og Janne Nerheim i Skånevik og på Stord. Svein Olav Langåker er redaktør. I 2019 var nær 90.000 innom nettstaden, ein auke på nesten 20.000 frå året før. Framtidajunior.no opplever auke i bruken både i skulen og i fritida.

I samarbeid med Hallingdølen, Hordaland, Os og Fusaposten, Sogn Avis, Sunnhordland og ABC Startside starta LNK opp papiravisa Framtida junior i november 2017. Avisa kjem kvar 14. dag til abonnentar over heile landet. Kring halvparten av avisa er henta frå nettutgåva, resten er unikt innhald som teikneseriar, kvissar og reportasjar og artiklar frå lokalavisene. Målet er at inntektene frå abonnementssal vil gje eit bidrag til meir journalistikk på nynorsk for barn gjennom Framtida junior. Slik det er no går det akkurat rundt, men papiravisa er avhengig av auka tal på abonnement for å halda fram. Lokalavisene har allereie bidrege mykje inn i samarbeidet, med både gratis marknadsføring og produksjon av nesten halvparten av innhaldet til papiravisa.

Kringkastingsringen

Kringkastingsringen er ein medlemsorganisasjon som arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal ha sitt rettkome rom i norsk massemedia. Viktigaste er at NRK skal ha minst 25 % i sendingane sine og på nettsidene sine. Difor var det svært gledeleg at statskanalen greidde 25,2 % i 2019. No skriv ikkje dette seg aleine frå innsatsen til Kringkastingsringen, men me vel å tru at me var sandkornet i vektskåla.

Me har i perioden hatt fleire opne møte; om NRK sine nettsider, om Lovleg-serien og om nynorsk i riksavisene. Me gjev ut bladet Kringom, som fekk eit ørlite løft i 2019, då det no følgjer med eit kryssord.

Me har som vanleg hatt møte med kringkastingsjef Thor Gjermund Eriksen og resten av leiinga i NRK. Dette er fellesmøte saman med Mållaget og NMU, og det samarbeidet fungerer godt. Organisasjonen deler også kontor med ovannemnde organisasjonar.

Eli Kari Gjengedal fekk Kringkastingsprisen i 2018. Året etter var turen komen til Ronny Brede Aasen, som vel dermed har fått det som finst av nynorske media-priser.

Organisasjonen har no om lag 700 medlemmer. Organisasjonen driv heilt utan offentleg støtte, og er heilt avhengig av medlemspengar og gåver. Heldigvis har organisasjonen dei beste medlemmene.



Stadig meir nynorsk å sjå i Verdens Gang. (Skjermdump)

Guro Kvalnes var styreleiar i 2018. I 2019 var Kathrine Nygård styreleiar.

Anne Svanaug Straume var dagleg leiar fram til august 2018. Sidan den gong har Kjartan Helleve hatt den stillinga. Eller halve stillinga, som det strengt tatt er.

Studieforbundet kultur og tradisjon

Noregs Mållag er medlem i Studieforbundet kultur og tradisjon, saman med 41 andre frivillige organisasjonar. Studieforbundet jobbar for at alle skal kunna verta kjent med og læra kulturuttrykk og folkelege tradisjonar, og legg til rette for utvikling og finansiering av eit mangfaldig og godt opplæringstilbod.

Medlemsorganisasjonane og Studieforbundet held kurs over heile landet. Størsteparten av kurs har eit lokallag som arrangør. Studieforbundet har ansvar for studieplanane som skal kvalitetssikre kursa og deltek i opplæring av kursarrangørar, kurslærarar og anne organisasjonsutviklingsarbeid. For studieforbundet er det viktig å sikra eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Studieforbundet kultur og tradisjon er ein stor kursarrangør, og har ein jamn vekst i kursaktivitet. I 2019 gjennomførte medlemsorganisasjonane nærare 170.000 kurstimar med om lag 40.000 deltakarar fordelt på vel 5000 kurs. Noregs Mållag hadde 14 kurs i 2019 på til saman 376 timar, med 79 deltakarar. I 2018 hadde Noregs Mållag ni kurs på til saman 189 timar, med 60 deltakarar. Opplæringa vert organisert gjennom lokale lag og foreiningar i medlemsorganisasjonane våre.

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK)

Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen hadde ved årsskiftet 126 medlemmer, det høgaste medlemstalet i organisasjonens historie. Grunna kommune- og regionreformene er medlemstalet no redusert til 107. Av desse medlemmene er 86

kommunar, 3 fylkeskommunar og 18 interkommunale tiltak.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk språk innafør alle sektorar i det offentlege. Medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med språkopplæring, nynorsk for barn og unge og det å visa samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. LNK arbeider elles mykje med informasjonstenester og omdømmebygging i kommunane.

LNK tilbyr nynorskkurset «På saklista» gratis til medlemene, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet. Kurset er kvalitets-sikra av Høgskulen på Vestlandet (HVL) og arrangerte i samarbeid med Fagforbundet.

LNK held kontakten med medlemene mellom anna gjennom e-brev og sosiale medium. I tillegg driv organisasjonen nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Pirion.no, Startside.no, Framtida.no og Framtidajunior.no (dei tre siste saman med ABC Startside). LNK driv òg papiravisa Framtida jr. saman med fem lokalaviser.

Magasinett

Magasinett blei starta i 1997 av Landssamanslutninga av nynorskkommunar og Noregs Mållag.

LNK v/Framtida.no tok over den redaksjonelle drifta av nettidsskriftet i 2012. Magasinett.no og Framtida.no er framleis dei einaste ungdomsretta nettstadene som er redigerte på nynorsk.

Magasinett skal gje aktuelle og relevante nynorske tekstar til bruk i ungdomsskule og vidaregåande, og arrangerer 3–4 skrivekonkurransar i året i lag med Framtida.no. Desse er svært populære og får fleire hundre bidrag.

Magasinett opplever framleis auke i brukartalet, og hadde over 115.000 brukarar i 2018 og over 122.000 brukarar i 2019.

LNK har i fleire år hatt ein avtale med Fagforbundet som sikrar midlar til marknadsføring og vidareutvikling av Magasinett. Stiftinga Magasinett er elles finansiert gjennom prosjektilskot frå Utdanningsdirektoratet. Frå 2018 har Utdanningsdirektoratet slutta å gje driftsstøtte, og erstatta dette med prosjektstøtte. Magasinett har søkt om prosjektstøtte for 2020, men det er enno usikkert korleis dette vil slå ut. Ein eventuell nedgang i støtta vil gå ut over tilbodet til både Magasinett og Framtida.no.

Noregs Ungdomslag

Noregs Ungdomslag (NU) blei skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med om lag 14 000 medlemmar i 350 lag over heile landet. 250 av laga har eige hus, gjerne kalla ungdomshus. Gjennom folkelege kulturaktivitetar skal NU skape engasjement og levande lokalmiljø. I ungdomslaga er det stort mangfald og ingen

krav om å halde på med ein spesiell type aktivitet, men tradisjonelt har dei største aktivitetane vore teater, dans, musikk og bunadsarbeid. Eit fellestrekk for alle lag er at dei jobbar med å skape betre lokalsamfunn gjennom meningsfylte kulturaktivitetar, både på bygda og i byane. Ungdomslaga skal vere frilynde – altså opne og inkluderande. Dei er òg tradisjonsberarar og demokratiske oppbygde.

Norsk Barneblad

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut mest utan avbrot sidan det blei skipa i 1887.

Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn i alderen 8–12 år. I 2020 fekk vi ny bladbunad og nytt format.

Norsk Barneblad har eigne nettsider, vi har eiga side på Facebook og er på Instagram.

Bladet inneheld teikneseriar, vitsar, kryssord, fortellingar, reportasjar og aktivitetsstoff.

Norsk Barneblad tilbyr lærerik og underholdande sakprosa på nynorsk.

I tillegg til bladet lagar også Norsk Barneblad julehefta Smørbukk og Tuss & Troll.

Fire gonger i året vert Norsk Barneblad, med eit ekstra bilag, sendt ut som medlemsblad for barnemedlemene i Noregs Ungdomslag.

Mange lokallag i Noregs Mållag kjøper inn klassesett til lokale skular. Dette er viktig målarbeid som me er svært takksame for.

Styreleiar er Siri Beate Gjerde, ansvarleg redaktør og dagleg leiar er Nana Rise-Lynum.

Nynorsk kultursentrum

Med tilstellingar i 78 kommunar frå Tromsø i nord til Lillesand i sør turnerte Nynorsk kultursentrum i fleire kommunar enn Riksteatret i 2019. Nynorsk er språket for heile landet, og stiftinga skal spreie nynorsk kultur til heile landet. Nasjonale kulturinstitusjonar må vere til stades der folk er. Folk er i heile landet, og folk er framleis både analoge og digitale.

Nynorsk kultursentrum har fast verksemd i Ivar Aasen-tunet i Ørsta på Sunnmøre, Olav H. Hauge-senteret i Ulvik i Hardanger og Vinje-stoga i Vinje i Telemark. Inngangspengar for medlemmer i Noregs Mållag er 70 kr. 38 gratis vandrestillingar er tilgjengelege til utlån for museum, bibliotek, ungdomslag, mållag og andre. Fem produksjonar er på turné i Den kulturelle skulesekken.

Gjennom mange samarbeid har Nynorsk kultursentrum vore ein av dei største aktørane i Bokåret 2019. Vi deltok for å vise at den norske bokhistoria alltid har vore fleirspråkleg. Gjennom året presenterte stiftinga mellom anna litteratur for ungar i Setesdalsheiane, song

salmar i Romsdalen, snakka om songbøker i Valdres, hadde ei utstilling om kyrkjespråk i Tromsø og lét ein songlyrikar møte ein skriftlyrikar i Stavanger.

Det krevst både kløkt, kunst og kunnskap for å sikre eit språkleg mangfald og eit tolerant samfunn i framtida. Nynorsk kultursentrum arbeider både politisk og kulturfagleg med å gjere det nynorske skriftspråket og dei norske dialektane til ein del av flest moglege kvardagar – også i framtida.

Nynorsk kultursentrum driv også det digitale leksikonet Allkunne, allkunne.no. Gjennom nettsidene og sosiale medium formidlar vi over 26 000 artiklar om alt frå ferskvassfisk til nynorsk kulturhistorie. Nettstaden tunkatten.no har songar og forteljingar for barnehage- og småskuleborn. På handlenett.no driv vi ein eigen nynorsk nettbutikk og i 2019 lanserte vi dei nye nettsidene våre, nynorsk.no.

Nynorsk kultursentrum deler ut to prisar og eitt stipend. I 2018 blei generalsekretær i Høgre John-Ragnar Aarset Årets nynorskbrukar. I 2019 var det frisørkjedene Floke og Balanzera. Årets Storegut 2018 var Olav Vesaas og 2019 Linda Eide. Olav H. Hauge-stipendet for unge lyrikarar blei i 2018 delt ut for første gong. Det var Erlend O. Nødtvedt som fekk prisen. I 2020 blir stipendet delt ut på nytt.

Dei nynorske festspela blir arrangert 11.–14. juni 2020 i Ørsta og Volda, Litteraturdagane i Vinje er 23.–25. august 2020 og Ulvik poesifestival kan du vitje 11.–13. september 2020.

Stiftinga Nynorsk kultursentrum er skipa av fem nynorskorganisasjonar, fire kommunar, fire fylkeskommunar, fire universitet, to høgskular, eit museum, ein folkehøgskule og eit forskingsinstitutt. Lodve Solholm er styreleiar. Per Magnus F. Sandmark er direktør. Per Halse er rådsordførar. Direktøren er sekretær for Nynorsk forum, som koordinerer politisk påverknadsarbeid mellom 17 nasjonale nynorskorganisasjonar.

NRK Nynorsk mediesenter

Per 1. mars 2020 har NRK Nynorsk mediesenter lært opp 155 nynorskbrukande journalistar sidan 2004, og 58 prosent av dei arbeider i media. 40 % arbeider i NRK, og dei fordeler seg nokså jamt mellom distrikts- og riksnettet. 13 prosent arbeider i aviser og på nettstader, fire prosent i andre media (TV 2 og ulike produksjonsselskap). 18 prosent arbeider med språk og informasjon på ulike felt. Om du vil vite meir om kvar tidlegare nynorskpraktikantar arbeider, finn du det på nynorskmediesenter.no.

Søknadsfristen for haustkullet er 15. april og for vårkullet 15. oktober. Me tek inn fem på kvart kull. Nynorskpraktikantane får opplæring i nett, sosiale medium, radio og fjernsyn, og praksis i redaksjonen til NRK Vestland i Førde. Til slutt har dei to månaders praksis i andre redaksjonar, i og utanfor NRK. Dei har

løn i dei seks månadane praktikanttida varer, men korriger bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etterpå.

Stiftinga Nynorsk avissenter

Praktikantar frå Nynorsk avissenter er etterspurde i ein mediebransje som treng nynorskskrivande journalistar med høg digital kompetanse. Fleirtalet av tidlegare praktikantar frå avissenteret arbeider i dag med journalistikk, medan mange også er kommunikasjonsrådgjevarar og lærarar. Til sommaren vil i alt 59 praktikantar ha fått si opplæring ved Nynorsk avissenter sidan starten i 2013.

To gonger i året tar Nynorsk avissenter inn 4–5 praktikantar, som på seks månader får ei intensiv og effektiv opplæring i journalistikk for avis, nett og sosiale medium. Firda i Førde er vertssavis i fire månader. Deretter ventar to månader praksis i sjølvvald avisredaksjon. Teori og praksis går hand i hand. Mange førelesingar er felles med NRK Nynorsk mediesenter, som har ei tilsvarande opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Nokre kurs og førelesingar er også opne for etablerte journalistar. I tillegg har Nynorsk avissenter siste året samarbeidd med NRK om språkkurs ute i avisredaksjonar.

Bak stiftinga står Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og Firda Media. Føremålet er å styrkje rekruttering, nyskaping og utvikling i aviser og andre medium som publiserer på nynorsk. Drifta er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media. Søknadsfrist for nye praktikantar er 15. april og 15. oktober.


Nynorsk pressekontor (NPK)

«Meir på nynorsk til fleire», er visjonen til oss i Nynorsk pressekontor. Og dette på ein slik måte og med eit innhald som gjer at også dei som til vanleg ikkje les eller bryr seg om nynorsk, skal få lyst til å lesa sakene våre.

Stiftinga Nynorsk pressekontor, i daglegtale Nynorsk pressekontor, leverer nyheiter på nynorsk til media av alle slag, både på nett og papir.

Me er i 2020 seks fast tilsette, og har vore i drift sidan 1969. Dei siste åra har me markert oss sterkare med fleire nyheitstenester til ein mediemarknad som er i stadig vekst og endring.

Stiftinga Nynorsk pressekontor har sidan 2007 valt å samarbeida med Norsk Telegrambyrå (NTB) for å best kunna arbeida for å auka bruken av nynorsk i media. Samarbeidet gjer oss i stand til å levera betre vilkår for nynorsk i media og styrkjer NPK i møtet med endra krav om utvikling og tilbod. For å sikra at nynorsk er eit velfungerande og fullverdig språk er det viktig at språket er synleg i media.



Facebook-sida til Noregs Mållag var emne i til eksamen våren 2019.

Automatisering av innhald og digitalisering av journalistikken er to område me har og vil satsa på i tida framover gjennom utvikling av nynorskroboten. Slik legg me til rette for det nynorske språket i medium landet over.

Jan Inge Fardal har sidan 1. februar vore redaktør og dagleg leiar, medan Tom Hetland held fram som styreleiar.

Pirion

I februar 2001 skipa LNK, saman med Noregs Mållag, stiftinga Pirion.

LNK v/Framtida.no tok over det redaksjonelle ansvaret for bladet i 2015. Redaktør er Svein Olav Langåker. I tillegg har me invitert fleire spaltistar for å gje eit spenn og ulike syn på språk, litteratur og barne- kulturformidling. Saman med LNK og Framtida.no, utførte Pirion hausten 2019 ei undersøking om bruk og formidling av nynorsk litteratur i skulebibliotek og folkebibliotek. Undersøkinga viste at publikum har blitt meir positive til nynorsk litteratur dei siste åra.

Pirion samarbeidde også med LNK og Framtida.no og Framtidajunior.no om fleire tiltak i samband med Bokåret 2019. I samarbeid med Nynorsksenteret blei dei beste nynorske barnebøkene sidan 2000 innan fleire sjangrar kåra.

Pirion vert finansiert av driftsstøtte frå LNK og prosjekttilskot frå Utdanningsdirektoratet. Frå 2018 har Utdanningsdirektoratet slutta å gje driftsstøtte, og har endra dette til prosjektstøtte. Pirion har søkt om prosjektstøtte, men det er enno usikkert korleis dette vil slå ut. Ein eventuell nedgang i støtta vil gå ut over tilbudet vårt.

I 2019 fekk Pirion nye nettsider. Målet er at pirion.no skal verta ein ressursbase med inspirasjon og materiell på nynorsk til dei som jobbar med barn i barnehage, SFO og grunnskulen 1.-4. klasse og bibliotekarar. Brukartalet gjekk opp etter omlegginga og enda på kring 10.000.

Styret til Pirion er sett saman av styreleiar Vidar Høviskeland (LNK), Vebjørn Sture (Noregs Mållag) og Siri Beate Gjerde (Norsk Barneblad).

Stille Stunder

Stille Stunder, bladet for heimen, skulen og kyrkja, kjem ut 6 gonger i året.


Tingartalet er no 3 297. I 2019 fekk bladet 540 nye tingarar.

Redaktør er Ivar Molde, forretningsfører er Rolf-Atle Rolfsnes og Knut O. Dale er formann i styret.

Vedlegg og statistikk

Nynorsk skulemål 1930-2017

For 1992, 1993 og 1994 ligg det ikkje føre rette tal. Det kjem av at statistikkføringa er endra etter at KUF tok over.



Skulemålet 2017–2019

Tabellen viser talet på kva hovudmål elevane i grunnskulen har og kor stor prosentdel som har nynorsk som hovudmål. «Andre» er elevar på internasjonale skular i Noreg der undervisninga skjer på andre språk enn norsk og samisk. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

| | 2017–2018 | 2018–2019 | 2019–2020 |
|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Bokmål | 551 216 | 554 519 | 554 492 |
| Nynorsk | 76352 | 76 137 | 75 245 |
| Samisk | 849 | 833 | 857 |
| Andre | 4614 | 4861 | 5656 |
| Samla | 633 029 | 636 350 | 636 250 |
| Nynorsk % | 12,06 | 11,96 | 11,83 |

Nynorsk og bokmål i fylka 2017–2019

Tabellen viser talet på nynorskelevar og bokmåselevar i kvart fylke og kor stor prosentdel av norskelevane som har nynorsk som hovudmål. Tal frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI).

| | 2017–2018 | | | | 2018–2019 | | | | 2019–2020 | | | |
|-------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|---------------|--------------|
| | BM | NN | SUM | %NN | BM | NN | SUM | %NN | BM | NN | SUM | %NN |
| Østfold | 34688 | 1 | 34689 | 0,00 | 34744 | 1 | 34745 | 0 | 34628 | 2 | 34630 | 0 |
| Akershus | 81727 | 4 | 81731 | 0,00 | 82630 | 1 | 82631 | 0 | 82952 | 0 | 82952 | 0 |
| Oslo | 66428 | 0 | 66428 | 0,00 | 67435 | 0 | 67435 | 0 | 67812 | 2 | 67814 | 0 |
| Hedmark | 21612 | 2 | 21614 | 0,01 | 21729 | 4 | 21733 | 0,01 | 21505 | 9 | 21514 | 0,04 |
| Oppland | 17434 | 3591 | 21025 | 17,08 | 17319 | 3483 | 20902 | 16,66 | 17082 | 3373 | 20455 | 16,49 |
| Buskerud | 33243 | 704 | 33947 | 2,07 | 33335 | 679 | 34014 | 2 | 33329 | 636 | 33965 | 1,88 |
| Vestfold | 29306 | 0 | 29306 | 0,00 | 29439 | 0 | 29439 | 0 | 29538 | 0 | 29538 | 0 |
| Telemark | 17984 | 1889 | 19973 | 9,46 | 17968 | 1884 | 19852 | 9,49 | 17792 | 1862 | 19654 | 9,47 |
| Aust-Agder | 13883 | 697 | 14580 | 4,78 | 14136 | 684 | 14820 | 4,61 | 14147 | 678 | 14825 | 4,57 |
| Vest-Agder | 23140 | 717 | 23857 | 3,01 | 23279 | 737 | 24016 | 3,07 | 23353 | 712 | 24065 | 2,96 |
| Rogaland | 47823 | 14230 | 62053 | 22,93 | 48222 | 14436 | 62658 | 23,03 | 48521 | 14362 | 62883 | 22,84 |
| Hordaland | 38871 | 24413 | 63284 | 38,58 | 39106 | 24433 | 63539 | 38,45 | 39190 | 24346 | 63536 | 38,32 |
| Sogn og fj | 275 | 13720 | 13995 | 98,04 | 283 | 13632 | 13915 | 97,97 | 277 | 13337 | 13614 | 97,97 |
| Møre og R | 16179 | 16367 | 32546 | 50,29 | 16472 | 16158 | 32630 | 49,51 | 16218 | 15917 | 32135 | 49,53 |
| S-Trøndelag | 36586 | 14 | 36600 | 0,04 | 53859 | 4 | 53863 | 0,01 | 54269 | 2 | 54271 | 0,01 |
| N-Trøndelag | 17019 | 0 | 17019 | 0,00 | | | | | | | | |
| Nordland | 27901 | 0 | 27901 | 0,00 | 27791 | 0 | 27791 | 0 | 27468 | 1 | 27469 | 0,01 |
| Troms | 19128 | 3 | 19131 | 0,02 | 19013 | 0 | 19013 | 0 | 18865 | 4 | 18869 | 0,01 |
| Finnmark | 7989 | 0 | 7989 | 0,00 | 7759 | 0 | 7759 | 0 | 7546 | 1 | 7547 | 0,01 |
| Sum | 551216 | 76352 | 627568 | 12,17 | 554519 | 76137 | 630785 | 12,07 | 554492 | 75244 | 629736 | 11,95 |

Skulemålsrøystingar 2008–2019

| Dato | Krins | Kommune | Røysteføre | Nynorsk | Bokmål | Vedtak |
|-----------------------------|----------------|-------------|------------|---------|--------|---------------|
| INNLANDET | | | | | | |
| 22.08.11 | Skåbu | Nord-Fron | 431 | 150 | 95 | Nynorsk |
| 12.03.12 | Otta | Sel | 3023 | 76 | 103 | Bokmål |
| 23.05.12 | Fagernes | Nord-Aurdal | 5050 | 196 | 348 | Bokmål |
| 09.09.13 | Sel | Sel | | 114 | 84 | Nynorsk |
| 09.09.13 | Heidal | Sel | | 275 | 138 | Nynorsk |
| 07.11.16 | Engjom/Fjerdum | Gausdal | 1850 | 78 | 295 | Bokmål |
| 26.11.18 | Otta | Sel | 3587 | 92 | 232 | Bokmål |
| VIKEN | | | | | | |
| 14.04.15 | Hovet/Holet | Hol | 1002 | 121 | 298 | Bokmål |
| 28.04.14 | Holet | Hol | 580 | 124 | 58 | Nynorsk |
| VESTFOLD OG TELEMARK | | | | | | |
| 01.10.08 | Rygi | Notodden | 1400 | 15 | 134 | Bokmål |
| 01.10.08 | Gransherad | Notodden | 700 | 35 | 65 | Bokmål |
| 17.03.10 | Attrå | Tinn | 1312 | 109 | 191 | Bokmål |
| 17.03.10 | Hovin | Tinn | 195 | 35 | 65 | Bokmål |
| 05.-06.05.13 | (Fire skular) | Sauherad | | 197 | 302 | Bokmål |
| AGDER | | | | | | |
| 03.05.10 | Åmli | Åmli | 1420 | 360 | 334 | Bokmål |
| 03.05.10 | Dølemo | Åmli | 261 | 75 | 44 | Bokmål |
| 12.12.14 | Kvinlog | Kvinesdal | 442 | 166 | 79 | Nynorsk |
| 13.02.17 | Tonstad | Sirdal | 1066 | 333 | 156 | Nynorsk |
| ROGALAND | | | | | | |
| 14.05.12 | Sola | Sola | 842 | 44 | 17 | Bokmål |
| 22.09.15 | Malmheim | Sandnes | 796 | 59 | 136 | Bokmål |
| 16.06.16 | Grinde | Tysvær | 1544 | 147 | 78 | Vedtak utsett |
| 16.06.16 | Tysværåvåg | Tysvær | 1221 | 122 | 39 | Vedtak utsett |
| 16.06.16 | Førland | Tysvær | 506 | 50 | 19 | Vedtak utsett |
| 20.02.17 | Høle | Sandnes | 746 | 153 | 132 | Nynorsk |
| 11.09.17 | Orstad | Klepp | 1446 | 351 | 506 | Bokmål |
| 09.09.19 | Oltedal | Gjesdal | 773 | 211 | 173 | Nynorsk |
| VESTLAND | | | | | | |
| 31.05.10 | Træet | Askøy | 949 | 130 | 80 | Nynorsk |
| 31.05.10 | Fauskanger | Askøy | 690 | 105 | 96 | Nynorsk |
| MØRE OG ROMSDAL | | | | | | |
| 10.03.10 | Batnfjord | Gjemnes | 1477 | 301 | 420 | Bokmål |
| 17.03.10 | Øvre Rindal | Rindal | 443 | 63 | 89 | Bokmål |
| 06.07.11 | Torvikbukta | Gjemnes | | 74 | 123 | Bokmål |
| 12.09.11 | Halsa | Halsa | | 180 | 587 | Bokmål |
| 11.09.17 | Gjøra | Sunnadal | 194 | 36 | 86 | Bokmål |
| 20.09.18 | Blindheim | Ålesund | 3691 | 139 | 181 | Bokmål |
| 09.09.19 | Løykja | Sunnadal | 673 | 173 | 197 | Bokmål |
| 09.09.19 | Ålvundfjord | Sunnadal | 820 | 292 | 193 | Nynorsk |
| 18.11.19 | Julsundet | Aukra | 750 | 90 | 114 | Nynorsk |
| TRØNDELAG | | | | | | |
| 29.09.10 | Vålen | Steinkjer | 215 | 60 | 78 | Bokmål |
| 24.11.14 | Jåren-Råbygda | Skaun | 350 | 62 | 89 | Bokmål |

Lag og medlemstal Noregs Mållag

| LAG | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | ENDRING | |
|-----------------------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|------------|--------------|
| 100 AUSTMANNALAGET | 510 | 532 | 532 | 524 | 542 | 603 | 629 | 663 | 34 | 5,4 % |
| 101 Alvdal og Tynset M. (-20: Nord-Østerdal d&m.)25 | 24 | 23 | 21 | 22 | 23 | 22 | 39 | 17 | 77,3 % | |
| 102 Hadeland dialekt- og mållag | 24 | 30 | 31 | 34 | 36 | 36 | 39 | 44 | 5 | 12,8 % |
| 103 Elverum dialekt- og mållag | 11 | 10 | 12 | 11 | 11 | 11 | 15 | 16 | 1 | 6,7 % |
| 104 Folldal Mållag | 33 | 35 | 34 | 32 | 30 | 32 | 35 | 41 | 6 | 17,1 % |
| 105 Lillehammer Mållag | 46 | 44 | 40 | 40 | 39 | 47 | 52 | 52 | 0 | 0,0 % |
| 106 Gjøvik og omland Mållag* | 3 | 5 | 5 | 5 | 6 | 6 | 6 | 6 | 0 | 0,0 % |
| 107 Hamar Dialekt- og Mållag | 42 | 55 | 55 | 57 | 57 | 63 | 63 | 72 | 9 | 14,3 % |
| 108 Mållaget Ivar Kleiven | 100 | 100 | 97 | 99 | 110 | 108 | 118 | 118 | 0 | 0,0 % |
| 110 Nord-Fron Mållag (gått inn i Fron Mållag) | | 49 | | | | | | | | |
| 111 Ringebru Mållag* | 6 | 5 | 5 | 4 | 4 | 4 | 4 | 3 | -1 | -25,0 % |
| 112 Gausdal Dialekt- og Mållag | 39 | 40 | 40 | 36 | 40 | 46 | 49 | 48 | -1 | -2,0 % |
| 113 Lom og Skjåk Dialekt- og Mållag | 10 | 10 | 11 | 12 | 16 | 45 | 52 | 51 | -1 | -1,9 % |
| 114 Sør-Fron Dialekt- og Mållag (inn i Fron M.) | | 38 | | | | | | | | |
| 115 Toten Dialekt- og Mållag | 25 | 30 | 36 | 29 | 29 | 32 | 32 | 29 | -3 | -9,4 % |
| 116 Trysil Mållag | 6 | 6 | 6 | 6 | 8 | 7 | 6 | 6 | 0 | 0,0 % |
| 118 Odal Mållag* | 4 | 4 | 3 | 2 | 2 | 4 | 4 | 3 | -1 | -25,0 % |
| 119 Lesja og Dovre Dialekt- og Mållag | 38 | 37 | 36 | 37 | 36 | 38 | 39 | 36 | -3 | -7,7 % |
| 120 Fron Mållag | | 87 | 90 | 90 | 89 | 94 | 87 | 91 | 4 | 4,6 % |
| 199 Direktemedlemmer Austmannalaget | 11 | 10 | 8 | 9 | 7 | 7 | 6 | 8 | 2 | 33,3 % |
| 200 VALDRES MÅLLAG | 226 | 242 | 243 | 239 | 246 | 275 | 273 | 285 | 12 | 4,4 % |
| 201 Etnedal Mållag | 38 | 36 | 37 | 32 | 34 | 34 | 31 | 34 | 3 | 9,7 % |
| 202 Nord-Aurdal Mållag | 86 | 103 | 100 | 100 | 97 | 105 | 107 | 107 | 0 | 0,0 % |
| 204 Sør-Aurdal Mållag | 24 | 25 | 23 | 24 | 28 | 28 | 26 | 24 | -2 | -7,7 % |
| 205 Vang Mållag | 33 | 32 | 37 | 34 | 32 | 44 | 50 | 50 | 0 | 0,0 % |
| 206 Vestre Slidre Mållag | 18 | 19 | 21 | 21 | 22 | 27 | 24 | 32 | 8 | 33,3 % |
| 207 Øystre Slidre Mållag | 26 | 25 | 24 | 26 | 31 | 36 | 35 | 38 | 3 | 8,6 % |
| 299 Direktemedlemmer Valdres Mållag | 1 | 2 | 1 | 2 | 2 | 1 | 0 | 0 | 0 | |
| 300 BUSKERUD MÅLLAG | 391 | 378 | 374 | 403 | 399 | 429 | 394 | 416 | 22 | 5,6 % |
| 301 Drammen og Eiker Mållag | 42 | 45 | 44 | 47 | 49 | 56 | 53 | 56 | 3 | 5,7 % |
| 302 Gol Mållag | 47 | 48 | 44 | 48 | 46 | 45 | 48 | 48 | 0 | 0,0 % |
| 303 Hemsedal Mållag | 106 | 92 | 91 | 94 | 90 | 107 | 92 | 97 | 5 | 5,4 % |
| 304 Hol Mållag (gått inn i Ål) | 39 | 39 | 37 | 38 | 39 | 41 | 34 | | -34 | -100,0 % |
| 307 Numedal Mållag | 29 | 27 | 38 | 46 | 50 | 49 | 46 | 55 | 9 | 19,6 % |
| 308 Ål og Hol Mållag (slått saman i 2019) | 119 | 118 | 113 | 122 | 119 | 124 | 114 | 154 | 40 | 35,1 % |
| 399 Direktemedlemmer Buskerud Mållag | 9 | 9 | 7 | 8 | 6 | 7 | 7 | 6 | -1 | -14,3 % |
| 400 FYLKESMÅLLAGET VIKVÆRINGEN | 1332 | 1342 | 1278 | 1329 | 1427 | 1495 | 1492 | 1629 | 137 | 9,2 % |
| 401 BUL i Oslo | 416 | 458 | 439 | 461 | 502 | 439 | 444 | 538 | 94 | 21,2 % |
| 402 Bærum Mållag | 70 | 69 | 74 | 75 | 86 | 94 | 92 | 118 | 26 | 28,3 % |
| 405 Oslo Mållag | 443 | 437 | 406 | 433 | 456 | 556 | 562 | 565 | 3 | 0,5 % |
| 406 Teatermållaget | 53 | 50 | 47 | 49 | 45 | 44 | 43 | 40 | -3 | -7,0 % |
| 407 Asker Mållag | 34 | 34 | 27 | 26 | 34 | 37 | 33 | 40 | 7 | 21,2 % |
| 409 Øvre Romerike Mållag* | 41 | 33 | 30 | 31 | 34 | 34 | 32 | 33 | 1 | 3,1 % |
| 410 Ås Mållag | 68 | 63 | 61 | 59 | 66 | 69 | 65 | 64 | -1 | -1,5 % |
| 412 Lørenskog Mållag* | 16 | 13 | 15 | 16 | 14 | 13 | 14 | 15 | 1 | 7,1 % |
| 413 Follo Mållag | 51 | 47 | 42 | 47 | 43 | 51 | 50 | 47 | -3 | -6,0 % |
| 414 Sandefjord og Sandar Mållag | 83 | 87 | 87 | 79 | 85 | 91 | 90 | 99 | 9 | 10,0 % |
| 415 Nøtterø Mållag* | 2 | 2 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 1 | 0 | 0,0 % |
| 416 Bakkenteigen Mållag* | 19 | 16 | 14 | 14 | 14 | 14 | 15 | 13 | -2 | -13,3 % |
| 499 Direktemedl. Fylkesm. Vikværingen | 11 | 9 | 8 | 8 | 9 | 8 | 7 | 7 | 0 | 0,0 % |

Vedlegg og statistikk

| LAG | 2012 | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | ENDRING | |
|----------------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-----------|--------------|
| 9807 Skedsmo Mållag | 25 | 24 | 27 | 30 | 38 | 44 | 44 | 49 | 5 | 11,4 % |
| 500 TELEMARSK MÅLLAG | 529 | 528 | 481 | 475 | 479 | 495 | 502 | 516 | 14 | 2,8 % |
| 501 Bø Mållag | 72 | 77 | 68 | 73 | 77 | 84 | 79 | 81 | 2 | 2,5 % |
| 502 Mållaget Dag | 56 | 54 | 52 | 51 | 48 | 51 | 47 | 43 | -4 | -8,5 % |
